



**Fylkesmannen i Hordaland**



**Årsrapport 2017**

## Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	6
1.4 Andre forhold	7
Sted, dato og fylkesmannens signatur	8
2 Introduksjon til embetets hovedtall	9
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	9
2.2 Organisasjon og ledelse	9
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	10
2.4 Andre forhold	13
3 Årets aktiviteter og resultater	14
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	14
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	14
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	15
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	15
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	16
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	16
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	16
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	19
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	20
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	21
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	21
3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptrappingsplan for rusfeltet 2016-2020	24
3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid	26
3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	27
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	27
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	28
3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	29
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	30
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket	31
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	32
3.1.1.15 Andre oppdrag	33
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	34
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	34
3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	34
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	35
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	35
3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktnings situasjonen	36
3.1.2.6 Andre oppdrag	36
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	36
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	36

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	39
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	41
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	43
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	44
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	44
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	45
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	45
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	45
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	45
3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet	45
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	45
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	45
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	45
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	45
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	45
3.2.9 Landbruksdepartementet	46
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	46
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	75
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	75
3.6 Andre forhold	75
4 Styring og kontroll i embetet	77
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	77
4.1.1 Embetets risikostyring	77
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	77
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	77
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	78
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	78
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	78
5 Vurdering av framtidssikter	80
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	80
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	81
5.3 Andre forhold	81
6 Årsregnskap	82

## 1 Fylkesmannens beretning

### 1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

#### Generelt

Fylkesmannsembetet har også i 2017 vore styrt ressurseffektivt, med kontinuerleg merksemd og avveging av bruken av ressursar på dei einiskilde oppgaveområda våre. Ettersom avbyråkratiserings- og effektivitetskrava gjer seg gjeldane, er det erfaringa vår at ressursane blir stendig knappare. I påvente av samanslåinga med fylkesmanns-embetet i Sogn og Fjordane har vi og vore meir kritiske til tilsetningar i ledige stillingar då vi ikkje veit kva effektivitetsgevinstar samanslåinga kan gi. I kombinasjon med klår underfinansiering av verjemåls-oppgåvene stiller det større krav til styring og prioritering. Vi ser generelt ein større konsentrasjon om det som er embetets kjerne-oppgåver, t.d rettstryggleiks- og tilsynsoppgåver.

Aktiviteten har vore høg i alle avdelingar, og det har vore arbeidd med god kvalitet i avgjerdene. Embetet har løyst embetsoppdraga med høg måloppnåing. Dei prioriterte oppgåvene er i all hovudsak gjennomførte innanfor ressursrammene. Volumkrav, t.d når det gjeld tilsyn er oppfylde. Sakshandsamingstidene for enkeltsaker er også i all hovudsak oppfylde, med eit visst unntak for verjemålssaker.

#### Utdanning

Året har vore prega av store saksmengder, ikkje minst som følge av ny handhevingsordning i skolemiljøsaker, men og på barnehageområdet. For å løyse embetet sine oppgaver innanfor dei fristane vi har, er det brukt betydeleg meir ressursar til saks- /klagebehandling enn tidlegare år. I skolemiljøsakene ser det ut til at stadig fleire skular har forståing for kva plikter dei har, men likevel er mange av sakene som kjem til Fylkesmannen mangelfulle kva gjeld undersøkingar og analyser av eleven sin situasjon. Når det gjeld tilrettelegging i barnehagar for barn med nedsett funksjonsevne er det eit godt og villig resultat at vi har fått eit stort tal klagesaker. Dette har gitt oss viktig kunnskap om tilstanden i kommunane, og eit nyttig grunnlag for vidare rettleingsarbeid for utsette barn.

Organisering og samhandlinga om desentralisert kompetansemødel har fungert sers godt. Kommunane, friskulane og UH har samle seg om Fylkesmannen sitt forslag til organisering. I tillegg har fylkeskommunen vore aktivt deltakande i all møteaktivitet.

#### Helse, omsorg, sosial og barnevern

Frå 2014 til 2017 har det vore nær 50 prosent auke i talet på klage- og tilsynssaker som gjeld helse- og omsorgstenestene. Saksbehandlinga er effektiv og forsvarleg, men tilsynsoppgåvene har krevd ein større del av ressursbruken og vi har hatt noko mindre kapasitet til andre oppgaver enn før. Vi meiner dessutan at når vi tilpassar aktivitetane våre i tilsynsarbeidet vårt til konkrete problemstillingar og legg større vekt på å bidra til læring og forbetring, er denne ressursbruken og aktivitetane i stor grad med på å bidra til å nå andre mål i oppdraget vårt. Vi legg stor vekt på medverknad frå barn og unge, pasientar, brukarar og pårørande og meiner ser at når tenestene får dette til, treff dei betre og den det gjeld får betre hjelp. Vi prioriterte saker som galdt rettstryggleik, tiltak for utsette barn og unge og barneverntenester. Som del av dette, arbeidde vi særleg med å betre kompetansen om regelverket som gjeld tvang og tiltak for rett og redusert bruk av tvang i barnevern og helse- og omsorgstenestene.

#### Verjemål

Embetet har i 2017 halde fram arbeidet med å vidareutvikle ei god førstelinjeteneste på verjemålsområdet og vi har arbeidd for å nå resultatmåla som er sett. Det har vore eit krevjande år med ein sær sars vanskeleg ressursituasjon i tillegg til auka inngang av nye saker. Embetet måtte i starten av 2017 redusere med fire årsverk for å tilpasse oss til redusert tildeling. Sakshandsamingstiden har innanfor fleire område vore for lang som følgje av den krevjande ressursituasjonen.

#### Klima, areal og transport

Byvekstavtalen for Bergen vart undertekna i juni og innleiar eit taktskifte for å nå nullvekstmålet. Kommunen arbeider no aktivt med dei store miljoutfordringane, som utbygging av bybanen og anna kollektiv transport, tiltak for å begrensa biltrafikken og ein strammare arealpolitikk der veksten skal skje i nokre avgrensa utbyggingsområde, ein ny parkeringspolitikk, og utskifting av gamle omnar. Dette er og vidareført i den nye kommuneplanen der 40 utbyggingsområde er tatt ut og 7000 dekar er tilbakeført til landbruks-, natur- og friluftsområde. Dette legg til rette for at arealdelen av kommuneplanen truleg kan eigegodkjennast i kommunen.

#### Landbruk

Stor aktivitet på forvaltning og kontrollarbeidet førte til auka ressursbruk på dette området, spesielt har store saker innanfor MRSA på svin vore krevjande. For landbruket generelt var året prega av klimatiske utfordringar for grasproduksjonen, noko som førte til store søknadsmengder knytt til klimabasert avlingsskade, og rettleiing ift gjødselhandtering. Store nedbørsmengder førte også til aukande interesse for - og kunnskap om skog i beredskapssamanheng ( vernskog), det blei i 2017 satt av ekstra ressursar til dette. Måloppnåing ift miljøvirkemidlane har vore gode, tilskota innanfor Regionalt miljøprogram har vist seg å vere viktige for drift av t.d. det bratte fruktlandskapet i indre fjordstrøk og organsiert beitebruk i fjellområda, dette blei eit viktig fokusområde i 2017. Fylkesmannen har også dette året prioritert å ha ressursar på tre- og trebruk, ein tredrivar som sørger for nettverksbygging, informasjonsarbeid og fagleg rettleiing på dette området. På matområdet var fokuset retta mot regionale nettverk og kontakten mellom mat / reiseliv.

#### Miljø

Det har vore høg aktivitet gjennom heile året. Oppgaver innan skjøtsel av verneområde, oppgaver innen marint vern og skogvern, opprydding i forureina sediment og arbeid med flaumsikring har krevd ekstra innsats. Sakshandsaming og tilsyn etter forureiningslova har aldri vore så omfattande som i 2017. Samarbeidet med vore nye kollegaer i Sogn og Fjordane er auka og vi leia kommunetilsynet i Sogn og Fjordane innan forsøpling. Samstundes vert kapasiteten rekna som fast tilsette redusert. Fagmidlar tildelt som driftsmidlar, investeringsmidlar og tilskotsmidlar er nytta på til viktige miljøtiltak i heile fylket.

### 1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

#### Nokre hovudprioritetar i 2017

##### Kommunereformen

Grunnlaget for ein framtidig og fornuftig kommunestruktur er lagt gjennom dei frivillige vedtaka om samanslåingar i Hordaland. Tretten kommunar er slått saman til fem, med eit gjennomsnittleg folketal på ca 24 000 innbyggjarar. Dei resterande 17 kommunane har eit gjennomsnittleg folketal på ca 4 800. Framtidige samanslåingar vil vere eit resultat av tid, naturleg dynamikk og politikk. Kontrasten i talstorleikane mellom samanslåtte og ikkje-samslåtte kommunar er ei utfordring som Fylkesmannen har begynt å arbeide med. Vi kan ende med stor spreiding mellom kommunane med tanke på tenestekvalitet og -kapasitet, modernisering og slagkraft.

Samanslåingsprosessen tvingar i seg sjølv dei fem nye kommunane til å utvikle ein ny og effektiv organisasjon med alle dei system-utfordringane, effektivitetskrava og forbetringane det krev. Fylkesmannen er merksam på at når det gjeld dei øvrige 17 kommunane, har dei ikkje same presset på seg. Mange av dei må og handtere ein situasjon der etablerte interkommunale samarbeid på ei rekke tenesteområde vert avvikla. Derfor har Fylkesmannen i 2017 byrja arbeidet med å syte for at alle kommunane så langt som mogeleg får tilbod om å delta i felles utviklingsprosjekt. I første omgang gjeld det digitalisering og IKT, jfr. nedanfor.

### Statleg samordning

Vi viser til det embetet i dei siste åras årsrapportar har skreve om statleg samordning, som vi meiner er svært viktig både i eit effektivitetsperspektiv, men også i eit teneste- og rettstryggleiks-perspektiv, der vi i årsmeldinga for 2016 også har vist til Produktivitetskommissjonens utgreiing, del 2, med omtale av fylkesmannen som eit naturleg sentrum for meir samordning av regionale statlege oppgåver og som mottakar av ytterlegare oppgåver frå sentral stat. Vi viser og til områdegjennomgangen av øremerka tilskot til kommunesektoren, der ei ekspertgruppe i rapport frå 19.12.2017 har gjort framlegg om ei meir samordna tilskots-forvaltning i fylkesmannens regi. Vi viser også til NIVI Rapport 2016:2 *En dør til staten for kommunene*. Rapporten peikar på tre hovud-prinsipp som begrunnar kvifor oppgåver bør leggest til fylkes-mennene: bindeledds-, samordnings- og effektivitetsprinsippet.

I 2017 er det for Fylkesmannen særleg to oppgåver som har vist seg svært vellukka for å få til samordning av staten sine oppgåver ovanfor kommunane.

Motsegnprosjektet, som Fylkesmannen har deltatt i frå starten i 2013, har vore særst vellukka både når det gjeld på kva måte statens medverknadsansvar er gjennomført på ovanfor kommunane og den måten prosjektet har gjort sitt til at kommunane møter ein samla stat på i arealplanlegginga. Prosjektet har ført til en smidig, effektiv, jam-stelt måte å arbeide med kommunale arealplanar på, der ein i dei aller fleste tilfella finn god løysingar, utan at staten treng bruke mot-segn som verkemiddel for å få gjennomslag for regionale og statlege planomsyn.

På same måte har ordninga med byvekstavtalar hatt svært positive effektar. For Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vart det inngått slik avtale med staten 01.09.2017. I avtaleforhandlingane har Fylkesmannen vore observatør, og hatt ei viktig rolle som premissleverandør når det gjelde arealelementet i avtalen. Avtalen har vore eit viktig instrument til å realisere arealføresetnadene i dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og dei regionale føresetnadene i Regional areal- og transportplan for bergensområde og Regional plan for attraktive senter i Hordaland. I Bergen kommune vil avtaleelementa i byvekst-avtalen nedfelle seg i kommuneplanens arealdel som det no blir arbeidd med i sluttfasen. Denne avtalen er eit god døme på den nødvendige intraksjonen mellom avtalen, og det som det er senje om der, og den aktuelle kommunen sin arealpolitikk slik den kjem til uttrykk i arealplanane som vert fatsette etter plan- og bygningslova. Som for motsegnprosjektet har arbeidet med byvekstavtalene fordra stor koordinasjon og samordning mellom statlege organ og interessar.

### IKT i kommunane

Vi viser til det som er sagt om kommunereforma, og Fylkesmannens arbeid med å syte for at alle kommunane så langt som mogeleg får tilbod om å delta i felles utviklingsprosjekt på grunn av endringar i samarbeidskonstellasjonar som følgje av endringar i kommune-strukturen.

Fylkesmannen, i samarbeid med KS, har difor fått i gang utviklings-prosjekt innanfor området IKT/ digitalisering områdevis i heile fylket. Det skal særleg nemnast prosjektet *Samordna regional digitalisering* i regi av Bergen kommune og i samarbeid med åtte andre samanslåingskommunar og Askøy kommune. I løpet av 2017 ekspanderte dette prosjektet i og med kontakt med øvrige delar av kommunesektoren med sikte på å utvikle prosjektet til å fange opp alle kommunane i Hordaland. På slutten av 2017 tok Fylkesmannen initiativ til å starte opp utviklingstiltak for ei fellessatsing innan IKT, som skal femne om heile eller store delar av fylket. Modellen for ei slik mogeleg fellesskapsløysing vil truleg verte bygd på det utviklings-arbeidet som er gjort i Nordhordland IKT over seks-sju år. Det omfattar ti kommunar og ca 53 000 innbyggjarar. I eit effektivitets- og tenesteperspektiv for innbyggjarane ser Fylkesmannen det som særst viktig at den digitale utviklinga i kommunane utviklar seg nokonlunde på same måte i alle kommunane. Dette er siktemålet med Fylkesmannens arbeid på dette området, og vi viser til Regjeringas IKT -strategi og det i denne det som gjeld utviklinga i kommunane.

### Øremerka tilskot

Fylkesmannen har også i 2017 arbeidd med å forbetre forvaltninga av dei øremerka tilskota som blir tildelt kommunane gjennom Fylkesmannen. Målsettinga har vore å få til ei meir effektiv og retts-sikker tilskotsforvaltning. For det vidare arbeidet avventar vi no samanslåinga med fylkesmannsembetet i Sogn og Fjordane for å etablere eit felles system for det nye fylkesmannsembetet. Vi avventer også resultatet av handsaminga av områdegjennomgangen av øremerka tilskot til kommunesektoren, jf rapport av 19.12.2017 frå eit ekspertutval.

### Fylkesmannsreforma

Regjeringa vedtok 10.03.2017 å slå saman fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane til eitt embete med delt lokalisering i dei to fylka. Kontorstaden for det øvste leinga i embetet var deretter fastsett å ligge i Leikanger. Det var lagt til grunn at det skal vere om lag like mange tilsette på lokasjonen i Sogn og Fjordane som i dag.

Rapport frå den sentrale arbeidsgruppa var ferdig 30.08.2017.

Den lokale omstillingsgruppa var oppretta ved KMDs brev av 25.09.2017. I arbeidet i gruppa med organisasjonskartet har embetsleinga arbeidd etter i hovudsak desse prinsippa:

- Færre, og i alle fall ikkje fleire, avdelingar enn i dag – heilskapleg leiging
- Samordning – koordinering
- Større og færre avdelingar – større styrings- og kontrollspenn
- Større og fleire avdelingar – fleire og interessante, avdelingsvise oppgåver
- Kompetansemessige heilskapleg avdelingsstruktur

- Ein organisasjonsstruktur som legg til rette for ei balansert oppgåvefordeling
- Organisasjonsmessig rusta til å avgi og ta i mot nye oppgåver
- Lavare budsjettammer.

Arbeidet i den lokale omstillingsgruppa, med arbeidstakar- og arbeidsgivarrepresentasjon, har vore konstruktivt, med gode utsikter til senje før fristen 15. februar for å ha ferdigforhandla organisasjons-strukturen. Det har samstundes vore jamnlege møte mellom embets-leiingane i dei to embeta for å avklare og samordne synspunkta mellom dei to embeta.

Samstundes er det i 2017 oppstarta eit omfattande arbeid for å harmonisere og avklare ei lang rekke av administrative gjeremål og spørsmål. Det har vore svært ressurskrevjande, i tillegg til å handtere den stor saksmengda i embetet.

### Utdanning

Ny handhevingsordning i skulemiljøsaker fekk høgaste prioritet i 2017. Embetet har budd alle kommunane på lovendringa og kommunane sine plikter gjennom omfattande kursaktivitet. Embetet har omprioritert og auka bemanninga for å behandle sakene i tråd med regjeringa sine ambisjonar.

Vi har brukt store ressursar på informasjon om ny rammeplan/nytt regelverk om tilrettelegging i barnehagar noko vi ser i samanheng med den store mengda klager vi har behandla. I tillegg har den nye desentralisert kompetansemodellen fått høg prioritet, særleg siste halvår.

### Helse, omsorg, sosial og barnevern

Rettstryggleik, arbeid for å betre kunnskapen i tenestene om regelverk om tvang og tiltak for rett og redusert bruk av tvang har vore høgt prioritert. Innsatsen for å betre tilbod til utsette grupper, som barn i barnevernet, personar med rus og psykiske lidingar og eldre er vidareført. I 2017 arbeidde vi spesielt for at tenestene skal leggje til rette og vareta barn og unge sin rett til å bli høyrd og få medverke. Vi prioriterte spesielt alvorlege saker der barn og unge og andre utsette ikkje fekk den hjelpa dei hadde behov for, der tenestene ikkje fekk til samarbeidet om å yte tenestene og der det hasta med å få på plass god nok hjelp. Vi bidro til at tenestene fekk på plass raske løysingar med vekt på samarbeid og medverknad.

### Verjemål

I 2017 har vi arbeidd målretta med å sikre høg kvalitet i sakshand-saminga og halde ei god dagleg drift av verjemålsforvaltninga. Vi har prioritert oppnemning av verjer, utbetaling av kapital og utbetaling av godtgjering og utgiftsdekning, i tråd med embetsoppdraget. Vi har også prioritert å føre tilsyn og kontroll med faste verjer, og vi har hatt fleire opplæringstiltak. Vi har starta arbeidet med å gjennomgå verjeoppdrag med advokatsats. I 2017 er det berre oppnemnt advokatverjer i saker kor verjemålet krev juridisk bistand eller vurdert særskilt krevjande. Embetet har eit verjekorps på rundt 100 verjer og i fjor rekrutterte vi fleire nye. Eit profesjonelt verjekorps med gode og kompetente verjer er ein føresetnad for at verjemålsordninga skal fungere etter intensjonane, og dette krevjar god og målretta oppfølging frå verjemålsforvaltninga.

Vi syner og til Dokument 3:6 (2017-2018) *Riksrevisjonens undersøking av korleis verjemålsreforma er sett i verk*. Eit av hovudfunna er at IKT-problem har forseinka gjennomføringa av verjemålsreforma. Problema har bidrege til forseinkingar. Det skaper framleis utfordringar med å bygge opp t.d. den lokale styresmakta for verjemål og med å gjennomføre reforma.

### Landbruk

Tilskotsforvaltning blei i 2017 vidareført som eige risikoområde i embetet, og vi har fokusert på kvalitet og gjennomføring av forvaltninga. Forvaltningskontroll i kommunane har hatt stor merksemd. Vi ser resultat av desse kontrollane når det gjeld kvaliteten på det kommunale forvaltningsarbeidet. Det er vedteke ny handlingsplan på Inn på tunet i 2017, med hovudvekt på koordinering av Inn på tunet-arbeidet i kommunane og auka kunnskap om bruk av Inn på tunet-tenester. Vi har særleg satsing på barn og unge, psykisk helse/rus og dagtilbod for personar med demens. Utviklingsarbeid knytt til det tradisjonelle landbruket t.d. mjølkeproduksjonen, sau og frukt har vore prioritert, her har vi sett måloppnåing i dei prosjekta som har vore gjennomført knytt til auka produksjon. Arbeidet innanfor skog og trebruk har hatt ein spennande utvikling der begrep som vernskog er kome på dagsorden. Innan tresasting fokuserer vi på heile verdikjeden frå skog til bygg med vekt på små og mellom-store bedrifter i Hordaland.

### Miljø

Av dei prioriterte oppgåvene vil vi særleg nevne følgjande:

Det vert arbeid godt med reetableringsprosjekt som i Vossvassdraget og Modalsvassdraget, og Genbank Hardangerfjord for stammene av villaks og sjøaure langs Hardangerfjorden.

Arbeidet med etablering av tre kandidat område når det gjeld marint vern er avslutta frå vår side og vår tilråding er sendt Miljødirektoratet. I 2017 vart arbeidet med det største skogrestaureringsprosjektet i eit norsk verneområde gjennomført. Store bestandar av fem ikkje-stadeigne treslag vart fjerna ved maskinhogst i Ånuglo naturreservat. Embetet held fram det betydelege arbeidet med opprydding i forureina sediment, særleg i Bergen hamn, men og rundt skipsverft.

Det har vore ei auke i tal på saker etter forureiningslova, både sakshandsaming og tilsyn, noko som er effektivt handtert. Rutinane for offentlege kjøp og tildeling av tilskot er gjennomgått og oppdaterte.

### 1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

#### Generelt

Vi syner til omtalen under 1.1 der det er omtalt ei rekkje forhold, interne og eksterne, som har vore føresetnader for dei resultatane som er oppnådde, t.d. økonomi, eit breidt spekter av samarbeidskonstellasjonar mellom Fylkesmannen, andre statlege organ, kommunar, fylkeskommune, universitets- og høgskulesektoren m.m. (Det blir derfor kunstig å trekke dette ut som eige punkt i rapporteringa.)

#### Plan/areal

Vi finn grunn å presisere her betydningen av motsegnprosjektet og arbeidet med byvekstavtalar som er svært viktige verkemiddel for å oppfylle statens føresetnader om nullvekstmålet og statlege føresetnadene ellers i arealplanlegginga.

## Økonomiske føresetnader

Vi viser til omtalen under kap. 5 om den uvissa som rår når det gjeld dei økonomiske føresetnadene for å oppfylle embetsoppdraget. Fylkesmannen er innstilt på at det vert stilt effektivitetskrav. Det viktige er at dess vert bestemte og tydeleg kommuniserte, slik at vi veit innan kva rammer arbeidet skal foregå.

## Kommuneøkonomi

Den økonomiske situasjonen generelt for kommunane vurderer vi som god. Det har i 2017 ikkje vore nokre kommunar i Robek-registere. Det er berre nokre få kommunar som har utfordringar med å dekke inn tidlegare meirforbruk.

## Organisasjonsmessige endringar for andre statlege organ

Fylkesmannen arbeider for tida i eit organisatorisk landskap der det går føre seg betydelege organisatoriske endringa for øvrig stats-forvaltning. Vi viser til omtale av av dette under kap. 5.

## Barn og unge

Her er det særleg tre forhold som er aktuell å trekke fram. For det første har embetet vært offensiv i informasjonsarbeid om barnehage-lova sitt regelverket for barn med nedsett funksjonsevne. Dette har, slik vi tenkte, ført til mange klagesaker og eit godt grunnlag for å utvikle regelverksetterlevinga i barnehagane. For det andre har vi ført vidare embetet si ordning om månadlege møter med tema barn og unge (0-24). Innsatsen for utsette barn og unge blir såleis koordinert på tvers av avdelingane. Dette er ikkje minst viktig i saker som gjeld elevvar sitt skolemiljø der både barnevern, psykiatri og andre helserelatert problemstillingar er aktuelle. For det tredje har vi vald å redusere deltaking i møter og samlingar som krev reising og som difor i tid er svært ressurskrevjande.

## Helse, omsorg, sosial og barnevern

Tiltak for å bedre samarbeid og koordinering av tenester frå instansar som skal vareta barn og unge har vore høgt prioritert. Dette, saman med den store auken i klage- og tilsynssaker, har ført til at vi har hatt mindre kapasitet til andre oppgåver. Det har òg vore nødvendig å bidra til betre kunnskap om regelverk som gjeld bruk av tvang. I arbeidet har vi lagt vekt på å styrke styring og leiing, og ser at dette er viktig både for kvalitet og kapasitet på tenestene. For å løyse oppdraga har vi samordna dei så langt som råd, men har ikkje hatt kapasitet til så detaljert oppfølging som ønskjeleg på enkelte felt. Fylkesmannen har også tatt initiativ overfor kommunane i fylket for å etablere ei krisehandteringsordning innan barnevernet for heile fylket. Her varierer ordningane stort og dei er til dels utilfredsstillande med omsyn til tenesteyting i desse krevjande sakene. Kommunane har helsa dette initiativet velkomen, og Bergen kommune, med si barnevernvakt, vil stå sentralt i arbeidet og i den framtidige organiseringa.

### 1.4 Andre forhold

#### Kongehus, storting, regjering og utenlandske dignitærer

Hordaland, og spesielt Bergen, får mange vitjingar frå kongehuset, så også i 2017. I tillegg har Fylkesmannen til oppgåve å legge til rette for andre besøk.

I det følgjande vert offisielle vitjingar lista. Det same for «offisielle» synfaringar/fortroppsundersøkingar. Men, også for «mindre» arrangement, der slik synfaring ikkje er lista, vil det alltid vere forbesøk, møter o.a. med vertskap og politi. Dette kjem i tillegg til skriving av program, organisering av presse, samtalar med vertskap og hoffet, og mykje anna.

Offisielle besøk er svært ressurskrevjande.

Aktiviteten i 2017 var som følger:

4. januar

H.M. Dronninga til stades ved opninga av nytt fakultet v/UiB (design, musikk og kunst)

27. januar

Preliminært møte/befaring saman med Islands ambassadør og representantar frå Utanriksdepartementet ifm komande statsbesøk frå Island

1. mars

Fortropp ifm statsbesøk frå Island. Fylkesmannen saman med representantar frå Utanriksdepartementet, Islands presidentkontor, Det Kongelige Hoff, politiet Islands ambassadør til Noreg og Islands presidentkontor.

23. Mars

Statsbesøk frå Island – H.M. Kongen saman med den Islandske presidenten

24. og 25. april

Fortropp med Utanriksdep. og statsministeren sitt kontor i samband med planlegging av Nordisk stasministermøte i Bergen

22. – 25. mai

Festspela i Bergen. H.M. Dronninga er med på opninga av FiB, opning av eigen utstilling og Festsopilutstillinga i "Landmark" (25. mai). H.M. Kongen var med på opninga av FiB den 24. mai og forlot Bergen den 25. om morgonen

29. – 30. mai

Nordisk statsministermøte i Bergen/Austevoll med statsministrane frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island.

8. juni

H.K.H. Kronprins Haakon delar ut Holbergprisen i UiB-aula

12. juni

H.K.H. Kronprins Haakon deltar ved World Tunnell Congress i Grieghallen, Bergen

25. august

Prinsesse Märtha Louise deltar under Døvedagene i Bergen

24. september

Kronprinsfamilien til stades under mennenes fellesstart under Sykkel-VM i Bergen

21. oktober

H.K.H Kronprins Haakon til stades ved feiringa av Sjøkrigsskolen sitt 200-årsjubileum

#### **Medaljesaker**

Vi har i 2017 handsama 23 medaljesaker (kongens fortenestemedalje og St. Olavs orden)

#### **Håkonshallen**

Fylkesmannen disponerer kulturminnet Håkonshallen i Bergen. I 2017 kom det 26 søknadar om å få nytte hallen (nokre over fleire dagar, som t.d. Festspilla i Bergen). Alle søknadane vart innvilga.

#### **Sted, dato og fylkesmannens signatur**

Bergen, 27.02.2018

Lars Sponheim (sign)



## 2 Introduksjon til embetets hovedtall

### 2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er staten sin representant i fylket, og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn viktige saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Fylkesmannen skal aktivt bidra i samfunnsutviklinga i regionen samt ivareta rettstryggleik for innbyggjarane og sørge for samordning. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Embetet har fire viktige roller som klargjer samfunnsoppdraget:

[1. Iverksetjer av nasjonal politikk i fylket](#): Fylkesmannen er regional sektorstyresmakt på ei rekkje område, på oppdrag frå elleve departement og ti direktorat og tilsyn.

[2. Samordningsstyremakt](#): Fylkesmannen skal sørge for regional samordning av statlege styringssignal til kommunesektoren, og formidle statlege forventningar konsistent, tydeleg og heilskapleg.


[3. Rettstryggleikhandhevar](#): Fylkesmannen skal ivareta rettstryggleiken for enkeltpersonar, verksemdar og organisasjonar gjennom rettleiing, tilsyn og klagebehandling.

[4. Informasjons- og kunnskapsformidlar](#): Fylkesmannen skal vere talerøyr for fylket overfor sentrale styresmakter, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

All verksemd skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Verksemda følgjer prinsippa om kvalitetsleiing og kontinuerleg forbetring.

Når det gjeld samarbeid og samhandling med andre organ, går det føre seg eit tett og omfattande samarbeid på alle verksemdsområder Fylkesmannen har ansvar for. Vi viser til omtale under spesialkapitla. Vi viser også til det som er skreve om samordning, særleg i kap. 1.2 og 5.1.

### 2.2 Organisasjon og ledelse



Fylkesmannen i Hordaland er lokalisert i Statens hus i Bergen. Lars Sponheim er fylkesmann, og Rune Fjeld er assisterande fylkesmann. Pr. 31.12.2017 hadde vi 200 tilsette.

Embetet har seks fagavdelingar:

- Miljøvern- og klima
- Landbruk
- Helse- og sosial
- Utdanning
- Kommunal- og samfunnsplan
- Administrasjon- og verjemål

Fylkesmannen i Hordaland er lokalisert i Statens Hus i Bergen, Kaigaten 9.

Fra 01.01.2019 skal Fylkesmannen i Hordaland samanslåast med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

### Visjon og verdigrunnlag

Vår visjon: Fylkesmannen skal utføre godt styresett og møte urett med rett

Vårt verdigrunnlag:

- Demokratisk
- Rettferdig
- Open
- Påliteleg
- Effektiv

Klart språk, rett målform og forståeleg bodskap er viktig for Fylkesmannen. Tenestemålet vårt er nynorsk. Vi har utarbeidd interne skrivereglar som skal sikre eit godt og klart språk i våre brev og vedtak.

Fylkesmannen har definert eit verdsett med leiarpriinsipp som ligg til grunn for all aktivitet i verksemda:

- Vere tydleg
- Vise lojalitet til eiga organisasjon
- Vis tillit og støtt dine medarbeidarar
- Respekter andre sin kunnskap
- Avklar mål og følg opp resultatansvaret
- Vere kreativ
- Spreie humør og trivsel
- Gå føre og ver gode eksempel

### Heilskapleg og strategisk leiing

Embetsleiinga og leiargruppa har dei siste åra arbeidd med å styrkje den heilskapelege og strategiske leiinga ved embetet. Vi legg stor vekt på at vi skal ei omforent og myndiggjort leiargruppe som saman evner å styre embetet mot god måloppnåing fagleg, økonomisk og personalmessig. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa som har møte anna kvar uke.

I 2017 har vi arbeidd tett med leiinga hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane får å planlegge og førebu samanslåingsprosessen. Det har vore fleire møte for embetsleiingane og for leiargruppene i dei to embeta. Innanfor alle fagområde har det hausten 2017 vore gjennomført felles samlingar.

### 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

#### Budsjett

Embetet hadde i 2017 eit mindreforbruk på bud.kap. 0525 post 01 på 3 496 584,-. Det utgjør eit budsjettavvik på 2,6 %.

#### Løn og husleige

På driftskapittel 525 post 01 er lønsandelen av driftsutgiftane på 79,7 %, og husleigeandelen utgjør 16 %. Totalt går 95,7 % av budsjettet til faste utgifter til løn og husleige.

#### Administrativ kostnadsdekning

Den administrative kostnadsdekninga var i 2016 på kr. 8 178 000,-. Vi tek som hovudregel 40 % administrativ kostnadsdekning for alle stillingar finansierte over framandkapitlar. Departement og direktorat finansierar oppdraga ulikt. Det er krevjande å få dekning i samsvar med gjeldande retningslinjer.

#### Løn

Når det gjeld løn, tjener menn noko meir enn kvinner i dei fleste stillingskategoriane. Vi ser ikkje systematiske skilnader i lønnsfastsettinga, men ser at mange av dei nyutdanna som vert rekrutterte er kvinner. Det same gjeld for mellombelse stillingar. Det påverkar i utgangspunktet lønsskilnaden mellom kvinner og menn i nokon grad. Vi har samstundes ei stabil gruppe av kvinnelege seniorar som er relativt høgt lønna. I leiargruppene er det størst skilnad mellom kjønna når det gjeld lønn. Før øverste kategori kan det tilskrivast løna til embetsleiinga. For mellomleiarar / seksjonsleiarar er skilnaden liten. Når det gjeld kjønnsamansetnad i leiargruppene med personal-ansvar, ser vi at denne er relativt jamm.

#### Likestilling

Menn tener meir enn kvinner i dei fleste stillingskategoriar. Vi finn ikkje systematiske skilnader i lønnsfastsetting ved oppstart eller i lokale forhandlingar. Ei mogleg forklaring er at vi rekrutterer mange unge kvinner som dermed vert lønna under gjennomsnittet for alle tilsette. Av tal på leiarar i øvste leiargruppe ser vi ein overvekt av kvinner, medan det i mellomleiarstellet (seksjonsleiarar og under-direktørar med personalansvar) er ein svak overvekt av menn. Dette er tilhøve som svingar - og det er ikkje teikn til at grupper er systematisk under- eller overrepresenterte. Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born. Vi ser og at vi har stor overvekt av kvinner blant mellombels tilsette.

#### Sjukefråvær

Fylkesmannen i Hordaland har eit jamnt over lågt sjukefråvær, med nokre mindre svingingar. For 2017 var samla sjukefråvær på fire prosent. Det er godt under målsettinga vår om at sjukefråværet ikkje skal overstige fem prosent. Gjennom året har Fylkesmannen i Hordaland arbeidd aktivt for å halde sjukefråværet nede. Embetet har hatt særleg fokus på førebyggjande tiltak knytt til muskel og skjelettplager. Det ser ut til å ha hatt effekt. Dette arbeidet har vore gjort i samarbeid med vernetenesta. I 2017 har sjukefråværet vore relativt jamnt fordelt mellom kvinnelege og mannlege tilsette. Fylkesmannen i Hordaland strekk seg langt for å tilrettelegge for medarbeidarar som er sjuk-melde eller som står i fare for å verte sjukmelde.

#### Alders- og kjønnsfordeling

Fylkesmannen i Hordaland har i alt 197 tilsette. Vi ser at andelen kvinner stadig aukar. Det ser vi som ei uheldig utvikling som vi har ønske om å balansere. Pr. 31.12.2017 var 62,4 prosent av dei til-sette kvinner. For å motverke denne trenden må embetet sjå på korleis vi driv rekruttering og kva som kan gjerast internt for å få ei jammare kjønnsfordeling. Vi ser klart at avdelingar som driv med helse og omsorg har ein større kvinndel enn andre.

Når det gjeld aldersfordeling, er 108 (55 prosent) av dei tilsette i aldersgruppa frå 40-59 år. Snittalderen blant dei tilsette er på 45 år. Vi har

kun elleve medarbeidarar under 30 år. Det kan forklarast med høge krav til utdanning og erfaring i fleire av stillingsutlysingane våre. 17 prosent av dei tilsette er over 60 år. Det inneber at vi har ei relativt stor gruppe som vil gå ut i AFP eller alderspensjon innan få år. Her er nokre avdelingar meir sårbare enn andre.

#### Turnover

Fylkesmannen i Hordaland hadde ein total turnover på 4,7 prosent når vi nyttar definisjonen frå SSB. Om vi tek i betraktning at ein del stillingar har vore heldt vakante som følge av foreståande saman-slåing, vil den reelle turnoveren antageligvis ligge noko over det.

#### Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	8 178

#### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	3 496.0
Budsjettavvik (%)	2.6 %

#### Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	130 583.0
Lønn 052501	104 090.0
Lønnsandel av driftsutgifter	79.7 %

#### Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	21 336
Husleie (% av driftsutgifter)	16 %

#### Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	121 947	70 452	51 495

Verjemål utgjør 42,2 % av den totale dokumentmengda som arkivseksjonen handterer.

#### Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
052501	130 966
052521	13 624
Post 01 (unntatt 052501)	41 834
Post 20-29 (unntatt 052521)	102 872
Post 30-39	5 143
Post 40-49	0
Post 60-69	506 264
Post 70-79	14 341
Post 80-89	6 845

## Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Totalt antall årsverk pr. 31.12.	172.0
Totalt antall årsverk for kvinner pr. 31.12.	105.5
Totalt antall årsverk for menn pr. 31.12.	66.5
Totalt antall årsverk for faste stillinger pr. 31.12.	159.7
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger pr. 31.12.	14.3
Sum andel administrasjon	12.3 %
Økonomi	3.4
Lønn	0.4
IKT	3.8
Personal	1.0
Arkiv	9.8
Resepsjon/sentralbord	2.8
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Vi har ikke trekt ut tid/årverksberegning for ressurser resepsjon/sentralbord bruker på vergemålsområdet og annen rådgiving, da vi vurderer at dette er en del av sentralbordets oppgaver innen publikumsveiledning.

## Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Turnover i prosent	4.6 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	197.0
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	9.0
Totalt antall ansatte som sluttet	23.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	5.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	18.0

## Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 934.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4.0 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	749.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	4.1 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 185.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	4.0 %
Antall legemeldte sykedager for menn	485.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	2.7 %
Avtalte arbeidsdager for menn	18 106.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	792.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	2.6 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	29 984.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	264.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.5 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	393.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.3 %

## Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	123.0	62.4 %	74.0	37.6 %	532 003.0	585 168.0	90.9 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	4.0	57.1 %	3.0	42.9 %	886 375.0	1 092 067.0	81.2 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	8.0	42.1 %	11.0	57.9 %	801 736.0	804 776.0	99.6 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	43.0	53.8 %	37.0	46.3 %	563 665.0	572 332.0	98.5 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	42.0	73.7 %	15.0	26.3 %	493 954.0	507 532.0	97.3 %
Kategori 5: Kontorstillinger	26.0	78.8 %	7.0	21.2 %	451 166.0	432 608.0	104.3 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger		0.0 %		0.0 %			0.0 %
Kategori 7: Lærlinger	0.0	0.0 %	1.0	100.0 %	0.0	160 900.0	0.0 %

Vi har plassert stillingskode 1538 fagdirektør i kategori 2.

## HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Sum antall ansatte	197.0
Antall kvinner	123.0
Antall menn	74.0
Sum antall deltidsansatte	17.0
Antall deltid kvinner	8.0
Antall deltid menn	9.0
Sum antall deltidsansatte grunnet omsorg jf.AML §10-2, fjerde ledd og HTA § 20	3.0
Antall deltid kvinner, omsorg	3.0
Antall deltid menn, omsorg	0.0
Sum antall midlertidige ansatte	14.0
Antall kvinner, midlertidig	10.0
Antall menn, midlertidig	4.0
Sum antall ansatte med personalansvar	17.0
Antall kvinner, personalansvar	8.0
Antall menn, personalansvar	9.0
Sum antall ansatte	197.0
Antall ansatte under 20 år	0.0
Antall ansatte 20 - 29 år	11.0
Antall ansatte 30 - 39 år	44.0
Antall ansatte 40 - 49 år	54.0
Antall ansatte 50 - 59 år	54.0
Antall ansatte over 60 år	34.0

Fleire av deltidsstillingene gjeld medarbeidarar med delvis uføreyting, eller arbeidsavklaringspengar. Talet vil derfor kunne variere ein god del frå år til år - då fleire av ytingane ikkje er faste.

## 2.4 Andre forhold

Ingen kommentarer her.

### 3 Årets aktiviteter og resultater

#### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

##### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

###### Generelt

Det meste av embetet sine ressursar og merksemd er retta mot gjennomføring av statleg politikk på dei ulike sektorområda.

Det er god og hyppig kontakt med kommunane på fleie ulike måtar; møter med fagfolk, ordførarar/rådmenn, sektorvise politikarar og fagfolk, kus og konferansar. Statleg politikk vert også formidla med nettoppslag og alle dei tusenvis av gjerdar / vedtak vi fattar kvart år.

###### Miljø

Økosystema er under press frå oppdrettsnæring og frå utbygging av veg, hytter og kraftverk. Vi har ikkje haustbare overskot av sjøaure og villaks i store delar av fylket og for mange av stammene er stoda kritisk. Fleire prosjekt er sett i verk, med reetableringsprosjekt i Vossovassdraget og Modalsvassdraget, og Genbank Hardangerfjord for stammene av villaks og sjøaure langs Hardangerfjorden. Bruken av genbank er avgjerande for å berge fleire av stammene, hvis ikkje vil stammer av villaks gå tapt. Arbeidet med etablering av tre kandidat område når det gjeld marint vern er avslutta frå vår side og tilrådinga vår er sendt Miljødirektoratet. I 2017 vart arbeidd med det største skogrestaureringsprosjektet i eit norsk verneområde gjennomført. Store bestandar av fem ikkje-stadeigne treslag blir fjerna ved maskinhogst i Ångulo naturreservat. Embetet held fram det betydelege arbeidet med opprydding i forureina sediment. Det har vore ei auke i tal på saker etter forureiningslova, både sakshand-saming og tilsyn, noko som er effektivt handtert.

###### Klima, areal og transport

Byvekstavtalen for Bergen vart underteikna i juni og innleiar eit taktskifte for å nå nullvekstmålet. Kommunen arbeider no aktivt med dei store miljøutfordringane, som utbygging av bybanen og anna kollektiv transport, tiltak for å begrensa biltrafikken og ein strammare arealpolitikk der veksten skal skje i nokre avgrensa utbyggings-område, ein ny parkeringspolitikk, og utskifting av gamle omnar. Det er og vidareført i den nye kommuneplanen der 40 utbyggingsområde er tatt ut og 7000 dekar er tilbakeført til landbruks-, natur- og friluftsområde. Det legg til rette for at arealdelen av kommuneplanen truleg kan eigendekkjennast i kommunen.

###### Kommunal- og samfunnsplan

Fylkesmannen har også i 2017 motteke eit stort tal klagesaker etter plan- og bygningslova frå kommunane i Hordaland. Det er spesielt problem knytt til bustadfortetting, utsiktstap og bygging i strandsona som går igjen i klagesakene. Forutan Bergen kommune, er det kommunane i randsona rundt Bergen som sender flest klagesaker, slik som Fjell, Os og Askøy.

Det skal her nemmast at Bystyret i Bergen har godkjent område-reguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen. Fylkesmannen har handsama klagane på alle tre delstrekningane. Det har vore omfattande og tidkrevjande saker å arbeide med, der val av trasé for Bybanen har vore eit sentralt tema.

Fylkesmannen er elles særst nøgd med at vi har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på ca. ti veker i klagesaker etter plan- og bygningslova. Det skuldast effektiv og rask sakshandsaming.

For øvrig har Fylkesmannen deltatt aktivt i formidling av statlig politikk og nasjonale krav/ forventningar gjennom en omfattende medvirkning i statlige, regionale og kommunale planprosessar etter plan- og bygningslova. Om vi skal trekke fram nokre delar av vår medverknad som har kravd svært stor innsats i året som har gått, vil vi nemne arbeidet med samordna bustad- areal og transportplanlegging, inklusive arbeid med bymiljøavtale, regional og kommunal plan-legging i sjø, samt arbeidet vårt for raskare og betre planprosessar og ferre motsegner gjennom arbeidet med samordning av statlege motsegner.

###### Landbruk

Fylkesmannen legg opp til ein tett dialog med kommunane i fylket og faglag /fagmiljø på landbruksområdet for å informere om nasjonale mål og føresetnader. Formidling skjer gjennom fleire kanalar både konferansar, dialogmøte, samlingar og møter, nettsider og infoskriv. Regionale samlingar med kommunane, faglag, landbruks-rådgjevinga, skognæringa har vore spesielt vellukka då regionale utfordringar og problemstillar vert diskutert. I starten av året vert det sendt forventning - og tildelingsbrev til kommunane med nasjonale mål og føringar. Det blei i 2017 gjennomført fem dialogmøte med kommunane der gjennomføring og spørsmål kring landbruksoppdraget var tema. Fylkesmannen har tett dialog med det regionale partnerskapet på næringsutvikling. Her er informasjon og samarbeid på tvers av t.d. blå / grøn sektor, FoU-miljø, Universitet og høgskule, godt etablert.

###### Utdanning

Embetet informerer om nasjonal politikk og prioriterte område gjennom nettoppslag, elektronisk post og ved "kursing" og informasjonsmøte for regionane. I påfølgjande møtepunkt nyttar vi høve til å få tilbakemeldingar på korleis statlege føresetnader blir følgde opp av kommuneleddet.

I 2017 kan særleg desse områda nemmast: nytt regelverk om skole-miljø, ny rammeplan for barnehagane og ny kompetansmodell, desentralisert ordning. Vurderinga vår er at informasjonsmåten vi har vald er formålstenleg. Vi får eit blikk inn i kommunane si forståing av oppgåvene og uklårheitene kan såleis avklarast. Talet på saker, klager og spørsmål, både knytt til lovverk om skulemiljø og tilretteleggingsplikta for barn i barnehage, tyder på at informasjonen når ut. Den samla saksmengda er eit godt grunnlag for at embetet kan følgje kvaliteten i kommunane si praktisering. Den nye kompetansmodellen har som ordning stor tilslutning i kommunane. Den modellen vi har samla oss om i Hordaland har vist seg å fungere godt. Konklusjonen baserer vi på tilbakemeldingar frå UH-sektoren og frå kommunane. I tillegg meiner embetet at vi har vald ein tidseffektiv modell der både det store talet friskular har funnet seg til rette, og tidsbruken i det hovudsaklege skjer i dialog mellom UH og kommunane/skulane.

###### Helse, omsorg, sosial og barnevern

Vi informerer om nasjonal politikk og prioriteringar i nettoppslag, e-post, kurs og møte for leiarar og tilsette. I møta får vi òg tilbakemeldingar på korleis statlege føringar blir følgde opp i kommunane og spesialisthelsetenesta, NAV og Bufetat. Vi følgjer opp at tiltak innan fagområda blir innarbeidde i kommunale handlings-program/ økonomiplanar. Retningslinjer og rettleiarar blir lagt fram for leiarar og tilsette i eigna møte og med tydeleg forventning til leiarar om sørge for at praksis er i samsvar med gjeldande regelverk og faglege normer.

Vi vil løfte fram ei utfordring: tverrfagleg og tverretatleg sam-arbeid. Vi får mange klager, bekymringsmeldingar og tilsynssaker der det er eit problem. Resultatet er at tenestemottakaren ikkje får den hjelpa han/ho treng, ofte fordi ulike tenester ikkje klarar å samordne innsatsen. Resultatet er ofte at ingen kjem i posisjon til å hjelpe.

I 2017 har vi arbeidd anleis for å støtte tenestene i å utvikle sam-arbeidet om barn og unge og kronisk sjuke som treng mykje støtte og hjelp. Når fleire tenester må samarbeide for å hjelpe ein person, men ikkje får det til, og der det hastar å få etablert eller tilpassa behandling eller tiltak, har vi invitert til eit møte i staden for å starte ordinær skriftleg behandling av klagen eller tilsynssaka. Vi spør den det gjeld først og informerar om formålet med møtet. Dei kjem til oss saman med leiarar frå dei ulike tenestene. Det kan vere kommunale helse-, omsorg-, barneverns- eller sosiale tenester. Og det kan ofte også vere spesialisthelsetenester og Bufetat. Fylkesmannen leier møtet som ofte har 10-15 deltakarar. Vi tek utgangspunkt i situasjonen og behova i den enkelte saka. Målsetjinga er at tenestene sjølv finn løysingar for den det gjeld i møtet. Dei gjer konkrete avtalar og tenestene forplikter seg til tiltak og samarbeid. Tenestemottakar får seie sitt og det blir det tatt omsyn til i den vidare planen. Vi ser til at den det gjeld blir høyrte og får det han har behov for, at ansvar blir plassert rett og at rettar og pliktar blir tekne i vare. Den det gjeld får på denne måten raskare og tilpassa tenester, tenestene samarbeidar betre og melder at dei får hjelp til å løse noko dei ikkje har fått til før.

## Verjemål

Embetet informerer om nasjonal politikk på område gjennom nett-oppslag, informasjonsskriv, møte og konferansar.

## Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

### Utdanning

Samhandling med regional stat om barn og unge sitt utbytte og deltaking på utdanningsområdet, har høg prioritet. Embetet har ein praksis der avdelingane informerer og inkluderer kvarandre i problemstillingar og avtalte møtepunkt med andre regionale aktørar der problemstillingane ikkje kan finne si løysing innanfor eit sektor-området aleine. Samhandling med Bufetat, Husbanken og NAV kan nemmast som typiske eksempel. Vi sikrar nødvendig samordning og deltaking i løpande kontakt mellom avdelingane, men kravet til denne praksisen er nedfelt i embetet sin felles VP som blir følgt opp av Barn og unge-gruppa der alle avdelingsleiarane sit.

### Helse, omsorg, sosial og barnevern

Vi legg til rette for og inviterer til samarbeid med regionale kompetansesenter, helseføretaka, Bufetat, Husbanken og NAV. I løpet av året er det faste møte med fleire av dei for utveksling av informasjon, samarbeid om tiltak, møter og kurs, og handtering av enkeltsaker. Svært detaljerte oppdrag til Fylkesmannen og regionale kompetansesenter er til tider ei utfordring å tilpasse til dei lokale behova.

### Miljø

Det er utstrakt samhandling med andre statlege regionale på fleire av avdelinga sine områder. Samhandling med andre statlege tilsyns-styremakter som Arbeidstilsynet og Statens naturoppsyn er etablert. Det same gjeld mot NVE i flomsikringsarbeidet i Voss og Odda. Vi har samarbeidet med Fiskeridirektoratet i arbeidet med marint vern og om oppdrettsøknader. Internt på embetet er det faste rutiner på samhandling med landbruksavdelinga og med kommunal- og samfunnsplanavdelinga. Det er og etablert samarbeid med Statens vegvesen inn mot den statlege planleggingen av E39 og E16.

### Plan

Fylkesmannen har også i 2017 hatt stor merksemd på overordna planar som jamt over er av nyare dato i fylket. Derfor er dei eit viktig styringsinstrument i kommunane. Det er i 2017 arbeidd vidare i motsegnprosjektet som er ein ubetinga suksess ved at statlege, regionale planinstansar og kommunar finn løysingar på dei aller fleste planspørsmål i tidleg dialog, tilrettelagt av Fylkesmannen. Det gir gode prosessar som kommunane og regionale organ finn å vere ein effektiv og inkluderande måte å møte planutfordringar på.

Vi har i 2017 stått ovanfor stendig større utfordringar når det gjeld planlegging i sjø, særleg når det gjeld etablering/ending av oppdrettsanlegg. På grunn av trongen for auka areal og forureiningsfare stiller kommunar seg stendig meir skeptiske til akvakulturanlegg. Dei møter også i større grad enn tidlegare motbør frå oppdrettsinteressar, både private og offentlege - dvs frå organ som har i oppgave å fremje oppdrettsnæringa. Frå dei sistnemnde opplever vi stendig sterkare reaksjonar mot kommunane. Det er difor eit klart behov for å klargjere ei rekkje spørsmål som gjeld planlegging i sjø, ikkje minst grensedraginga mellom kommunane sitt ansvar for arealforvaltninga etter plan- og bygningslova og det lovverket som skal forvalte etablering av oppdrettsanlegg.

#### Plan-/klimautfordringar

Vi ser ein positiv tendens i den kommunale planlegginga når det gjeld å følge opp lokalt dei statlege planretningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging. Hovudinnhaldet er at i dei folkerike kommunane rundt Bergen går planlegginga i retning av ei integrert transport- og arealplanlegging med ønske om fortetting og konsentrasjon. Kommunane står likevel i eit paradigmeskifte der dei også, i nokon mon, vil legge til rette for bustadutbygging på område som i hovudska vil vere bilbaserte.

Fylkesmannen har kontinuerleg i arbeidet med den regionale planlegginga av ein samla areal- og transportplanlegging i Bergensområde gjort merksam på at det må fastsetjast nokså faste og konkrete ramme for t. d. bustadsbygging dersom ein skal klare å nå dei ambisiøse klimamåla i regionens eigen klimaplan og i regjeringas klimapolitikk. Vi opplever at regional planmynde ikkje fyller det handlingsrommet som plan- og bygningslova gir for å definere ein politikk her som augekontakt med dei før nemnde måla. Vi viser og til den generelle omtalen av denne situasjonen som fins i regionmeldinga, jf. Meld. St.22 (2015-2016).

Fylkesmannen har vore aktiv i forhandlingane om ein byvekstavtale - ein avtale mellom staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Vi ser dette avtaleinstrumentet som eit lovande grunnlag til å fastsetje klare og presise arealmål i Bergen kommune, og seinare i dei folkerike omegnskommunane, for å realisere dei måle som før er nemnde. Bergen kommunen arbeidde med ein ny kommuneplan i 2017, og vi ser innverknad av byvekstavtalen på planarbeidet. Kommunen har stramma inn bustadområda og lagt til rette for betydeleg fortetting rundt kollektivknutepunkta.

## Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

### Generelt

Embetet har stor merksemd retta mot å treffe rettsikre avgjerder. Derfor legg vi stor vekt på opplæring (klarspråk, forvaltningsrett - generell og spesiell, rolleforståing) i rettstryggleiksarbeidet vårt. Vi har tilgang til god rettsleg ekspertise på alle område, og maktar å hand-same slike saker stort sett i samsvar med aktuelle saksbehandlings-fristar.

### Utdanning

I 2017 har embetet særleg hatt merksemda på rettar som gjeld skulemiljø og tilrettelegging for barn i barnehage (jf arbeid med rammeplan). Vi har aktivt informert om regelverket og særleg merka oss kva kommunar vi ikkje får saker/klagesaker frå. Klagesaker frå kommunar er ei svært nyttig informasjonskjelde om kommunane sin regelverksforståing, og kor dei legg lista for ulike rettsområde. Dei kommunane vi sjeldan eller aldri får klagesaker frå følger vi opp spesielt, og vi tar det med i risikovurderinga i tilsynsplanlegging.

Vi søker å kalibrere klagebehandling og tilsynspraksis gjennom drøftingar embeta i mellom, for vårt vedkommande embeta i sør-vest, men i mange spørsmål er dei embeta som er knytt til Storbynettverket viktig å koordinere regelverksforståing med.

### Helse, omsorg, sosial og barnevern

Vi har hatt særleg merksemd på regelverket som gjeld bruk tvang i barneverntenestene og helse- og omsorgstenestene, somatikk, rus, psykisk helsevern. Vi har gitt omfattande rettleiing og opplæring i kurs, møte og i behandling av enkeltsaker. I region vest har embeta felles møte for harmonisering av regelverksforståing og praksis. Vi melder også problemstillingar inn til nasjonale leiari- og fagmøte.

### Verjemål

Vi har i 2017 hatt særleg merksemd på rettstryggleik, likebehandling og god kvalitet i saksbehandlinga. For å sikre dette har vi arbeidd systematisk med prioriteringar, interne rutinar og prosedyrar. Dee gjeld både for oppretting av verjemål, bruk av kapital og arbeidet med verjegendtjering. Vi har gitt rettleiing og opplæring til verjer og representantar enkelvis, gjennom møte og samlingar. I vårt tilsyn av verjer har vi prioritert gjennomgang av verjeregnskapa og gjennomført samtale med eit utvald av verjer. Vi fekk i 2017 ein stor reduksjon i budsjettmidlar til verjemålsforvaltninga. Dette har gjort det særskilt krevjande og utfordrande å halde saksbehandlingstida innanfor dei prioriterte saksområda.

Verjemålsreforma har vore viktig for å styrkje rettstryggleiken og rettslikskapen for verjetrengande. Vi er likevel uroa over at forvaltninga har vore sterkt underfinansiert i fleire år. Skal vi nå intensjonane i verjemålsreforma så må vi få på plass stabil og riktig finansiering av verjemålsforvaltninga.

### Landbruk

Fylkesmannen bidreg med rettleiing og kurs for kommunane i samband med sakshandsaming og rettsbruk av ordningar innanfor tilskot og regelverket knytt til areal. Dette for å fremje rettsikkerheit og unngå ulik sakshandsaming i kommunane. Gjennom dette er det også ynskje om å oppnå heilskapleg og felles forståing av dei ulike regelverka på tvers av kommunane.

Fylkesmannen sender fortløpande ut informasjon til kommunane når det kjem endringar innan dei ulike regelverka, men også anna relevant informasjon. Det blir føreteke forvaltningskontrollar hos kommunane innan dei ulike ordningane og regelverka for å sørgje for forsvarleg sakshandsaming, og der eventuelle manglar blir påpeikt slik at dette blir retta opp. Vidare har Fylkesmannen føreteke lovkontroll av enkeltsaker der det kan stillast spørsmålsteikn ved om vedtak fatta av kommunen er i samsvar med dei krav som følger forvaltningslova sine føresegn.

### Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Fylkesmannen er opptatt av gode møteplassar og arenaer for formidling og dialog. Terskelen for å ta initiativ ovanfor sentrale styresmakter meiner vi er låg og skjer kontinuerleg på dei møteplassane vi har der embeta og oppdragsorgana møter kvarandre, i fylkesmannsmøte, styringsmøte og i ulike faglege møtesamanhengar.

Embetet har lenge vore opptatt av samordningsspørsmål då det er slåande på kva måte staten på enkelte område møter kommunane på ein fragmentert måte. Det hindrar god tenesteutøving, er lite effektivt og ikkje god ressursutnytting. Hordaland har frå byrginga i 2013 tatt del i motsegnprosjektet som er presentert anna stad i rapporten. Det har bidratt til auka effektivitet, bedre samordning overfor kommunane når det gjeld planfaglege spørsmål og i siste instans bedre ressurs-utnytting. Det same gjeld det arbeidet Fylkesmannen har vore involvert i når det gjeld byvekstavtalen mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og staten. Dette arbeidet vil truleg bli utvida til også å gjelde dei folkerike, omkringliggjande kommunane til Bergen. Arbeidet vil følgeleg bidra til betre samordna arealpolitikk for store delar av Hordaland. Det forholdet at staten tar del i dette arbeidet med sentrale styresmakter involvert, BaneNor, Statens vegvesen, bidrar også til at arealutfordringar bli kjende for sentrale styresmakter.

### Utdanning

Ut over dei obligatoriske rapporteringane, melder vi frå om særlege forhold i fagmøte med Udir, gjennom arbeidsutval og gjennom elektronisk løysingar. Forhold som kan vere aktuelle for tilsyn etter friskolelova er eit døme på dette.

### Helse, omsorg, sosial og barnevern

Dei obligatoriske rapportane er sende innan fristane. Tilbakemeldingar for eventuell vidare oppfølging blir elles gitt til embetsleiinga, i fagmøte eller brev til Helsetilsynet og dei tre direktorata.

#### 3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

##### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

I dialogen vår med kommunane i plansaker har eit gjennomgåande fokus på at planlegginga skal vera bærekraftig gjennom å sikra at naturmangfald, dyrka jord, strandsone, klima, folkehelse og omsynet til barn og unge vert ivareteke. Samstundes må kommunane i plansamanheng sikra ei framtidssretta utvikling som legg godt til rette for både næring, offentlege tenester, infrastruktur og bustadutbygging. Berekraft vil vera fokus også her ved å leggja til rette for samordna bustad, areal- og transportplanlegging med fokus på sykkel, gange og kollektivbruk for å ta auken i transport.

I eit fjordfylke som Hordaland ser vi klare utfordringar når det gjeld å få tilstrekkeleg fokus på planlegging som verktøy for å oppnå bærekraftige,



framtidsetta og gode løysingar i arealforvaltning av sjøområda.

Fylkesmannen følger opp kommunane sitt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i arbeid med planlegging etter plan- og bygningslova. Det er avgjerande at kommunane utarbeidar gode risiko- og sårbarheitsanalysar og følgjer opp funn og gjennomfører tiltak med gode føreseger. Naturfare er eit sentral tema i Hordaland, då svært mange av kommunane har utfordringar knytt til naturfare som skred og flaum. Tilpassing til framtidige klimaendringar er òg ein viktig del av arbeidet med samfunnstryggleik i kommune- og reguleringsplanar. Vi har hatt eit nært og godt samarbeid med NVE på dette feltet.

Under dette punktet vil vi også nemne at det for å oppnå dette mål-kravet har det vore viktig at embete har mottatt programmidlar, *Stønad til fylkesmennene i storbyområdet* i perioden 2013-2016. I 2017 har arbeidet med programmet sine problemstillingar gått inn i det generelle planarbeidet. Vi vil i det vidare skildre på kva måte det har skjedd.

Generelt vil vi informere om at vi i Hordaland, og særleg i bergens-området, står ovanfor store oppgåver for å møte dei utfordringane som målsettinga i plan- og bygningslova oppstiller, og som nærare er formulerte i dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Fylkesmannsembetet har vore sterkt involvert i den ordinære verksemda som klimastyresmak og i den planrolla som går fram av plan- og bygningslova. Dei viktigaste enkeltaktivitetane har vore:

- Bergen kommune sin kommuneplan, arealdelen, vart sendt til uttale i slutten av 2017. Alt før planen vart lagt ut til uttale var vi i arbeid med sentrale problemstillingar i planen, som støy, forureining, bustad- og transportløysingar.
- Vi har i 2017 vore sterkt involvert, som premissgivar, i Hordaland fylkeskommune sin regionale areal- og transportplan for bergensområdet, for å få ei meir konsentrert by- og tettstadsutvikling ved hjelp av ein samordna areal- og transportplan. Det har vore sentralt for oss å sjå at denne denne, så langt som mogeleg, har vore i samsvar med statlege planretningslinjer. Den regionale planen har vore regionpolitisk omstritt. Det har generert nokså mykje arbeid også frå Fylkesmannen si side.
- Embetet har vorte sterkt involvert i arbeidet med byvekstavtalen som no er inngått mellom staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Sjølv om Fylkesmannen berre har vore observatør i styringsgruppa, er det Fylkesmannen, frå staten si side, som har utarbeidd dei arealmessige vilkåra som det er forhandla om. Her har medgått betydelege ressursar, m.a. har Fylkesmannens sin representasjon i styringsgruppa vore ved embetsleinga, då vi ser dette arbeidet som ein sær s viktig del av planarbeidet vårt.

Når det gjeld byvekstavtalane, skal avtalen for Bergen kommune reforhandlast i 2018. I tillegg skal det åpnast for å utvide avtaleområdet til omegnskommunane til Bergen. Det vil i første omgang gjelde hovudsakleg fire store kommunar, med ei befolkning på av 100 000. Det har medført at vi har arbeidd med arealplanane for desse kommunane for å førebu dei arealvilkåra som skal forhandlast om i eventuelle byvekstavtalar for desse kommunane.

- Endeleg har vi i planarbeidet med øvrige kommunar i fylket hatt stor merksemd på dei same problemstillingane som for dei store, sentrumsnære kommunane til Bergen, som t.d. senterutvikling, klimagunstige, transportløysingar, tilpassa bustadplanlegging.

#### Planprosesser – formidling av nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Fylkesmannen har gitt uttaler i alle plansaker, både ved oppstart og offentlig ettersyn, der nasjonale og vesentleg regionale omsyn er gjort kjent. I saker med aktuelle motsegnspunkt har kommunane fått tilbod om dialogmøte med Fylkesmannen.

Fylkesmannen har vidare delteke i regionalt planforum og medvirka på plannettverksamlingar i regi av Hordaland fylkeskommune, samt medvirka til å arrangere vårt årlege planseminar også det i godt samarbeid med fylkeskommunen. På årets plankonferanse var framtidsetta bustadplanlegging tema. Konferansen gjekk over to dagar og fekk gode tilbakemeldingar frå dei mange kommunane som deltok. Nærare 300 deltok på konferansen.

Nasjonale og vesentlege regionale omsyn er også gjort kjent gjennom uttaler til dispensasjonssaker og i klager på slike vedtak.

Me har utarbeidd eit sett interne rutinar for handsaming av plan- og dispensasjonssaker, som er lagt ut på nett, som informasjon til kommunane om kva som vert vektlagt i våre uttaler og kor ein kan finna meir informasjon om dei ulike plantemaa.

#### Andel relevante kommunale (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100 %.

Fylkesmannen har deltatt og gitt innspel i regionalt planforum til dei planar kommunane har ønska å få vurdert i dette forumet.

Fylkesmannen fekk 245 reguleringsplanforslag til oppstart i 2017 og me har gitt innspel til alle oppstartsmeldingane. Det same gjeld for dei 223 reguleringsplanforslaga som vart sendt til offentlig ettersyn.

Fylkesmannen har vidare gitt innspel til dei 7 arealdelane til kommuneplanar som var under utarbeiding i 2017.

#### Mekling i planer med (fra kapittel 3.1.1.1.3 i TB)

##### Rapportere på

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100 %.

Det vart halde mekling i seks plansaker i 2017. Ei sak er i tillegg sendt KMD utan mekling. Det gjeld områderegeringsplan Våge sentrum i Tysnes. Fylkesmannen hadde motsegn som galdt strand-sona og utbyggingsmønster. Kommunen ville ikkje ha mekling. Saka blei sendt til departementet utan mekling. Direktorat og departement var på synfaring med partane. Resultatet er ei delt avgjerd som vil føre til ytterlegare reguleringsplanar der vi igjen har ein rolle.

Vanlegvis fører mekling til eit resultat som partane kan akseptere. Plansakene til mekling i 2017 har vore av ein slik karakter at mekling i dei fleste av dei ikkje førte fram. Fleire av desse sakene ligg no til handsaming i kommunane. Nokre vil etter kvart vere klår til oversending til departementet. Det ligg ikkje ytterlegare nye saker til mekling.

Tidlegare meklingar som er handsama vidare i 2017

Reguleringsplan for Ormhaugen i Bergen har Bergen kommune ved-tatt i samsvar med det som vi kom fram til i mekling. Fylkesmannen har trekt motsegna.

Reguleringsplan Kalvaneset i Austevoll har vore nærare handsama mellom Austevoll kommune og Fylkesmannen med fleire revisjonar. Kommunen og Fylkesmannen er blitt samde om eit resultat. Det skal no ha vore på høyring.

Reguleringsplanane for Tryglakleiv og Gråsteindalen, begge på Kvamskogen i Kvam, har vore handsama i nytt meklingsmøte mellom Kvam herad og Fylkesmannen i 2017. Ein kom der fram til semje om eit resultat. Kvam har seinare sendt inn eit planforslag som er endra for det som vi var samde om. Sakene er derfor ikkje avslutta.

Noko av grunnen til det lave talet på meklingar, er at embetet har få formelle motsegner, då eventuelle statlege merknader til kommunale planar blir løyste i dialogmøte med kommunane, som del av motsegnprosjektet.

### Mekling i planprosesser med uløste innsigelser

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

#### Landbrukets arealressurser er (fra kapittel 3.1.1.1.4 i TB)

##### Rapportere på

Landbrukets arealressurser er ivaretatt i alle planprosesser.

Ny jordvernstrategi er formidla og Fylkesmannen har gitt innspel til alle kommunale planforslag der det har vore relevant, for å sikra ivaretaking av landbruksinteresser i samsvar med pbl § 3-1 bokstav b, nasjonal jordvernstrategi og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

#### Reduksjon i omdisponering (fra kapittel 3.1.1.1.6 i TB)

##### Rapportere på

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord sammenlignet med 2015.

For åra 2014-2016 viser KOSTRA-talla at det er ein nedgang i omdisponeringa – i 2014 var det etter jordlova og plan- og bygningslova omdisponert totalt 401 dekar dyrka jord. I 2015 blei dette redusert til 279, før det i 2016 ble ytterligare redusert til 200 dekar. I 2016 var det ei auke i tal dekar der det blei gjeve samtykke til omdisponering etter jordloven, fra 62 og 38 dekar i henholdsvis 2014 og 2015, til 83 dekar i 2016. Samstundes har det vore ein nedgang i tal dekar som har blitt omdisponert etter plan- og bygningsloven, frå 339 dekar i 2014 og 240 dekar i 2015, til 117 dekar i 2016.

Totalt sett har utviklinga vore positiv i fylket ved at mindre dyrka jord blir omdisponert. Dessverre føreligg det ikkje tal for 2017 ennå, men vi har ikke grunnlag for å fastslå at det er meir dyrka mark som har blitt omdisponert enn dei føregåande åra.

For Fylkesmannen sin del har det vore ein nedgang i tal klagesaker som har kommet inn, knytt til jordloven § 9. I 2017 var det ingen saker knytt til § 9 i jordloven som ble handsama hos Fylkesmannen som førsteinstans, og av klagesakene blei ingen av klagen på dei kommunale vedtaka tatt til følge, slik at det kommunale avslaga blei oppretthalde av Fylkesmannen.

#### Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

Resultat. Så mye mindre ble omdisponert i 2016	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2015	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2016
6.4	6.4	0.0

Vi hadde ingen saker til behandling som førsteinstans i 2017 etter jordloven og ingen saker i forbindelse med klagesaksbehandling.

#### De statlige planretningslinjene er lagt til grunn (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Alle statlege planretningslinjer er lagt til grunn for våre uttaler til regionale og kommunale planforslag, med litt ulikt fokus avhengig av talet på planar der dei er relevante.

Vi ser det manglar noko for å få iverksatt dei statlege planretningslinjene for ein samordna areal- og transportplan i kommunane. Det er her ofte ønske om å bygge ut område som stimulerer til bilbasert transport.

Areal- og transportplanlegginga også i den regionale planlegginga er for uforspliktande og lite normerande til å oppnå dei ønskede klimamåla.

Fylkesmannen legg vidare stor generelt vekt på å formidle omsynet til born og unge i planlegginga. Vi ser framleis ofte manglande- eller kvalitativt sett for dårlege leike- og uteopphaldsareal vert lagt inn i planframlegg. Sameleis har vi funne det rett å styrka rådgjevinga og innsatsen i høve til Rikspolitiske planretningslinjer for verna vassdrag, samt vassdragstemaet generelt i planlegginga, då vi opplever at kommunane etterspør og treng dette.

Strandsona er òg framleis eit vesentleg tema i vår planfaglege medverknad, der vi i 2017 har fokusert på at dei statlege planretningslinjene må nyttast- og nyttast på rett måte, særleg i kommuneprosessar.

#### Fylkesmennene i de fire største (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmennene i de fire største byområdene skal bidra i utarbeidelse og oppfølging av byutviklingsavtalene.

Vi viser til omtale av arbeidet med byvekstavtalar i punkt 1.2, 3.1.1.1.1 og 5.1

#### Alle relevante kommuner i (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle relevante kommuner i storbyområdene tilrettelegger aktivt for boligbygging.

Bergen kommune har tradisjonelt hatt rikelig arealer avsatt til boligbygging gjennom kommuneplanen/ reguleringsplaner. Se for øvrig det som er skrevet om temaet i andre deler av rapporten.

#### Alle planer etter plan- (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet, herunder klimaendringer.

Alle innkomne planframlegg med tilhøyrande ROS-analysar er vurdert ut frå omsynet til risiko og sårbarheit i samsvar med plan- og bygningslova §3-1 bokstav h og § 4-3, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Tilsvarende vert så langt som råd vurdert i dispensasjonssaker. Klimaendringar er ein viktig og naturleg del av dei vurderingane vi gjer av om samfunnstryggleik og beredskap er teke tilstrekkeleg omsyn til i planframlegga. Som del av rettleiingsoppgåva vår er uttalane våre til planframlegg ein viktig del av arbeidet med å gjere kommunane merksame på tilgjengeleg rettleiingsmateriale, og informere om reviderte og nye rettleiarar. Rettleiingsmateriale frå DSB, klimaprofil for fylket og samlesida klimatilpassing.no er døme på kva vi viser til.

Vi opplever at måten ROS-analysar blir integrert i planframlegg varierer, dei er anten utarbeida som ein integrert del av planframlegga eller som eit eige vedlegg. ROS-analysane varierer òg med omsyn til utforming, val av akseptkriterier, detaljnivå, utdjupande forklaringar og referansar, kvalitetsnivå og i kva grad ROS-analysen oppsummerer funn og vurderingar på ein god måte. Vi skulle gjerne sett at det i planframlegga blir gitt betre oversikt over krav til vidare utgreiingar og tiltak, og korleis eller kvar dette blir fulgt opp i føresegner og plankart.

Dei aller fleste planframlegg på reguleringsplannivå og såleis ROS-analysar er utarbeida av konsultentselskap. Vi stiller oss til tider spørsmål om i kva grad alle kommunar klarar å sikre eigarskap til kunnskapen ROS-analysane gir om fareforhold i kommunen, og i ein del tilfelle korleis dei kvalitetssikrar kunnskapsgrunnlag og vurderingar. Ei anna utfordring vi ser er arbeidet med å samle kunnskap frå reguleringsplanar for å ha ei oversikt, og vidareføre i andre planprosessar på alle nivå.

#### 3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet

Embetet har ein eigen publiseringsplan for utdanningsområdet. Her legg vi inn dei emna vi meiner må informerast om, vi drøftar (i ei eiga nettgruppe) kva målgruppa skal vere, vi vurderer form og omfang av informasjon og vi koplar den til andre relevant kjelder. Vi har høge tal på abonnentar. Særleg prioriterte område blir løfta opp og fram i planlegginga av informasjon og blir repetert gjennom året og på ulike arena.

Kva som er tydeleg og målretta informasjon er eit tema vi drøftar jammleg i eiga nettgruppe. Vi må sjå for oss at det er mange som har interesse av den informasjonen Fylkesmannen legg ut på sine nettsider. Vi er opptatt av at kvar tekst skal vere klar for målgruppa og vi er opptatt av at omsynet til ulike målgrupper betyr at vi må publisere ulike tekstar på same tema. Vi er og opptatt av at våre oppdragsgjevere sine prioriteringar skal sjåast igjen i vår informasjon, ikkje berre i budskap men og i omfang, repetisjon og same budskap i ny drakt er difor ein teneleg strategi etter vårt syn.

Vi har eit forholdsvis omfattande system for kontakt med kommunane, men eit gjennomgåande trekk er at vi møter kommunenivået, ikkje leiarar på verksemdsnivå. Dette betyr at vi kan vere svært tydeleg på roller og ansvar mellom regional stat og kommuneleddet.

#### Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

I rapporten blir lagt vekt på at resultat er basert på eit lite utval i kvart fylke, og difor må tolkas med atterhald. I Hordaland er resultatet så marginalt avvikande frå grunnlagstala at det ikkje er formålstenleg å spekulere i kva endringane frå 2016 skuldast.

**Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak**

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
- 0.2	3.7	3.5

**Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak**

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
3.8 %	- 0.2 %	3.6 %

**3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap**

Fylkesmannen har støtta opp under kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap ved å:

- Rettleie ved førespurnad (t.d. DSB-CIM, heilskapleg ROS-analyse, utforming av beredskapsplanar m.m.)
- Gjennomført tilsyn med kommunal beredskapsplikt (sjå òg eige punkt).
- Hatt dialog med kommunar som skal slåast saman, i høve deira planlegging og arbeid med samfunnstryggleik og beredskap for ny kommune.
- Vurdert planar etter plan- og bygningslova med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap (sjå eige punkt), og i høyringsuttalane gjort merksam på eksisterande og nytt rettleiingsmateriale.
- Publisert informasjon om nytt rettleiingsmateriale, til dømes DSB sin nye temaretteiar om storulukkeverksemdar.
- Fulgt planlegging og gjennomføring av Sykkel-VM tett og Bergen kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i høve arrangementet.
- Arrangert informasjonsmøte for nye brukargrupper i Nødnett saman med DSB der både kommunar, offentlege aktørar og frivillige organisasjonar deltok.
- Bidrege aktivt i prosess knytt til risiko for eit større næringsområde med potensielle konsekvensar for både liv, helse og infrastruktur for store områder, sikra grunnlag for vidare prosess og bidrege i høve forprosjekt ROS-analyse.
- Vore høyringspart i fleire saker frå DSB knytt til storulukkeforskrifta og utviding av industrianlegg, og tankanlegg nært skjermingsverdig objekt i samråd med Sjøforsvaret.

**Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene. (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen har gjennomført ordinært tilsyn med fire kommunar i 2017, og har i tillegg hatt tett dialog og møte med tre kommunar som er i gang med arbeid fram mot samanslåing i 2020. Ordinære tilsyn har blitt gjennomført i kommunane: Meland, Vaksdal, Austrheim og Osterøy. Dialog og møte har blitt gjennomført med kommunane Lindås, Meland og Radøy (nye Alver kommune). Dette arbeidet vil Fylkesmannen følgje opp vidare i 2018.

**Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt med ¼ av kommunene**

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	- 12.88	12.12 %	33.00	4.00

*I tillegg har det blitt gjennomført dialogmøte som involverte to kommunar som skal slåast saman, i staden for ordinært tilsyn hjå desse.*

**Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ (fra kapittel 3.1.1.3.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

Med unntak av varslingsøving for kommunane, har ikkje Fylkesmannen gjennomført øving for kriseorganisasjonane i kommunane i 2017. Vi gjennomfører planmessig øving for kommunane annakvart år, og planlegg øving der alle kommunane har høve til å delta i løpet av andre halvår 2018.

**Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.**

Fylkesmannen skal fylle ut antall øvelser gjennomført med kriseorganisasjonen i kommunene. Avvik fra resultatmålet skal kort begrunnes i kommentarfeltet.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kommuner i embetet	Antall kommuner det er gjennomført øvelser med
25.00 %	- 25.00	0.00 %	33.00	0.00

*Ikke gjennomført øving for kriseorganisasjonane utover varslingsøving i 2017, det vil bli gjennomført øving for alle kommunane i fylket som ønsker å delta i 2018.*

**3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven**

Opplæringsstilbud om sosialtjenestelova i kommunane blei gitt på kurs, i møte for leiarar, ved tilsyn og klagehandsaming. Vi har prioritert å gi opplæring gjennom «Ny i Nav», på nettverksamlingar og i fagsamlingar for Nav-tilsette. Vi har tatt utgangspunkt i lokale behov slik Nav-kontora sjølv definerer dei. Alle Nav-tilsette har fått tilbud om opplæring i dei nye reglane om aktivitetsplikt. Opplæringstiltak har vore koordinert med Nav fylke. To gonger i året inviterer vi saman med Nav-fylke alle Nav-leiarar. I desse samlingane blir viktige problemstillingar i dei sosiale tenestene drøfta.

Vår vurdering er at dei fleste Nav-kontora no har god kunnskap om regelverket.

Erfaringar frå tilsyn og klagehandsaming blir aktivt brukt i dialogen med Nav-kontor og kommuneleiing.

Vi bruker også nettsida til å formidle kunnskap om lovforståing generelt og avgjerder i prinsipielle spørsmål, slik at dei vert tilgjengelege og kan leggast til grunn ved alle Nav-kontora.

Vi har faste møtet med Bergen kommune, Nav fylke, KS og rådmannsutvalet om dei sosiale tenestene i Nav.

**Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

Alle Nav-kontor i fylket fekk tilbud om opplæring. Oppøringa blei gitt i klynger med utgangspunkt i tenesteområdestrukturen i Nav. På alle samlingane blei det gitt opplæring i reglane om aktivitetsplikt og vilkår. Bergen kommune gjennomførte sjølv opplæringa i dei nye reglane med egne ressursar. Vi meiner at kompetansen om regelverket er god om regelverket. Dette ser vi òg i klage- og tilsynssakene vi behandlar.

I samarbeid med Nav-fylke gav vi opplæring om «Ny i Nav» til alle Nav-kontor. Vi deltok på fagsamlingar for Nav-kontora i Hardanger-området og i fagsamling for tenesteområde vest.

Alle Nav-kontor fekk tilbud om å delta på fire nettverksamlingar om kvalifiseringsprogrammet og fem nettverksamlingar om økonomisk rådgjeving. Våren 2017 arrangerte vi grunnkurs i økonomisk rådgjeving og hausten 2017 hadde vi vidaregåande kurs i same tema.

Saksbehandling var tema i eit møte med Bergen kommune. I samarbeid med Nav fylke arrangerte vi to samlingar for Nav-leiarane.

**Opplæringstiltak for NAV**

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	40	40

**3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene**

Tiltak for å innfri resultatmål er samordna og gjennomført. Kapasiteten i kommunale helse- og omsorgstenester er noko betre, men det er framleis behov for vidare styrking, særleg i tenestene til utsette grupper. Det same innhald/kvalitet i tenestene. Overfor kommunal leiging har vi understreka behov for å sikre at tenestene er trygge og forsvarlege. Planlegging og systematiske vurderingar av behov og resultat er nødvendig for rett dimensjonering av tenester og effektiv bruk av ressursar.

**Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Minst 70 % av kommunene har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer på helse- og omsorgsfeltet, bl.a. kompetanse- og rekrutteringsplaner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode.

Kommunane har helse og omsorg med i samfunnsdelen av kommuneplanen. Ved siste oppteljing hadde 22 kommunar utarbeidd egne helse- og omsorgsplanar. Ein av skilnadane mellom kommunane er på kva nivå i plansystemet helse- og omsorgsplanen er utarbeidd og kor oppdaterte planane er.

Då det ikkje lenger er krav om å legge ved kompetanse- og rekrutteringsplan ved søknad om kompetanse- og innovasjonstilskot har vi ikkje bedt om planane. 17 kommunar sende likevel inn kompetanseplan i lag med søknaden om tilskot i 2017.

Vi meiner at kommunane i hovudsak er merksame på dei komande utfordringane innan helse- og omsorg. I 2017 brukte mange kommunar mykje ressursar

på prosessar knytt til kommunereforma og framtidig kommunestruktur. Det er grunn til å tru at dette påverka arbeidet med andre planar.

#### Andel av kommunene som har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer

Resultatmål	Differanse	Resultat
70	30	100

#### Flere kommuner enn i (fra kapittel 3.1.3.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Flere kommuner enn i 2015 gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens [1].

[1] Antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud og antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud fremkommer av Helsedirektoratets oversikt over tildelt tilskudd. Oversikten oversendes fylkesmennene 3 ganger i året. I tillegg fremkommer antall kommuner som har dagaktivitetstilbud til personer med demens i Kostra-skjema 4 pkt. 4. Totalt antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud fremkommer av nasjonale kartlegginger av kommunenes tilrettelagte tjenestetilbud for personer med demens. Siste kartlegging var i 2014, og neste er i 2018.

I 2016 hadde 27 av kommunane dagaktivitetstilbud til personar med demens. Vi har kontakt med kommunane og følgjer opp dei som ikkje har eit dagtilbod. Dette er små kommunar og fleire av dei gir dagtilbod til personar med demens saman med andre brukarar. Samla hadde kommunane 237 dagplassar til 535 personar med demens. Kommunane Kvinnherad, Kvam, Stord og Ulvik oppretta nye dagplassar for personar med demens i 2017. I alt blei det søkt om tilskot til oppretting av 27 nye plassar for 73 brukarar. Alle er informerte om den øyremerkte tilskotsordninga. Hovud-utfordringane er kapasitet og tilstrekkeleg differensierte tilbod i høve til funksjonsnivå og interesser som tenestemottakarane har. Det manglar også tilbod på ettermiddag, kveld og helg.

#### Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens

Resultat	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2015	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2016
2	25	27

#### Flere personer med dem (fra kapittel 3.1.3.1.1.3 i TB)

##### Rapportere på

Flere personer med demens får dagaktivitetstilbud sammenliknet med 2015 [1].

[1] Se referanse under fotnote 3.

I perioden 2015-2017 har 23 av kommunane søkt om tilskot til dagaktivitetstilbud.

I 2017 blei det søkt om tilskot til oppretting av 27 nye plassar for 73 brukarar. Fire kommunar oppretta nye dagplassar for personar med demens. Det samla talet på plassar er 237 og talet på brukarar er 535.

#### Antall hjemmeboende personer med demens som får dagaktivitetstilbud

Resultat	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2015	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2016
54	372	426

#### Personell i helse- og (fra kapittel 3.1.3.1.1.4 i TB)

##### Rapportere på

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

I 2016 var det 309 fleire årsverk i dei kommunale helse- og omsorgs-tenestene enn i 2015. Fleire tilsette har fagutdanning. Delen av årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning og med fag-utdanning frå høgskule og universitet auka. Samanlikna med 2015 blei det i 2016 i brukarretta omsorgstenster utført fleire årsverk av sjukepleiarar med vidareutdanning, ergoterapeutar og helsefag-arbeidarar. Talet på årsverk utført av psykiatriske og geriatriske sjukepleiarar gjekk ned. I institusjonar for eldre og funksjonshemma gjekk talet på lege- og fysioterapiårsverk ned. I 2016 var det også fleire årsverk utført av helsesøster og jordmor enn året før. Vi følgjer med på utviklinga av kor mange tilsette som har formalkompetanse og har dialog med kommunane om planar og prioriteringar.

**Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse**

Resultat	Antall personell i 2015	Antall personell i 2016
516	14 946	15 462

Vi har brukt tal frå SSB om sysselsette med helse- og sosialfageg utdanning i helse- og sosialtenester.

**Flere kommuner har ansatt psykolog sammenlignet med 2015 . (fra kapittel 3.1.3.1.1.5 i TB)****Rapportere på**

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenlignet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8 for 2015 og brukes til oppfølging av kommunene i 2017. IS 24/8 for 2016 brukes for å måle måloppnåelsen ved utgangen av året.

I 2017 fekk 25 kommunar tilskot til stillingar for psykologar. Fire mindre kommunar har interkommunal løysing der to og to deler ei stilling. Rekruttering til psykologstillingane tek tid og i somme tilfelle sluttar den tilsette etter kort tid.

I 2016 var det tilsett psykolog i 21 kommunar tilskot og i 17 kommunar i 2015.

**Antall kommuner som har ansatt psykolog**

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
4	17	21

Kjelde: Opplysningar frå SINTEF, psykologårsverk 2015-2017.

**Økt andel av pasienter (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IPLOS/SSB. Andelen beregnes ved å dele antall personer som får hab/rehab i kommunen på totalt antall personer med registrert behov for hab/rehab i kommunen.

Det er store skilnader i habiliterings- og rehabiliteringstenestene i kommunane. Registrerte behov for habilitering og rehabilitering blir ikkje rapportert i KOSTRA eller IPLOS. Opplysningar om kor mange som har fått rehabiliteringstenester i og utanfor institusjon er òg svært mangelfulle. I 2015 hadde 19 av 33 kommunar anten ikkje gitt tilbod eller ikkje registrert opplysningar om talet på tenestemottakarar i IPLOS. For 2016 mangla det opplysningar frå 16 kommunar. Ein del personar får habiliterings- og rehabiliteringstilbod utan at omsorgstenestene i kommunane deltek i rehabiliteringsprosessen. Tal på kor mange dette gjeld, kjenner vi ikkje til. Datagrunnlaget er så usikkert at det ikkje kan brukast til å opplyse om eventuell endring i talet kor mange som fekk tenester i 2015 og 2016. Tabellen nedanfor er difor ikkje utfylt.

Frå 2015 til 2016 gjekk talet på plassar til rehabilitering i institusjon opp, men talet på pasientar som fekk tidsavgrensa rehabiliteringsopphald i institusjon gjekk litt ned frå 2015 til 2016. Det kan vere uttrykk for at enkelte fekk lengre opphald, men ut frå behovet for plassar til heildøgns pleie- og omsorg, er det like sannsynleg at plassar som var tiltenkt rehabilitering, blei brukte til opphald for andre.

Vi meiner det framleis er mange som ikkje får habiliterings- og rehabiliteringstilbod i samsvar med behova dei har.

**Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene**

Resultat	Andel pasienter i 2015	Andel pasienter i 2016
0 %	0 %	0 %

Alle kommunane har fått informasjon om kva som skal registrerast i KOSTRA og IPLOS, men desse opplysningane er ikkje tilstrekkelege til å vurdere eventuell betring i habiliterings- og rehabiliteringstilbod i kommunane. I IPLOS-statistikk for 2016 som vi fekk frå Helsedirektoratet 17.01.18, manglar opplysningar frå mange av kommunane i fylket. Omsorgstenestene er ikkje alltid involverte i habiliterings- og rehabiliteringsprosessar. Opplysningar IPLOS og KOSTRA gir ikkje eit dekkjande bilete av tenestene. Tabellen er difor ikkje fylt ut.

**Flere kvalifiserte årsverk (fra kapittel 3.1.3.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Flere kvalifiserte årsverk enn i 2015 arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

Det manglar nasjonale indikatorar for habilitering og rehabilitering. Organisering av tenestene er forskjellig og det varierer kva yrkesgrupper som er tilknytte.

Då det ikkje oppgitt kva yrkesgrupper vi skal bruke som mål på kvalifiserte årsverk, har vi brukt: 1) ergoterapeutårsverk i pleie- og omsorg 2015 og 2016. Vi har og sett på: fysioterapeutårsverk i institusjon og årsverk i funksjonen "diagnose, behandling og rehabilitering" utført av fastlønne fysioterapeutar dei same åra. Medan talet på ergoterapeutårsverk gjekk opp frå 109 til 119, gjekk talet på fysioterapeutårsverk i institusjon ned frå 52 til 48. Fastlønne fysioterapeutårsverk i kategorien diagnose, behandling og rehabilitering i kommunehelsetenesta auka med 5 årsverk.

Auken i årsverk utført av ergoterapeutar er nødvendig, men for liten til å møte behov både med omsyn til oppfølging av enkeltpersonar og tverrfagleg samarbeid. Utviklinga i fysioterapeutårsverk til 2015-2016 er ikkje i samsvar med oppgåver og tenestetilbod som kommunane er venta å gje som følge av tidlegare utskriving frå sjukehus og satsing på habilitering og rehabilitering. Kartlegging hausten 2017 som Helsedirektoratet gjennomførte, har og vist at det er behov for større breidde i den faglege kompetansen. For kommunane sett under eitt, er det behov for styrking av fagleg kompetanse og kapasitet innan barnehabilitering og rehabilitering for store grupper som hjarte-/lungesjuka, personar med nevrologisk sjukdom og psykiske lidningar.

#### Flere kvalifiserte årsverk arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene

Resultat	Antall kvalifiserte årsverk i 2015	Antall kvalifiserte årsverk i 2016
10	109	119

*Dette gjeld utførte ergoterapeutårsverk i pleie- og omsorgstenestene. Som omtalt i teksten er ikkje dette talet dekkjande for endring i årsverk i habiliterings- og rehabiliteringstenestene i kommunane.*

#### Minst ett innsatsområde (fra kapittel 3.1.3.1.2.3 i TB)

##### Rapportere på

Minst ett innsatsområde er iverksatt i minst en relevant avdeling i 75 % av kommuner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode. Resultatet av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

14 kommunar fekk tilskot til styrking av habiliterings- og rehabiliteringstenestene og 29 (89 prosent) svara på kartlegginga til Helsedirektoratet. Vel halvparten (55 prosent) hadde plan for habilitering og rehabilitering og dei aller fleste svara at dei i middels til stor grad hadde breiddekompetansen som trengst for å gi gode tverrfaglege tilbod. Fagkompetanse som manglar er ernæringsfysiolog, audio- og synspedagog, logoped og ergoterapeut. Kommunane svara og at dei i middels til stor grad kunne gjere tverrfaglege vurderingar av behov for habilitering og rehabilitering og at brukarar som treng langvarige og koordinerte tenester får individuell plan og koordinator. Tilbod om koordinator til dei som takkar nei til individuell plan er mindre utbreidd. Det varierer om koordinerande eining er synleg og tilgjengeleg. Svara viser at det er behov for meir systematisk opplæring og rettleiing av koordinatorar, styrking av samarbeidet med brukarar og med andre tenester.

Det er skilander mellom kommunane som inneber at det er stor variasjon i innhald og omfang i tilbod. Svara om bruken av individuell plan samsvarer ikkje heilt med opplysningar vi får ved tilsyn. I mange tilfelle er individuelle planar ikkje oppdaterte og i aktiv bruk. Etter det vi kjenner til, har alle kommunane koordinerande einingar for habilitering og rehabilitering, men føresetnadane for å vareta oppgåvene som eininga er venta å ha, er forskjellige. Forventninga om at eininga skal vere tilretteleggjar for heilskaplege og koordinerte tenester på tvers av fag, nivå og etatar har førebels ikkje fått nødvendig gjennomslag.

Vi meiner det er nødvendig å styrkje tenestene for å møte behova brukarane har og spesielt i lys av målet om at kommunane på sikt skal ha eit større ansvar for habilitering og rehabilitering.

Kartlegginga gir ikkje svar på kva innsatsområde den enkelte kommunen har sett i verk i løpet av 2017. Samla meiner vi at minst 75 % av kommunane er i gang med styrking av desse tenestene innan eit eller fleire av innsatsområda i opptrappingsplanen.

#### Innsatsområde iverksatt

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	0 %	75 %

*29 av 33 kommunar svara på undersøkinga (89 %).*

#### 3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptrappingsplan for rusfeltet 2016-2020

Tiltak frå vår side er samordna med tiltak frå regionale kompetansesenter. Det er behov for å styrkje førebyggjande arbeid og kapasitet og kvalitet i tenestene. Vi har særleg lagt vekt på retten til medverknad og tiltak som fremjar samarbeid mellom instansar som gir tenester til personar med langvarige og samansette behov. Tilskot til styrking av kommunale tenester og samarbeidstiltak mellom kommune- og spesialisthelsetenester er viktige for å realisere målsettingane i planen.

For kommunane i fylket samla er det ein auke på 133 årsverk frå 2016 til 2017 i tenestene til vaksne, barn og unge. Fleire oppsøkjande team er under etablering og fleire kommunar har tilsett psykolog. Vi har oppmoda til interkommunalt samarbeid mellom kommunar som har få tilsette innan dei ulike teneste-områda. Informasjon og rettleiing frå vår side om å styrkje brukarmedverknad og tverrsektorielt samarbeid vil halde fram.

#### Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)



**Rapportere på**

Minst 70 % av kommunene sikrer brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helsefeltet [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

Vi formidla forventningar til leiarane i kommunane om å arbeide systematisk med kvalitetsforbetring. Tilrettelegging for og varetaking av retten til medverknad inngår i dette. Resultatet frå IS 24/8 kartlegginga i 2017 viser at vidare oppfølging er nødvendig. Under 70 prosent svara at dei sikra brukarmedverknad i utvikling av tenestene innan rus- og psykisk helse og eit fåtal hadde innhenta brukar-erfaringar på ein systematisk måte siste året. I tenesteytinga til enkeltpersonar svara 72 prosent at dei i stor grad arbeidde etter desse prinsippa.

**Brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helse**

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	- 7 %	63 %

Andel kommunar som svara ja på spørsmålet i IS 24/8.

**90 % av kommunene har kartlagt (fra kapittel 3.1.3.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

90 % av kommunene har kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen ved brukerplan eller annen kartlegging [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

Alle kommunane har fått invitasjon og tilbod om opplæring i BrukerPlan. Ved kartlegging i IS 24/8 i 2017 svara 70 prosent av kommunane at dei hadde kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen. Fem av kommunane som ikkje hadde gjennomført kartlegging dette året, har mindre enn 1000 innbyggjarar. Tilbakemeldingar vi har fått, er at kartleggingsverktøya ikkje er godt eigna og at desse kommunane har oversikt over behov.

24 kommunar (72 prosent) kartla ved hjelp av BrukarPlan i 2017. Med unntak av ein av dei minste kommunane deltok alle (97 prosent) i ungdomsundersøkinga i 2017.

**Kartlagt rusmiddelsituasjonen**

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
90 %	- 20 %	70 %

Kommunar med under 1000 innbyggjarar har informert om at kartleggingsverktøya er lite eigna og at dei har oversikt over rusmiddelsituasjonen. Med unntak av ein mindre kommune, deltok alle kommunane i fylket i Ungdomsundersøkinga i 2017. Det kjem ikkje fram i rapporten frå SINTEF. Vi har likevel lagt inn opplysningar SINTEF har sendt oss.

**70 % av kommunene har (fra kapittel 3.1.3.2.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

70 % av kommunene har sektorovergripende system for identifisering av personer med behov for tidlig intervensjon ved rusrelatert problematikk [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8

Alle kommunane har over fleire år fått informasjon om krav til styring og kvalitetsforbetring. Nyten av tidleg identifisering av behov er kjent. Det varierer kva samarbeid som er etablert og faktisk fungerer. Omgrepet "sektorovergripande system" er tolkbart. Det kan såleis vere forskjellig kva dei som svara på IS 24/8 kartlegginga har lagt til grunn. I 2017 svara 52 prosent av kommunane at dei ikkje hadde system på tvers av tenestene for identifisering av personar med behov for tidleg intervensjon i samband med rusrelaterte problem. Fem av kommunane som svara at dei ikkje hadde sektorovergripande system for tidleg identifisering av personar med behov for tidleg intervensjon, har kvar mindre enn 1000 innbyggjarar. I desse kommunane er talet på personar i målgruppa lågt og her vil "systemet" vere samarbeid i enkeltsaker mellom tenestene.

Det er framleis behov for å styrkje samarbeidet mellom kommunale tenester og med spesialisthelsetenesta, både for å forebygge, fange opp personar i risiko og for oppfølging av personar med identifiserte behov.

**Sektorovergripande system for identifisering av personer**

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	0 %	70 %

Tek vi med kommunane med mindre enn 1000 innbyggjarar som har svara at dei ikkje har sektorovergripande system, er resultatmålet innfridd.

**Flere kommuner har etablert (fra kapittel 3.1.3.2.1.4 i TB)**

**Rapportere på**

Flere kommuner har etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam for mennesker med rus- og psykisk helseproblematikk enn i 2016 [1].

[1] Tall hentes fra rapportering på tilskuddsordning "Langvarige sammensatte" (765.60) og "Kommunalt rusarbeid" (765.62) sett i sammenheng med IS 24/8.

I 2017 gav vi tilskot til oppretting av to nye fleirfaglege oppsøkjande team. FACT Betanien som er eit samarbeid mellom Betanien DPS og Bergen kommune, bydelane Fyllingsdalen og Laksevåg. Det andre teamet er mellom Solli DPS og Os kommune. Vi meiner resultatmålet er innfridd.

Spørsmålsstillinga i IS 24/8 i 2017 er endra i høve til spørsmål i kartlegginga i 2016. SINTEF har gjort merksam på at tala for 2016 og 2017 difor ikkje er samanliknbare. I 2016 svara 24 kommunar at dei hadde oppsøkjande team. I 2017 svara 21 kommunar at dei hadde fleirfagleg oppsøkjande team.

**Etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam**

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
24	0	24

Spørsmålsstillinga i IS 24/8 i 2017 er endra i høve til spørsmål i kartlegginga i 2016. SINTEF har gjort merksam på at tala for 2016 og 2017 difor ikkje er samanliknbare. I 2017 gav vi tilskot til etablering av to nye FACT team.

**3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid**

Vi har over tid og med dei verkemidla vi har til rådvelde, medverka til betre tilgjenge, kapasitet og kvalitet i tenestene. Med unntak av fire mindre kommunar, har alle utarbeidd oversiktsdokument. Det er stor variasjon i vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar og i kva grad utfordringar i oversiktsdokumentet blir følgde opp i planstrategien. I kommuneplanar som var til høyring i 2016 og 2017, var det brei omtale av folkehelse. Regional plan for folkehelse 2014-2025 er retningsgjevande for folkehelsearbeidet her i planperioden. Vi vektlegg folkehelseiltak i kommunal planlegging, gjennom tverrfagleg tilbakemelding i høyring av kommuneplanar og ved deltaking i planforum og plannettverk.

**Minst 75 % . (fra kapittel 3.1.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Minst 75 % [1].

[1] Helsedirektoratet vil ha dialog med fylkesmannen om kartleggingsmetode. Resultater av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

Svarprosenten på spørjeskjemaet som Helsedirektoratet formidla, var altfor liten til at resultatata kan brukast som grunnlag for svar.

Med unntak av fire mindre kommunar har alle kommunane i fylket utarbeidd oversiktsdokument. Dei er i varierende grad brukte i arbeidet med planstrategi. I kommuneplaner som vi har motteke dei to siste åra, er folkehelseomsyn tematisert og vektta mot andre omsyn. Innsatsområde og tiltak er omtalt. Tiltak for barn og unge er eit særskilt satsingsområde. I kva grad tiltaka blir gjennomførte i praksis kjem an på prioritering i handlingsdel/økonomiplan og om kommunen har personell med relevant fagleg kompetanse. Ut frå den samla kunnskapen vi har om kommunane, pågår eit langsiktig arbeid for å betre folkehelsa i alle. Det er likevel behov for å vidareutvikle systematikken i folkehelsearbeidet, frå oversikt til planstrategi og vidare til fastsetting av mål og tiltak i plan, iverksetting og evaluering av tiltak.

**Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid**

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	25 %	100 %

På grunnlag av den samla kunnskapen om kommunane, meiner vi det pågår eit langsiktig folkehelsearbeid i alle. Politiske avgjerder ligg til grunn for prioriteringane i kvar kommune.

**Minst 80 % . (fra kapittel 3.1.3.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Minst 80 % [1].

[1] Som fotnote over.

Svarprosenten i spørjeundersøkinga som Helsedirektoratet formidla er liten til at resultatet kan brukast som grunnlag for svar.

I kommuneplanar vi har gitt innspel til dei seinare åra, legg alle kommunane vekt på tilrettelegging for gode oppvekst- og levekår for innbyggjarane. Dei har òg merksemd på utsette grupper og tiltak som kan bidra til utjamning.

Sosial utjamning og barn og unge sine interesser er obligatorisk tema i embetet sitt arbeid på planfeltet. Vi meiner at kommunane i stadig større grad har dette perspektivet høgt framme, men det er framleis viktig å følgje med på korleis barn og unge sine interesser når fram i konkrete prioriteringar.

Kommunane som deltek i satsinga på barnefattigdom har sett nytta av å legge betre til rette for familier med dårleg råd, ha tilgjengelege, ikkje-stigmatiserande tilbod og innarbeide tiltak i kommunale planar som kan bidra til at forskjellane ikkje blir større. Forankring av arbeidet i plan og i leiinga er suksessfaktorar for å lukkast med å få til universelle, ikkje-stigmatiserande tiltak som kan gjere kvardagen enklare for barn og unge i familiar med dårleg råd. For utfyllande informasjon viser vi til rapportering på resultatmål 7.3.10.1.1.

#### Vektlagt utjevning av sosiale helseforskjeller

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
80 %	20 %	100 %

*Alle kommunane legg vekt på gode oppvekst- og levekår for innbyggjarane. Dei har merksam på utsette grupper.*

#### 3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester

Økosystema er under press frå oppdrettsnæring og frå utbygging av vegar, hytter og kraftanlegg. Vi har ikkje haustbare overskot av sjøaure og villaks i store delar av fylket. Reetableringsprosjekta i Vosso, i Modalen og i genbanken for Hardangerfjorden har vore viktige grep for å sikre god tilstand i desse økosystema gjennom å reetablere anadrom fisk. Bruken av genbank er avgjerande for å berge fleire av stammene i Hardangerfjorden. Utan vil stammer av villaks gå tapt. På dette området er utviklinga i strid med det nasjonale miljømålet, og med § 5 i naturmangfaldlova om forvaltningsmål for artar og deira genetiske mangfald.

Kystnaturen i fylket er under sterkt press frå spreing av framande treslag, særleg sitkagran og vestamerikansk hemlokk. Vi har sterkt søkjelys på dette temaet i verna område, medan økonomiske virkemiddel er mest heilt fråverande elles i naturen. Fokus og forventingar frå publikum er store, medan høvet til å handtere dette problemet er sterkt avgrensa.

Arbeidet med opprydding i forureina vassdrag og sjøområde held fram, både gjennom sakshandsaming etter forureiningslova og ved å gjennomføre vassforskrifta med tiltaksprogram.

#### Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner. (fra kapittel 3.1.4.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner.

Å operasjonalisere overvåkingsprogrammet for vassregion Hordaland er ei prioritert oppgåve. Vi har gjennomført to tilbodskonkurranser og tildelt overvåkingskontrakter for tiltaksovervaking i elvar og innsjøar. Overvakinga i elvane er gjort hausten 2017. Innsjøovervakinga vert gjort sommaren 2018.

Samstundes har vi arbeidd med å samkjøre ulike typar overvaking i vassområda og å få eit betre totalt oversyn over kva vassovervaking ulike partar driv med i vassregionen.

#### Økt bruk av påleggsmyndigheten (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2016.

Arbeidet med pålegg for å gjennomføre naturforvaltningsvilkår for store kraftverk følger ein femårssyklus i Hordaland, og det vart ikkje gjeve pålegg i 2017. Etter planen skal det gjennomførast undersøking i fleire regulerte vassdrag i 2018. Dette vil omfatte storkraft, truleg og fleire småkraftanlegg.

Talet på søknader om nye kraftverk i fylket har halde seg høgt også i 2017. Fylkesmannen har handsama over 20 nye saker, der vi har hatt motsegn eller rådd frå dei aller fleste. Grunngevinga er knytt til verneverdiane i vassdraget, omsyn til anadrom fisk, friluftsliv, landskap, og samla belastning på naturmangfaldet. Fleire søknader gjaldt prosjekt i verna vassdrag, som Vosso og Opo. På bakgrunn av det høge utbyggingspresset på vassdragsnaturen i Hordaland meiner vi det er lite plass for nye utbyggingsprosjekt. Miljøomsyn har og vore sentral i grunngevinga frå sentrale styresmakter i fleire viktige saker, som Øystesevassdraget og prosjekta i Valldalen i Odda.

#### Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag for tiltak i alle vedtatte vannforvaltningsplaner. Iverksatt tiltak i henhold til forvaltningsplan på eget ansvarsområde eller har en begrunnelse dersom tiltak ikke iverksettes.

Fylkesmannen har arbeidd vidare med dette i 2017. Vi har systematisert informasjonen om våre oppgaver noe som går fram av tiltaksprogram og tiltaksmodulen i Vann-Nett.

Arbeidet med å legge til rette for pålegg etter forureiningslova er starta opp, sjølv om varsel om pålegg først vil bli sendt ut i 2018. Vurderinga av tiltak etter anna lovverk vil også bli slutført i 2018.

#### 3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truete arter er i bedring

Vi har tunge utfordringar med spreing av framande artar i naturen. Særleg har vi fokus på slik spreing av framande treslag i naturskog. Ukontrollert sjølvfrøing av sitkagran utanfor etablerte plantedelt er eit omfattande og sær s krevjande problem. Fleire stader er dette problemet endå større når det gjeld edelgran og vestamerikansk hemlokk. Berberis og fleire artar mispel er i ferd med å bli eit problem i minst to viktige verneområde. Fylkesmannen legg ned stor innsats for å motverke slik spreing i verneområda. For tida er mykje fokus retta mot det største skogrestaureringsprosjektet i Noreg gjennom

tidene, der store bestandar av 5 ikkje-stadeigne treslag vert fjerna ved maskinhogst i Ånuglo naturreservat, på ein eigedom miljøvernstyresmaktene har teke over frå Statskog, der visjonen er at naturskogen skal få reetablere seg. Første fase av maskinhogsten her vart gjennomført i 2017, resten vert utført i 2018.

Vi er i gang med ein diskusjon innanfor statleg plan med Statens vegvesen om kompensasjonsvern for tapte regnskoglokalitetar ved bygging av E39 som fire-felts motorveg over Reksteren på Tysnes.

Våre tre kandidat område for marint vern har vore til høyring og vår tilråding er sendt til Miljødirektoratet. Frå høyringa av verneplanarbeidet var 5 av 10 involverte kommuner positive, dei øvrige i varierende grad negative. Verneplanen er prioritert hos oss, og vi har sett det som viktig å ha kommunar, fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet med på laget.

#### Alle tiltak for truede arter (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

Når det gjeld utvalde naturtypar der arbeidet med handlingsplanene vert koordinert av Miljødirektoratet for kystlynghei og slåttemark, har vi handsama 49 søknadar i søknadsenteret. Vi har og fått utarbeidd skjøtselsplan og inngått skjøtselsavtale i 3 nye kystlyngheilokalitetar.

Hordaland er koordinerande Fylkesmann for oppfølging av arbeidet med handlingsplan for dvergålegras. To nye lokalitetar for denne sterkt trua arten vart funne i Hordaland i 2017, men elles har arbeidet vore konsentrert om overvaking av utviklinga for dei kjende, etablerte lokalitetane i landet. Dvergålegras er truleg den plantearten i Noreg som no har det mest omfattande langtidsovervaksingsregimet, og dette ser vi stor nytte av.

Som oppfølging av handlingsplan for hubro (sterkt trua art), har det vore god aktivitet omkring prosjektet *Hubro og kraftliner i ytre Hordaland* i 2017. Fylkesmannen koordinerer arbeidet som omfattar kartlegging, overvaking og satellittmerking for å gje meir informasjon om habitatval og bruk av kraftmaster. I samarbeid med BKK skal vi vidareføre tiltak på kraftmaster for å redusere dødelegheit på hubro i prosjektområdet. Arbeidet har stor overføringsverdi til andre områder i Noreg.

Ein vesentleg del av tilskotsmidlane for trua artar er kanalisert til det nasjonale oppvekstanlegget for elvemusling i Austevoll, der samtlige bestandar av arten i Hordaland er representert for å kunne sikre den langsiktige overlevinga av desse bestandane. Diverre vart ein av bestandane våre sterkt råka av uventa og ukontrollert tilførsle av forureining i 2017, ei hending som for tida er under etterforskning. Dette gjeld Haukåsvassdraget i Bergen kommune.

#### 3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Mykje innsats har i 2017 gått med til aktiv forvaltning av våre kring 170 verneområde, særleg dei som har omfattande behov for skjøtsel. Tiltaksposten på statsbudsjettet til slike tiltak har auka monaleg dei seinare åra, noko som har gjort oss i stand til å gjennomføre slik skjøtsel i eit heilt anna omfang enn før. Særleg gjeld dette fjerning av tidlegare innplanta skog i Ånuglo naturreservat og 4 ulike sjøfuglreservat, med gode resultat sjølv om alle prosjekta krev endeleg slutføring i 2018. Vi registrerer at dette er tiltak som er høgt verdsette av kommunane der tiltaka skjer.

Vi har i dag forvaltningsplanar for eit høgt tal av verneområda våre, men har hatt avgrensa ressursar og kapasitet til å komplettere biletet i 2017. Fylkesmannen i Hordaland er koordinerande fylkesmann for verneområda på Hardangervidda, som vi deler med Buskerud og Telemark. Dette er i dag den einaste norske nasjonalparken som ikkje har eit eige interkommunalt forvaltningsstyre, noko som klart avgrensar høvet til å kunne utøve ei offensiv forvaltning av desse viktige verneområda. Ein koordinert innsats for å prøve å stimulere kommunane til å gå innfor den "nye" forvaltningsmodellen vil bli slutført frå vår side i 2018.

Utanfor verneområda har Fylkesmannen i Hordaland i 2017 hatt sterkt søkjelys på fjerning av utanlandske treslag. Også dette er eit resultat av auka løyvingar frå sentralt hald. Vi vurderer ukontrollert spreing av utanlandske treslag som sitkagran, edelgran og vestamerikansk hemlock som det største langsiktige trugsmålet mot vestlandsnaturen, nest etter klimaendring. Innsatsen på denne sektoren bør halde fram, men då er det avgjerande at tilgangen på ressursar står i forhold til utfordringa.

Ei høgt prioritert oppgåve i 2017 har vore å gjennomføre høyring av 3 store kandidat område for nasjonal marin verneplan i Hordaland. I alt femner desse kandidat områda over 356 km<sup>2</sup> sjøareal i 10 ulike kommunar. 5 av kommunane var positive til framlegget, dei øvrige var i varierende grad negative, mest av otte for at verneframlegga kan legge restriksjonar for framtidig bruk av areala til akvakultur. Oppsummering av høyringa vart saman med Fylkesmannens tilråding oversendt til Miljødirektoratet i desember 2017.

Ein annan milepæl i 2017 var at det vart reist eit nytt og sær s funksjonelt fugleobservasjonstårn i Herdla naturreservat. Realisering av dette tiltaket har vore ei krevjande sak over mange år, men er ein naudsynt føresetnad for ein velfungerande besøksstrategi.

#### Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016. (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016.

Tjongspollen i Bømlo vart verna tidleg i 2017. Totalt har vi no ei rekke område som anten er i prosess eller det er sonderingar mellom Vestskog BA og aktuelle skogeigarar. Fylkesmannen utarbeidde i 2017 ei prioriteringsliste med 62 ulike skogområde i fylket der vern av skogen kan vere av stor interesse for framtida. Denne lista er eit viktig grunnlag for Vestskog BA sin innsats på denne sektoren, i tillegg til andre område som elles vert tilbode frå skogeigarane.

Vi opplever det som krevjande å få gode miljøfaglege og forvaltningsmessige avgrensinger av verneområda. Ettersom mandatet for frivillig vern omhandlar skog, kan ikkje skogeigarane inkludere andre arealtypar i verneområdet. Trass i at det er naturfaglege gode grunner til dette. Resultatet kan bli at vi ikkje fangar opp nasjonalt viktige miljøkvalitetar og ellers kan få lite praktiske avgrensinger på verneområda.

Framdrifta med frivillig skogvern har gått tregare i Hordaland samanlikna med andre fylke. Ein vesentlig flaskehals har vore avgrensa ressursar i skogeierlaget Vestskog BA. Dette vil betre seg etter at Vestskog no har fått auka ressursar til dette arbeidet. Med fleire tilbod frå skogeigarane ville fort

vår kapasitet kunne blitt ein flaskehals. Ordninga med prosessmidlar i 2017 har såleis vore til god nytte. Vi har allereie meldt oppstart av tre nye skogvernområder i 2018.

### 3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø

Fylkesmannen gav i 2016 løyve til tiltak i forbindelse med tildekking av forurensa sjøbotn i Puddefjorden. I dei djupaste områda (> 20 meter) av Puddefjorden vert det ikkje gjennomført tiltak med bakgrunn i ein risikovurdering og kost/nytte. Tiltaka i Puddefjorden er inndelt i Indre Puddefjord (440 daa), Sørevågen (56 daa) og Nordrevågen (25 daa).

Bergen kommune gjennomfører no tiltak i Indre Puddefjorden. Prosjektet *Renere havn Bergen* starta sommaren 2017 og vert slutført sommaren 2018. Sjøbotn vert tildekkja med steinmassar (TBM-masser) frå Jernbanelinje prosjekt, ny tunell gjennom Ulriken. Tiltaket er finansiert gjennom 75 prosent tilskot frå Miljødirektoratet og 25 prosent tilskot frå Bergen kommune og Bergen og Omland Havnevesen. Innanfor dette arealet er det eit nedlagt og eit aktivt skipsverft. Fylkesmannen har pålagt tiltak etter forurensningslova § 7 fjerde ledd for skipsverfta og det aktive skipsverftet har og fått pålegg om opprydding i forureina grunn. Tiltaka ved skipsverfta er gjennomförd.

Nordrevågen er forureina frå forsvarsets aktivitetar og Forsvarsbygg er ansvarleg for opprydding. Tiltaka ble slutført i november 2017 av entreprenøren til Bergen kommune.

Ansvar for tiltak for Sørevågen er delt mellom grunneigar av tidlegare skipsverftslokalisering og Bergen kommune. Fylkesmannen har varsla pålegg til verksemda og det pågår forhandlingar om at entreprenøren til Bergen kommune gjennomfører tiltaka for dette arealet mot betaling.

Det vart gjennomført eit kjeldesøk våren 2016, i regi av tilsynspersonell frå Miljødirektoratet, Fylkesmannen og Bergen kommune for å lokalisere aktive landkjelder som kan rekontaminere tildekkingslaget. Konklusjonen var at av omlag 40 besøkte verksemdar måtte omlag 20 følgjast opp med tilsyn frå Fylkesmannen, kommunen eller felles ut fra delegert mynde. Fylkesmannen har gjennomført tilsyn ved åtte av ni verksemdar, og vil gjennomføre det siste i 2018.

Bergen havn er definert i tre delområde: Vågen (235 daa), Puddefjorden (1 985 daa) og Store Lungegårdsvann (435 daa), til sammen 2 655 daa. Fylkesmannen deltek i prosjektgruppen Renere havn Bergen (delfinansiert 50 prosent stilling frå Miljødirektoratet ut 2016).

Sjøbotn i Vågen er freda etter kulturminnelova. Tiltak for å redusere spreining av miljøgifter frå sedimenta må godkjennast av Riksantikvaren. Det er innleia dialog med Riksantikvaren etter initiativ frå Miljødirektoratet. Tidspunkt for tiltak i Vågen er ikke avklart.

Tiltak i Store Lungegårdsvann i regi av Renere havn vert tidligst utført etter utfylling i Store Lungegårdsvann i regi av Bybanen, som skal byggjast vidare mot vest. Utfyllinga blei starta i 2017 og vert slutförd 2020/2021. Fylkesmannen har gitt Bybanen Utbygging løyve til utfylling i Store Lungegårdsvann. Renere havn Bergen har fått løyve for tildekking av de resterande areala i Store Lungegårdsvann. Dette tiltaket kan trolig starte tidlegast i 2020.

Opprydding på Slettebakken og i Jekteviken blir og viktige prosjekt.

#### Tilsyn

Vi arbeider systematisk med tilsyn etter vår kontrollplan for 2017. Vi gjennomførte 67 tilsyn og fekk inn 3,1 millionar kroner i gebyrinntekter frå handsaming av søknader og tilsyn. Dette er ein auke frå 2016 då vi fekk inn 2,5 millionar kroner.

Vi deltok i 5 kontrollaksjonar i regi av Miljødirektoratet; samferdselsutbygging, akvakultur matfisk, asfaltverk, avfallsplanar i hamnar og kommunetilsyn om forsøpling. Vi bisto Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med 2 kommunetilsyn.

Som del av tilsynsplanen førte vi, i tillegg til aksjonane, 38 tilsyn ved verksemdar som har konsesjon eller er forskriftsregulerte, her under 3 fleirdagstilsyn.

Vi gjennomførte i 2017 færre tilsyn enn det som er var planlagt i kontrollplanen.

Vi viser til tidligare innsendt forslag om plikt til internkontroll etter forurensningslova. Det vil gi kommunen oversikt og kunnskap om korleis den etterlever regelverket. Videre vil internkontrollplikt understreke ansvaret for å følge lover og forskrifter uavhengig av tilsyn fra statlige styresmakter. I forslaget til ny kommunelov er det foreslått en generell plikt til internkontroll for all kommunal virksomhet. Denne hjemmelen skal erstatte særlovshjemler med plikt til internkontroll. Dette kan medføre en bevisstgjøring av kommunen, og kan gi en oversikt over område i kommunen kor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav. Tidlig avdekking av avvik gir mulighet for rask retting av mangler samtidig som det kan forhindre fremtidige overtredelser av forurensningsloven. På denne måten retter internkontrollen søkelys også på oppfølging og forbedring. Internkontroll har vært i bruk mange år i kommunene på viktige samfunnsområder som helse, sosial og barnevern. Utvidelse av internkontrollplikten til også å dekke miljø vil ikke medføre noen merbelastning for kommunen.

#### Avfall

I løpet av 2017 vart 20 løyve for avfallsanlegg gitt nye eller revidert. Fleire av avfallsanlegga som vart gitt løyve er store og har mange ulike avfallsaktivitetar. Vi har også gitt eitt avslag på ein søknad om løyve. Det nedlagde avfallsdeponiet i Rådalen har fått nye vilkår til etterdrift.

Vi har fått på plass ein felles mal tilpassa avfallsanlegg og har i 2017 brukt denne på alle løyva vi har gitt nye eller revidert. Dette har sikra meir likebehandling, kvalitet og ført til meir effektivt arbeid. Vi har i 2017 brukt ressursar på å lage eit søknadsskjema for løyve tilpassa avfallsanlegg med utgangspunkt i forurensningsforskrifta kapittel 36. Dette skal bidra til å sikre fullstendige søknadar.

I haust fekk vi inn 4 søknadar om mottak og miljøsanering av kasserte fritidsbåtar. 3 er avfallsanlegg frå før og fekk løyve etter kort saksbehandlingstid, medan vi ventar på fullstendig søknad frå det 4.

Vi har godkjent 12 av 13 finansielle sikringar for farleg avfallsmottak. Det siste mottaket har etter tilsyn stoppa mottak av farleg avfall og skal i desse dagar søkje om å endre løyvet til ikkje å omfatte mottak av farleg avfall.

I Hordaland er det 713 registrerte hamner. 247 hamner har godkjent avfallsplan. I 2018 skal 135 regodkjennast.

Det er gitt ei rekke uttaler til planer knytt til avfallsanlegg, massehandtering og bakkeplanering, og gitt rettleiing til kommunar og verksemdar om avfallsregelverket.

**Pukkverk, skipsverft, galvanoidindustri (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Pukkverk, skipsverft, galvanoidindustri, forbrenningsanlegg og fiskeforedling driver i tråd med kravene i forurensningsforskriften.

Det er åtte skipsverft som ikkje treng gjere tiltak og som formelt er sjekka ut: Solheimsviken Næringspark, Øklandsens Slip og Motorverksted, Aasheim Slipp, H&E Nordtveit Skipsbyggeri, Ottesens Skipsbyggeri, Egersund Net, Knester og Rabben havn.

Fem skipsverft er ferdig med tiltaka: Skålafjæro, Leirvik Sveis, Bergen Group Skjøndal, Marineholmen Forskningspark og Ubåtverft Laksevåg. Et skipsverft er ikkje avklart: Halsnøy Dokk.

To skipsverft skal gjere tiltak: Wartsila Rubbestadneset (ferdig med ein av to lokaliteter) og Marin Eiendomsutvikling.

**Prioriterte skipsverft**

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
Bergen Group AS Avd Skjøndal	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Marineholmen Forskningspark AS tidl Mjellem & Karlsen	Varsel, Pålegg	Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Marin Eiendomsutvikling AS tidl BMV Laksevåg	Varsel, Pålegg	Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel
Solheimsviken Næringspark AS tidl BMV Solheimsviken	Varsel, Pålegg					
Forsvarsbygg - ubåtverksted Laksevåg	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Halsnøy Dokk AS tidl Bergen Group Halsnøy	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
Skålafjæro tidl Skaalurens Skipsbyggeri	Varsel, Pålegg	Sjø				Varsel, Pålegg
Rabben Havn AS tidl Vestevik Eiendom	Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg	
Knester AS tidl Rabben Slipp	Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg	
Egersund Net AS	Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg	
Wartsila Norway avd Rubbestadneset	Varsel, Pålegg	Land	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Lerivik Sveis AS	Varsel, Pålegg	Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Ottesens Skipsbyggeri	Varsel, Pålegg					
Ole Kvernenes Båtbyggeri	Varsel, Pålegg					
H&E Nordtveit Skipsbyggeri	Varsel, Pålegg					
Aasheim Slipp	Varsel, Pålegg					
Øklandsens Slip og Motorverksted	Varsel, Pålegg					

**3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene**

Den økonomiske situasjonen generelt for kommunane i fylket må framleis bli vurdert som god. For 2017 har det berre vore ein kommune i fylket som har hatt utfordringar med å dekke inn tidlegare meirforbruk.

Denne situasjonen kan kome til å endre seg og vi må rekna med at dei økonomiske utfordringane vil auka framover. Ei årsak til det er høgare arbeidsløyse.. Det er årsaka til at kommunane i fylket både i 2016 og 2017 hadde vesentleg lågare prosentvis skattevekst enn kommunane samla i landet. Kommunane får også høge sosiale utgifter knytt til arbeidsløysa.

Mange kommunar i fylket har hatt høge eigedomsskatteinntekter frå anlegg, knytt til vasskraft eller petroleum. Kommunane er sårbare for endringar i regelverket som kan gi lågare eigedomsskatteinntekter. Utbytte frå kraftselskap, t.d. BKK, er dessutan redusert i dei siste åra.

Kommunane i fylket, utanom Bergen, har generelt eit noko høgare gjeldsniivå enn landsgjennomsnittet. Det skuldast i hovudsak befolkningsveksten i omlandet til Bergen med press på utbygging. Det gjer kommunane sårbare for eit høgare rentenivå.

Det ligg førebels ikkje føre KOSTRA - tal for 2017. Tala for 2016 syner at 32 av 33 kommunar fekk positivt netto driftsresultat i 2016. Av desse hadde 28 kommunar eit resultat som var sterkare enn 1,75 % av brutto driftsinntekter (jfr. TBU tilråding).

Kommunane får informasjon om kommuneøkonomi tilpassa fylket, i første rekkje knytt til statsbudsjettet og kommuneproposisjonen, samt løpande råd og rettleiing. I tillegg får alle kommunar brev med analyse av budsjettet - uavhengig av om dei er i ROBEK eller ikkje.

KOSTRA vert også nytta aktivt av Fylkesmannen, og av kommunane sjølve.

**Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2017 skal ikke overstige antallet ved utgangen av 2016.

Hordaland har for tida ingen kommunar i ROBEK. Det er difor lite rom før det vert avvik etter resultatmålet, men for 2017 er dette ikkje relevant.

Tett oppfølging av kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK, bidreg til å styrke oversyn og rettleiing.

Det er ei utfordring å handtere kommunar som kan vere på veg inn i ROBEK.

#### Antall kommuner i ROBEK

Kommuner per desember 2016	Kommuner per desember 2017	Avvik
0	0	0

#### Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016.

Vi har informert kommunane om feil i KOSTRA - rapporteringa. Dette er primært formidla gjennom e - post til våre kontaktpersonar på økonomiområdet i kommunane. Dessutan svarar vi på spørsmål frå kommunar til KOSTRA - rapporteringa. Problemstillinga som Bergen kommune tok opp på slutten av 2017 er drøfta med KMD (kommunen positiv til avklaring).

Tala i tabellen er knytte til eigedomsforvaltning aleine. I seg sjølv er det openbart eit mål at desse er så korrekte som mogleg, men denne rapporteringa (der tala kjem frå KMD til oss), gir sjølvsagt ikkje eit heilskapleg bilde av KOSTRA-rapporteringa. Vi ønskjer difor eit breiare felt for feilmåling, også mot tal som i større grad vert nytta i kommunal drift og statleg styring.

#### Kvalitet i KOSTRA-data

Feil per juni 2016	Feil per juni 2017	Avvik
21	18	- 3

#### 3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket

Det har vore klare mål for landbruket i Hordaland om auka produksjon og auka verdiskaping generelt innanfor dei største produksjonane i jordbruk som mjølk, lammekjøt og frukt. Mjølkeproduksjonen hadde i 2017 ei kvotefylling på 88,3 % frå 86,5 % i 2015 ( målet har vore på 88% i 2017). Største mjølkeregion er Sunnhordland med kommunane Kvinnherad, Sveio og Etne, der 33,4 % av mjølkeproduksjonen vert levert frå lausdriftsfjøs. Voss kommune har 32 lausdriftsanlegg og leverer 22,4 % av samla kvote frå desse anlegga. Samla viser dette at investeringane i lausdrift har vore mange dei seinare år, men likevel gjenstår store investeringar for å få dei små og mellomstore bruka modernisert ift framtidens regelverk.

For sauenæringa var målet om å auke lammekjøtproduksjon med 10% på 5 år, det reelle auken har vore 7 % fram til 2016.

I 2017 låg det an til sær gode avlingar på frukt, men dårleg vêr utover sommaren gjorde at avlingane blei noko lågare enn venta, men framleis god. Prisane var òg gode. Avlingstala for 2017 kan tyde på at ein har fått redusert effekten av vekselbæringa, og får jammare avlingar frå år til år. God etterspurnad av eplesider frå Hardanger gjer at ein ikkje klarar å levere nok industrieple. Næringa er no også i gang med å levere utsortert plumme til industri. I 2017 har det generelt vore mykje nyplanting av fruktareal i fylket. Hardanger har starta opp ei større satsing på morellproduksjon for å sikre produksjonen i området, noko som er viktig for merkevarebygginga.

Hogst av skogen i Hordaland gav noko lågare volum, totalt 320 543 m<sup>3</sup> i 2017 mot 325 000 m<sup>3</sup> i 2016. Hovudårsaka skuldast truleg orkanen "Nina" i 2015 som gav mykje vindfall og eit «unaturleg» høgt volum i 2016. Ein ventar framleis årleg volumauke i åra framover. Bygging av skogsvegar gav 22,9 km nye skogsvegar, noko som var vesentleg meir enn året føre. Ei stor utfordring er sær låg aktivitet med ungsogpleie i Hordaland. Kommunane har høge tilskotssatsar for ungsogpleie, men likevel er aktiviteten for låg i høve historisk planta areal med behov for skjøtsel. I 2017 vart det utført ungsogpleie på 352 dekar, mot 220 dekar året føre. Fylkesmannen vil i 2018 ta initiativ til eit prosjekt med oppsøkande verksemd hjå skogeigarane for auka forynging etter hogst og ungsogpleieaktiviteten.

#### Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt opp i tråd med nasjonal politikk og nasjonale føringer. Bruken av virkemiddelplanen knytt til miljø, næringsutvikling og skogbruk har fulgt prioriteringar gjort i Regionalt bygdeutviklingsprogram ( RBU 2014 - 2017). I arbeidet med RBU har partnerskapet vore aktivt med i alle delprogramma.

I arbeidet med Regionalt miljøprogram har næringa sine organisasjonar, kommunane, miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen, UiB og Hordaland fylkeskommunen delteke aktivt. Det regionale miljøtilskotet blei ferdigstilt etter plan med få justeringar frå 2016. Av evalueringa som starta i 2016 og vidareført i 2017, blei det gjort visse fumm som gjorde sitt til at desse justeringane var viktige. Dette gjalt spesielt tilskot til kystlynghei, og tilskot knytt til vassdrag. Desse justeringane gjorde at tilskota blei meir målretta og lettare å kontrollere. Det var få negative tilbakemeldingar og klager på ordningane i 2017. Det blei føreteke eigen forvaltningskontrollar av kommunane på regionalt miljøtilskot, her var representantar frå Fylkesmannen med kommunane ute på deira 5 % kontroll for å sjekke kommunen si gjennomføring av kontrollen.

Det Regionale næringsprogrammet har blitt gjennomført slik den årlege handlingsplanen har lagt opp til. Fire områder er prioritert som satsingsområder i Hordaland i planperioden, i 2017 blei 3 av prosjektene knytt til desse satsingane avslutta. Dette gjeld prosjekt Ny giv i sauenæring, prosjekt Satsing på mjølk og kjøt og prosjekt Dyrk smart ( avslutta 2016). Alle desse satsingsområda har gjeve gode resultat ift auka produksjon og større fornying av driftsapparatet.

Innanfor frukt ser vi ein auka interesse for saft- og siderproduksjon. Næringa er oppteke av å fornye frukttreplantingane og satsar tunkt på FoU og prosjekt ForskSmart, der nye plantesystem vert tatt i bruk. Ny kunnskap om dette vert henta frå utlandet. Dette arbeidet går på tvers av alle fruktfylka i landet, Nibio Ullensvang er det sentrale FoU-miljøet. I Hordaland blei det gjeve investeringstilskot til planting av frukttrefelt på kr 3,7 mill. kroner i 2017 - dette fordelt på 24 saker. Totalt vil det gje 193 daa nyplanta areal med snitt på 8 dekar pr. planting, fordelt på 130 daa eple, 5 daa pære, 53 daa plomme og 5 daa moreller. Den store etterspørselen etter sider og saft er med på å sette fokus på tettplanting, og å auke produksjonen av eple. Utviklinga frå 2014 viser likevel at færre dekar fruktareal vert fornya, dette året vart det planta til 406 daa fruktareal, 2015 var det 406, 2016 blei det planta 236 daa. Nytt plantesystem med fleire tre per dekar er imidlertid nesten dobla, så avlingane vil likevel auke.

I 2017 var det samla brukt 39 mill. kroner i IBU-midlar frå IN til tradisjonelt landbruk og nye næringar. Det blei løyvd 16,1 mill i tilskot til mjølkebruk - fordelt på 17 saker. I 13 av desse sakene var det innvilga støtte til investering i mjølkerobot, 4 andre saker fekk støtte til mindre investeringar i produksjonsapparatet som mjølkegrav, føringsline og gjødselkjellar. 9,4 mill. kroner blei gjeve i tilskot til storfeproduksjon fordelt på 10 saker. Sauenæringa fekk 3,8 mill. kroner fordelt på 7 saker. Samla planlegg desse produksjon med 224 vinterføra sauer etter utbygging, og produksjon av 7 tonn lammekjøtt i snitt. Byggekostnadene pr bruk er om lag 3,1 mill.

Skog og klimaprogrammet for perioden 2013 til 2017 hadde følgjande viktige strategiar;

- Sikre god infrastruktur, gode skogkulturtiltak og utvikling av markedet
- Sikre at skogen vert hogd etter optimal alder
- Syte for foryngelse av gran etter hogst der det er økonomiske- og miljømessig forsvarlig
- Sikre at skogbruk tar flerbrukshensyn og har et godt omdømme
- Arbeide for økt bruk av trevirke

Programmet har hatt ein handlingsplan med til saman 22 tiltak. Av desse tiltaka er 15 utført og nådd målsetjinga, medan resterande 7 tiltak ikkje har nådd målsetjinga innan 2017. I hovudsak gjeld desse tiltaka auka skogkompetanse og ressursar i kommunane, auka forynging og ungsogpleie samt kommunale temaplanar om skogbruk. Hovudplan for skogbruksplanlegging er ikkje oppdatert som fyrst planlagt. Ein vil starte dette arbeidet etter samanslåing med Sogn og Fjordane.

Innanfor treprosjektet "Slow Wood" blei det i 2017 vidareført arbeidet med interkommunalt nettverk for miljøvenleg byggeri (5 kommunar). Slike nettverk er ein viktig møteplass for kommunale prosjektleiarar frå ulike etatar (tverrfagleg diskusjon). Fleire store byggeprosjekt der ein vektlegg bruk av tre, vart etablert gjennom dette arbeidet. Prosjektleiaren i Slow Wood tok i 2017 initiativ til å etablere ein næringsklynge innanfor trebruk i Hordaland.

Inn på tunet har i 2017 vedtatt ny handlingsplan, med hovudvekt på koordinering av Inn på tunet-arbeidet i kommunane og auka kunnskap om bruk av Inn på tunet-tenester. Me har særleg satsing på barn og unge, psykisk helse/rus og dagtilbod for personar med demens. Det er god kommunikasjon mellom fylkesmannsembeta, som deler erfaringar og bidreg med kompetanse på mange ulike område. Det syner seg at det er svært mykje likt arbeid på utviklingssida i dei ulike fylka. Dette burde vore koordinert meir effektivt, gjerne ved å leggja det nasjonale utviklingsarbeidet (marknadsføring og omdømmebygging) til eit fylkesmannsembete.

#### **Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst.

Om ein tek totalt volum innmeldt tømmer og bereknar venta behov for forynging basert på tilvekst, vert resultatet mangelfull forynging etter hogst. Fylkesmannen meiner nok at ein del av volumet kjem frå område av fylket, til dømes langs kysten, kor det ikkje vil vere fullt ut aktuelt å foryngje ny produksjonsskog etter hogst. Ein del av denne skogen vart planta på areal til dømes utan tilkomstveggar, eller område som i dag eit utbyggingsområde grenser inntil. Difor vil det for nokre område av Hordaland vere akseptabelt om kommunen godkjenn fritak frå foryngingsplikta. Ein kan sjå utfordringar med å sikre forynging på andre og fornuftige skogbruksareal fordi skogeigar har opplevd dårleg økonomi ved hogst. To vesentlege faktorar for dårleg økonomi vil vere manglande infrastruktur og hogst av for ung skog. Fylkesmannen meiner den største utfordringa med å sikre framtidsskogen, er manglande rådgjevingsteneste for skogeigarane.

#### **Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging. (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging.

To forprosjekt for skogbruksplanlegging var under arbeid i 2017. Fylkesmannen deltok som rådgjevar på prosjektmøte. Eit forprosjekt vil vere avslutta i februar 2018 og hovudprosjekt for skogbruksplanlegging i Kvam, Jondal og Samnanger vil truleg startar før sommaren 2018. Handlingsplan for skogbruksplanlegging i Hordaland er under arbeid og det følgar dialogen med kommunen og skogeigarlaget.

#### **3.1.1.14 Bærekraftig landbruk**

Hogst av skogen i Hordaland gav noko lågare volum, totalt 320 543 m<sup>3</sup> i 2017 mot 325 000 m<sup>3</sup> i 2016. Vi meiner tilskotsordninga til skogplanting fungerer som eit ekstra økonomisk bidrag på kostnaden, men påverkar truleg i liten grad om ein skogeigar vil å plante eller ikkje. Det er blitt jobba tett mot kommunane ift skogen sin rolle i klimasamanheng, dette handlar både om vernskog knytt til jord- /rasproblematikk, men også bruk av tre i byggeri og lagring av karbon.

Det er fortsatt utfordringar ift gjengroing av kulturlandskapet. Eit gjengrodd kulturlandskap ser vi er lett for kommunane å omdisponere til næring- og boligbygging. Bruk av beitedyr er med på å halde landskapet ope, og dette har det vore fokus på gjennom prosjekter om beitelandskap, og bruk av kommunale Smil-midlar.



Det har vore store utfordringar knytt til gjødsel og gjødelhandtering i 2017 - eit år med store nedbørsmende og problem med å få gjødsla ut frå fulle lager. Det har vore informert og kommunisert med kommunane på temaer som spreietidspunkt, avstand til vassdrag, godkjenning av spreieareal.

Det har vore gjennomført prosjekter knytt til etablering av biogassanlegg basert på organiske produkt i Vossaregionen, her kjem det spennande resultat i framtida

#### Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Økt planting med tilskudd til tettere planting, og økt gjødsling, sammenlignet med 2015.

Alle søknader i 2017 om tilskot til planting over minste treantall 220 planter per dekar (G23), fekk tilskot til «tettare planting». Samla vart det gjeve kr 171 177,- som tilskot til «tettare planting» i 2017 – fordelt på 86 skogeigarar. Tilskot til tettare planting slår inn for kostnaden av plantene frå 220 planter/daa til 270 planter/daa. I kroner og øre utgjer dette ein liten del av heile tilskotet som skogeigarane mottok. Vi meiner tilskotsordninga fungerer som eit ekstra økonomisk bidrag på kostnaden, men påverkar truleg i liten grad om ei skogeigar vil plante eller ikkje. Gjødsling av skog har ikkje vore aktuelt i Hordaland og difor ikkje utbetalt tilskot i 2017.

#### Tiltak i regionalt miljøprogram (fra kapittel 3.1.6.2.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Tiltak i regionalt miljøprogram er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

Tiltak i Regionalt miljøprogram er innretta mot dei regionale miljøutfordringane. I programmet er det inkludert tiltak i høve til avrenning til vassdrag, og tap av næringsstoff til luft. Vi har elles ulike tiltak retta mot særskilte verdiar, til dømes biologisk mangfald, kulturminne og skjøtsel av særskilte kulturlandskapsverdiar. Det kan framleis vere behov for meir målretting for nokre av ordningane, men dette er òg ei balansegang i høve til kor komplisert regelverk ein kan lage, og framleis få ordningane til å fungere for både søkjarar og kommunane.

**Dagens miljøverkemiddel i landbruket utgjer ikkje tilstrekkeleg intensiver til å sikre nødvendig tiltaksgjennomføring etter vassforskrifta.** Vi ser behov for følgjande:

- *Tilskot til å auke lagerkapasitet for husdyrgjødsel.* Det er per i dag mogleg å få tilskot frå Innovasjon til dette, men det har lite fokus og det vil neppe vere mogleg for alle som har behov. Det er sær mange føretak som har for liten lagerkapasitet, mellom anna grunne underdimensjonering i planlegginga dei siste 10-15 åra.
- *Miljøinvesteringsmidlar eller annan finansiering av mindre «miljøinvesteringar» i drifta.* Dette kan til dømes gjelde etablering av inspeksjonskum ved gjødselkjeller (manglar ofte), utskifting av gjødsellagerporter som nærmar seg forventa levetid, kontroll av gjødselkjeller, utbetring av lekkasje frå gamalt lager (evt også silo til surfør), etablering av oppsamlingsvoll for å redusere skade dersom lekkasje oppstår frå gjødsellager nær sårbart vassdrag. Behovet for slike tiltak bør bli vurdert.
- *Tilskot til å opprette naturleg kantvegetasjon på prioriterte strekningar, der slik vegetasjon ikkje finnst.* Under våre tilhøve vil det oftast ikkje vere behov for planting, og dermed ikkje aktuelt med SMIL-finansiering. Ein kan setje av område til naturleg attgroing, men dette inkluderer å gje avkall på jordbruksareal, inkludert både avling og tilskotsinntekt for framtida. I tillegg kan det vere behov for særskilte tilpassingar for å unngå at tiltaket går utover dreneringssystem. Ny naturleg kantvegetasjon kan vere sær viktige på mindre strekk langs små bekkar som er viktig for gyting, men har ikkje skikkeleg finansieringsmoglegheit i dag.
- *Krav om gjødslingsjournal, og eit krav om spreieareal som ikkje berre gjeld på føretaksnivå, men også i nokon grad på teignivå.* Dagens krav om spreieareal og gjødslingsplan er ikkje tilstrekkeleg til å unngå «dumping» av gjødsel på enkeltteigar, og dermed unødig sterk overgjødsling med fosfor, og risiko for avrenning til vassdrag. Sterk overgjødsling kan i dag lett skje utan å bli fanga opp.
- *Krav om minsteavstand til vassdrag ved spreing av husdyrgjødsel (bufferzone med nullgjødsling).* Slike krav manglar i dag, og mykje praksis er for dårleg. Det er likevel viktig at krava ikkje er for strenge, og at ein tar høgde for ulike tilhøve i ulike distrikt. For Hordaland kunne til dømes ei bufferzone på berre 2 meters breidde truleg gi god effekt for vassdrag og ikkje for store unødige konsekvensar for landbruket.
- *Meir pengar i SMIL-ordninga, eventuelt også øyremerka tiltak retta mot vasskvalitet.* Dei aller fleste kommunane i Hordaland opplever at etterspørselen etter SMIL-midlar er langt større enn tilgangen, og har difor berre moderat marknadsføring av dei moglegheitane som ligg i å bruke Smil-midlar til vassmiljøtiltak.

#### Behov for nasjonalt system for digital kartfesting av spreieareal for husdyrgjødsel

I Hordaland er det vanleg å bruke husdyrgjødsel på innmarksbeita, men berre eit fåtal av desse er godkjend spreieareal. Kommunane kan ikkje gripe fatt i dette utan å ha eit system som er betre enn papir i perm. Folk leigar myke jord og spreiar husdyrgjødsel på beite på mange ulike gards- og bruksnr. Vidare skiftar leigejord frå år til år, og det kan vere ulike brukare til ulike beite på same gnr/bnr. Ein treng elles kart for å vite kva del av beita som er godkjend spreieareal, og kva som ikkje er det. Vi meiner det er behov for eit nasjonalt system for dette. Dette vil vere ekstra aktuelt i samband med revidering av forskrift om organiske gjødselvarer.

#### Grensegang for vanleg jordbruksdrift for SMIL-tiltak til gamal kulturmark.

SMIL-tilskot kan bli brukt til restaurering og skjøtsel av gamal kulturmark, jmf SMIL-forskrifta § 5. Så å seie all beiterydding i Hordaland kan bli definert til å vere på areal med gamal kulturmark. Beite som blir rydda i skog/utmark i dag, har oftast vore innmarksbeite eller andre areal sterkt påverka av tidlegare landbruksdrift, men som har grodd att dei siste tiåra. Når det er snakk om tiltak med rydding av beite, inngjerding og beiting er det sær vanskeleg å skilje mellom kva tiltak/drift ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift, og kva som er tiltak for å ta vare på miljøverdiar utover vanleg drift, jmf SMIL-forskrifta § 1.

#### 3.1.1.15 Andre oppdrag

Ingen kommentarar her.

### 3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

#### 3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Den samla offentlege bustadsosiale innsatsen var samordna i arbeidet med den nasjonale strategien «Bolig for velferd» i fylket. Vi samarbeidde med Husbanken, IMDi, Bufetat, Kriminalomsorgen, Nav, Helse Vest, KS, kompetansetiljåa (KoRus-Vest/Stiftelsen Bergensklinikkene), frivillige organisasjonar (Røde Kors) og brukarorganisasjonar (Mental Helse Bergen). Innsatsen er innretta for å møte behova til forskjellige grupper som er vanskelegstilte på bustadmarknaden

Sjølv om presset på bustadmarknaden var noko mindre i 2017, hadde personar med rusmiddelproblem og psykisk sjukdom har framleis vanskar med å få eigna bustad. Det gjeld særleg dei med utfordrande åtferd.

#### Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale arbeidet i etablerte fora og læringsarenaer, og ha gjennomført minimum to kompetansehevede tiltak for kommunene i fylket om boligsosialt arbeid.

Fylkesmannen leier programkomiteen som samordnar arbeidet med strategien "Bolig for velferd" i fylket. Samordninga fører til meir effektive tiltak.

Presset på bustadmarknaden var mindre i 2017 enn i dei føregåande åra. Talet på bustadlaus er redusert i mange av kommunane. Personar med rusmiddelproblem og psykisk sjukdom hadde likevel vanskar med å få eigna bustad, særleg dei med utfordrande åtferd og dei som rusar seg dagleg.

Tiltak på det bustadsosiale området er integrert i dei ordinære rettleiingsoppgåvene overfor kommunane, i arbeidet med planar, tilsyn, vurderingar og behandling av klager.

Fylkesmannen har lagt til grunn at kravet om heilskapleg bustadsosial innsats ikkje berre relaterer seg til at offentlege instansar må samordne verkeemda si. Innsatsen må omfatte alle dei forskjellige gruppene som er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Eit døme er Bergen kommune som gjennom målretta innsats over tid har auka kapasiteten på tilpassa kommunale bustadar og redusert talet på personar som står på venteliste for kommunal bustad vesentleg. Bergen har difor ei målsetting om å redusere/fase ut midlertidige butilbod grunna endra behov i kommunen.

#### Fylkesmannens bidrag til at det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	1	3

Tiltak 1) Tilsiktskonferanse jan 17 - samordning på tvers, alle kommunar i fylket. Tiltak 2) Omsorgskoferanse mai 17 - samordning på tvers, alle kommunar i fylket. Tiltak 3) Oppfølging av bustadssosialt arbeid i enkeltkommunar - samordning på tvers, besøk hos 6 kommunar i 2017

#### 3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap i fylket

Hordaland opplevde ei dramatisk hending i Osterøy kommune, då eit jordskred råka eit bustadhus og eit menneske mista livet. Hordaland er eit fylke med mykje naturfare, særskilt knytt til skred og flaum. Hendinga retta merksemd mot betydninga av godt arbeid med samfunstryggleik og beredskap knytt til arealplanlegging, og at omsyn til framtidige klimaendringar gjer det enno meir aktuelt å ha merksemd på.

Fylket opplevde tre ekstremvêrhendingar i 2017, "Vidar" i januar, "Aina" og "Birk" i desember. Jordrasen på Osterøy skjedde i samband med ekstremvêret "Aina". Embetet har tatt i mot, kvittert og vidareformidla beredskapsvarsel. Loggen vår i DSB-CIM viser 335 oppføringar, knytt til varsel og hendingar i 2017. Vi har rapportert til DSB ved større hendingar.

Embetet fulgte dei varsla ekstremvêra og hendingar i fylket, og hadde i fleire tilfelle dialog med regionale aktørar og råka kommunar. Hendingane vart handtert av naudetatar og kommunane, og det var ikkje behov for samordning frå Fylkesmannen.

Ressurssituasjon førte til at vi ikkje nådde resultatmål for tilsyn med kommunal beredskapsplikt, berre 4 av 9 tilsyn vart gjennomført. I samband med kommunale samanslåingsprosessar, har det òg vore dialog, møte og oppfølging av kommunar som skal slåast saman, med merksemd på deira arbeid for ny kommune. To av kommunane som er fulgt opp med omsyn til samanslåing, skulle etter planen ha blitt ført tilsyn med i 2017. Embetet har jobba internt med systematikk og kvalitetssikring knytt til gjennomføring av tilsyn med kommunal beredskapsplikt. I høve samanslåingsprosessen med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, har òg dei delteke i dette arbeidet. Tilsyn var òg fagtema på første felles samling på Voss i november for dei tilsette på beredskapsseksjonane.

Fylkesmannen har dei seinare åra valt å gjennomføre øving for alle kommunale kriseleiarar samla. Ressurssituasjon i 2017 gjorde at det ikkje vart gjennomført "Øving Hordaland" med tilhøyrande kompetansehevingstiltak som tenkt. Dette er planlagt gjennomført i 2018.

I samband med Sykkel-VM i Bergen i september, fulgte Fylkesmannen planleggingsarbeidet og gjennomføringa tett som observatør. Embetet nytta òg høvet til å gå gjennom eige planverk, kontaktlister og rutinar. Arrangementet medførte at beredskap og infrastruktur vart svært påverka, og det var knytt mykje spenning til gjennomføringa av eit så stort arrangement som stengte av store delar av byen over tid. Fylkesmannen nominerte Bergen kommune som kandidat til DSB sin Samfunnsikkerhetspris for 2017 for arbeidet dei gjorde i samband med Sykkel-VM, og embetet er glade for at kommunen fekk tildelt prisen.

Embetet deltok aktivt i prosjektarbeid med utvikling av malar for fylkesmennene sitt SBS-planverk i perioden februar til oktober.

Gjennom året utarbeida embetet høyringsuttaler i høve mellom anna NOU 2016:19 om "Samhandling for sikkerhet", i tillegg til nye og reviderte rettleiarar innan samfunstryggleik og beredskap.

**Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser av regional betydning, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter hendelsen.

Hordaland har opplevd fleire uvær i 2017. Den mest dramatiske naturhendinga i fylket var eit jordskred i Osterøy kommune der eit menneske mista livet. Hendingane fylket har sett har ikkje vore av ein slik karakter at dei har kravd samordning frå embetet, dei har blitt handtert av naudetatar og kommunane sjølv. Det har såleis ikkje vore aktuelle hendingar å evaluere for Fylkesmannen.

**Fylkesmannen skal evaluere eller (fra kapittel 3.2.1.2.1.2 i TB)****Rapportere på**

Fylkesmannen skal evaluere eller delta i evalueringen av alle regionale øvelser hvor fylkesmannen har deltatt og fylkesmannens embetsøvelser, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter øvelsen.

Fylkesmannen har ikkje utarbeida evalueringar for øvingar i 2017. Embetet deltok i planlegging og gjennomføring av Sykkel-VM. Fylkesmannen sin rolle var som observatør, og deltok som tilsynsmyndigheit i gjennomføringa. Fylkesmannen var òg observatør ved evalueringa som vart gjennomført etter Sykkel-VM.

**3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring**

Gjennomføring av landsomfattande tilsyn på kvart fagområde blei prioritert. Val av verksemder byggjer på vurdering av risiko og sårbarheit i tenestene og så langt som råd, kjennskap til aktivitet frå andre tilsynsetatar. Resultat frå tilsyn blir oppsummert og presentert for andre med oppmoding om å gjennomgå egne tenester. Vi legg vekt på at leiarar har eit særleg ansvar for å leggje til rette for medverknad og forsvarlege og trygge tenester.

I mange saker der samarbeid mellom ulike tenester var problemet, inviterte vi til møte med tenestene og den det gjaldt for å finne løysingar, endre praksis og utvikle samarbeidet.

**Alle tilsyn på Helsetilsynets områder (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder hvor det er funnet brudd på lov- og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

Tilsyn på fagområda helse, omsorg, sosial og barnevern blir følgde opp i samsvar med retningsline frå Helsetilsynet. Verksemdene blir følgde opp inntil tiltak som er sette i verk for å rette lovbrøt, er evaluerte og leiinga kan vise at tiltaka er eigna og fungerer over tid.

**3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer**

I klimaarbeidet har vi til no hatt få verkemiddel for å få utsleppa ned. Den nye støtteordningen for klimatiltak i kommunene *Klimasats* gir Fylkesmannen ein ny rolle for sikre reduksjon i klimagassutslipp. Etter vårt syn bør staten følgje dette opp med i større grad å etterspørre resultat i det kommunale klimaarbeidet, særleg gjeld dette resultat fra den kommunele klima- og energiplanen. Det er så langt for få kommunar som søker om midler frå *Klimasats*.

Vi deltek i klimanettverket Klimapartnere i Hordaland, det største privat/offentlige nettverket i landet, der aktiviteter som klimaregnskap, idebytte, erfaringsutveksling og seminarer vert gjennomført. Arbeidet med klima er og eit viktig tema i plan, beredskap og landbruk.

På slutten av 2016 vart det lagt fram to rapporter, ein for Vossevassdraget og ein for Opovassdraget, begge varig verna vassdrag. Rapportane var ein molegheitsstudie finansiert av NVE, kommunane, Miljødirektoratet og Fylkesmannen for å vurdere aktuelle tiltak etter flaumen i 2014. Stortinget opna i desember 2016 for konsesjonhandsaming av flaumverk med tunnel og kraftverk i nedre delar av vassdraget. Arbeidet heldt fram i 2017 og det vert arbeid vidare med utgreiing av konkrete flomsikringsiltak i begge vassdrag, parallelt med konsesjonssøknad om flaumtunnel og kraftverk i Opo.

**Hatt dialog med alle kommuner i fylket (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)****Rapportere på**

Hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventninger til klima- og energiplanleggingen.

I samarbeid med Hordaland fylkeskommune vart det arrangert ein samling for kommunane for å få fleire til å søke midler frå *Klimasats*. Miljødirektoratet deltok. Deltakinga frå kommunane kunne vore betre. Alle kommunane i fylket har utarbeid førstegenerasjons klima- og energiplanar, og nokre er igang med rullering.

**FM har hatt dialog med alle (fra kapittel 3.2.1.4.2.1 i TB)****Rapportere på**

FM har hatt dialog med alle kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, samt fulgt opp kommunene for å iverksette nasjonale føringer for tilpasning til klimaendringer.

Fylkesmannen informerer alle kommunane statlege verkemiddel og regelverk for å kunne tilpasse seg til eit klima i endring. Nye statlege planretningslinjer, tilskotsordninga *Klimasats*, tilskotsordningar om klimatilpassing og revisjon av kommunaplanar inkludert klima- og energiplanar er viktige verkemiddel for å tilpasse samfunnet endringane.

Vi har arrangert samlingar for kommunane om tilskotsordninga *Klimasats* då det til no berre er ein fjerdedel av kommunane som har søkt. Vi nyttar og nettsida vår i dette informasjonsarbeidet.

Oppfølging av flaumen i 2014 i to vassdrag har og løfta medvite om klimaendringane. Det same gjeld jordskredet på Osterøy sist haust som på nytt sette søkjelyset på risiko- og sårbarheitsarbeidet på alle nivå.

### 3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktnings situasjonen

Utviklinga på flyktningsfeltet har ført til at embetet sine innsatsar dreier seg mot integrering/inkludering og ikkje lenger handlar om å få opp busettinga. Vi har samarbeid om kurs og kompetanseheving til kommunane om det regelverket som gjeld nyankomme og minoritetsspråklege. Dette har vi mellom anna gjort i regi av 0 - 24 satsinga. Samarbeidet mellom verjemål og utdanning har vore viktig her. Vi deltek i faste møtepunkt med annan regional stat, og særleg er kontakten med Husbanken nyttig.

Embetet har hatt eit oppdrag frå JD i kjølvannet av busettingsprosjektet (2015 og 2016) der målet var å dele erfaringane frå arbeidet med øvrige embete. I Hordaland har mange kommunar tatt skjønnsmidlar i bruk for å utvikle nye samarbeidsformer og ordningar til beste for integrering og kvalifisering av flyktingar. Samla sett er det gitt skjønnsmidlar til 24 ulike prosjekt som kan kategoriserast under tre overskrifter: arbeid og kvalifisering, bustad og einsele mindreårige.

Erfaringar frå prosjekta kan ha stor nytteverdi for øvrige kommunar, ikkje berre i fylket, men i landet elles. Vår løysing på oppdraget om å dele erfaringar var difor å gjere dette i ei digital løysing.

#### Andel flyktinger bosatt innen (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Andel flyktinger bosatt innen 6 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 90 % Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

Andel busett innan 6 mnd. = 73 %

Andel busett innan 12 mnd. = 98 %

#### Andel enslige mindreårige bosatt (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Andel enslige mindreårige bosatt innen 3 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 80 %.

Andel EM busett innan 3. mnd. = 46 %

### 3.1.2.6 Andre oppdrag

#### Utdanning

Også i 2017 fekk FMHO i oppdrag å forvalte tilskott til private barnehageeigarar med barnehagar i fleire kommunar/fylker. Dette har vore eit tidkrevjande arbeid, men likevel noko enklare enn første året ordninga blei prøvd ut i 2016. Vi har levert rapport frå prøveordninga og viser til den for detaljert informasjon og vurdering. Overordna vil vi løfte fram at det er stor interesse for ordninga frå private aktørar, og at søknadsmengda til ordninga har vore stor.

### 3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivare tatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

#### 3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling

Klagebehandling og tilsyn er prioritert i embetet si oppgavløysing på utdanningsområdet. Det er eit mål for embetet å føre tilsyn i saker vi vurderer det som eit godt eigna verkemiddel. I tråd med 0-24 oppdraget har vi ført vidare satsinga mot barnefattigdom og som eitt element her fører vi tilsyn med gratisprinsippet. Vår konklusjon er at reglane i stadig større grad er forstått og følgt i kommunane og såleis kan vi anta at tilsynsarbeidet i denne samanheng har ført til betre regeletterlevelse, som kjem barn og unge til gode.

I 0-24 satsinga for utsette barn og unge, har embetet valgt å halde tilrettelegging for barn i barnehagar med funksjonsnedsetjingar høgt. Vi har gjort ei kartlegging av alle kommunar med spørsmål om kor mange vedtak dei har fatta etter §19g i barnehagelova. Etter denne kartlegginga besøkte vi alle kommunane og informerte om regelverket. Vi har handsama mange klagar og såleis fått eit solid grunnlag for å vurdere korleis kommunen praktiserer regelverket. Dei kommunane som anten ikkje har fatta vedtak, eller som ikkje har fått klagar, var aktuelle for tilsyn etter same regelverket. Vi har konkludert med at informasjon om regelverket er blitt betre kjent på alle nivå i løpet av året. Vi meiner og vi har grunnlag for å seie at kvaliteten i kommunane sine vurderingar og saksbehandling er blitt betre.

Klager blir, i det alt hovudsaklege, behandla innanfor ein frist på 4 veker. Dette seier vi oss godt nøgd med. Tilsynskravet frå Udir er nådd.

I tillegg til samlingar for kommunar der vi rettleier om lov og regelverk og andre statlege satsingar, bruker vi nettsidene aktivt. Vi ligg høgt i talet på publiserte saker, og vi ligg høgt i tal på abonnentar. Dette er ein indikasjon på at vi produserer nyttig informasjon som når ut til sektoren.

Tiltak for å nå målsettingane

For å nå målet har embetet prioritert ned deltaking i møtepunkt og andre samlingar, mellom anna i regi av Udir, men då med unntak for samlingar knytt til ny handhevingsordning. Når vi reduserer eigen deltaking, og ofte berre er representert med ein medarbeidar har vi i løpet av 2017 anslagsvis spart inn 5-6 vekeverk medreikna tid som går med til reising.

**Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)****Rapportere på**

Minimum 2 tilsyn per år.

Det er gjennomført og avslutta tilsyn med desse to kommunane : Osterøy kommune og Meland kommune.

**Det enkelte embetets omfang (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Det enkelte embetets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2016, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Krav frå Udir:

Opplæringslova 42 poeng. Resultatkravet er nådd.

Barnehagelova 16 poeng. Resultatkravet er nådd.

**Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehagemynda sin tilfredsheit med FMHO sine tilsyn = 3,3 (Landsgjennomsnittet for 2016 = 3,6)

Skuleeigar sin tilfredsheit med FMHO sine tilsyn = inngår i samla vurdering av virkemiddel: 3,8 (landsgjennomsnittet for 2016 = 3,6)

**Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehagemynda sin tilfredsheit med FMHO sin klagebehandling = 3,4 (landsgjennomsnittet i 2016 = 3,2)

Skuleeigar sin tilfredsheit med FMHO sin klagebehandling = inngår i samla oversikt over virkemiddel = 3,8 (landsgjennomsnitt 2016 = 3,6)

**Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Barnehagemynda sin tilfredsheit med FMHO sin rettleiing om regelverk = 3,9 (Landsgjennomsnittet for 2016 = 3,8)

Skuleeigar sin tilfredsheit med FMHO sin rettleiing om regelverk = Inngår i samla resultat for virkemiddel = 3,8 (landsgjennomsnittet for 2016 = 3,6)

**Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.6.1 i TB)****Rapportere på**

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Antall byggesaker som er behandlet i 2017 er **481**. Vi har stadfestet 399 saker. Vi har omgjort/opphevet 82 saker (dvs klagen er tatt til følge). Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for klagesakene er 10 uker. Vi har oversittet fristen i 12 saker. Dette skyldes innhenting av ytterligere opplysninger, samt behov for befarings.

**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 10 %	90 %	445	402

Vi vil opplyse om at det har vært en del feilregistreringer i sysam. Dette skyldes at arkivet hos Fylkesmannen og sysamregistreringen ikke har vært synkronisert. Vi har dermed registrert antall byggesaker 481, mens sysam har 445. Vi har oversittet fristen i kun 12 saker. Dette skyldes innhenting av ytterligere dokumenter og befarung i saken. Vi har eksempelvis fått registrert fristavbrudd i sysam med 1 til 4 dager i flere saker. Dette er ikke korrekt. Oppsummert har Fylkesmannen ingen fristavbrudd i byggesakene som skyldes reell fristoverskridelse. Vi har dermed overholdt saksbehandlingstiden.

**Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.6.2 i TB)****Rapportere på**

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Vi har registrert 2 fristavbrudd på 6 ukersfristen.

**BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 43 %	57 %	7	4

Viser til kommentar i ovennevnte felt under byggesaker. Her er feilregistrering i sysam. Vår registrering i arkivet hos Fylkesmannen har ikke vært synkronisert med sysam. Vi har dermed ikke registrert samme antall fristoverskridelser.

**Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.7.1 i TB)****Rapportere på**

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker

Vi har behandlet 58 klagesaker på reguleringsplaner. Vi har stadfestet 52 saker og opphevet/omgjort 6 saker (dvs klagen er tatt til følge). Det er 7 saker som ikke er behandlet innen fristen, se kommentar under tabellen.

**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i klager over reguleringsplan**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 43 %	57 %	58	33

Fylkesmannen vil opplyse om at det har vært flere feilregistreringer i sysam. Dette skyldes at Fylkesmannens arkiv og sysamregistreringen ikke har vært synkronisert tilstrekkelig. Vi ser dermed at første år med sysamregistrering ikke blir helt korrekt. Vi har hos oss registrert 7 saker med fristavbrudd. Dette skyldes kompliserte og tidkrevende regulerings saker der det har vært behov for ytterligere dokumentasjon fra partene i saken.

**Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.1 i TB)****Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har i 2017 behandla 7 saker om ekspropriasjon i første instans. Alle sakene vart behandla innan fristen på 12 veker.

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	7	7

**Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.2 i TB)****Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har i 2017 behandla ein klage på kommunalt vedtak om oreigning. Saka vart behandla innan fristen på 12 veker.

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område**

Resultatmål	Differanse	Opnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	1	1

**3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning**

Dette området har stor fokus og det er kort sakshandsaminga på dei fleste ordningane. På embetet er det også i 2017 vore samarbeid på tvers av avdelingane med fokus på kvalitet og gjennomføringa av tilsyn på tilskotsområdet. I tillegg til å sørje for forsvarleg sakshandsaming, bidreg Fylkesmannen med rettleiing og kurs for kommunane fortløpande. Dette for å fremje rettsikkerheit og unngå ulik sakshandsaming i kommunane. Gjennom dette ynskjer ein også å oppnå ein heilskapleg og felles forståing av dei ulike regelverka på tvers av kommunane.

Fylkesmannen sender fortløpande ut informasjon til kommunane når det kjem endringar innan dei ulike regelverka, men også anna relevant informasjon. Det blir føreteke forvaltningskontrollar hos kommunane innan dei ulike ordningane og regelverka for å sørje for forsvarleg sakshandsaming, der eventuelle manglar blir påpeikt slik at dette blir retta opp i ved seinare sakshandsaming.

**Gjennomført kontroll av foretak (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

Føretakskontrolla har dette året vore knytt til kontroll av skogsbilvegare, investeringstilskot i organisert beitelag og standardisert erstatning husdyr. Når det gjeld avvik ift vedlikehaldskontroll av skogsbilvegare, er desse knytt til ein veg. For dei andre veglaga er det berre merknader. Vedlikehaldskontroll vil vere tema på kommunekonferanse i februar 2018 og ei eige samling med fokus på skogsvegare for dei skogansvarlege i kommunane i april 2018.

**Kontroll av foretak og oppfølging av avvik**

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Fossedalen Beitelag	Investeringer i organisert beitebruk	0	0
Skytjebakken skogsveg, Osterøy	Vedlikehold av skogsbilvegare	4: Vegen mangler grøfter, eller grøfta er fylt opp med masser, vegen har manglande slitelag, det ligg masser på vegskulder etter køyring med tømmerbilar, grov puk som forsterkningslag - det mangler finare grus oppå som slitelag	0: avvik må rettast opp innan mai 2018, dette skal meldast til Osterøy kommune
Bontveitdalen skogsveg, Bergen	Vedlikehold av skogsbilvegare	0	0
Sakslivegen skogsbilveg, Osterøy	Vedlikehold av skogsbilvegare	0	0
Stemmedalen skogsbilveg, Osterøy	Vedlikehold av skogsbilvegare	0	0

Skogsbilvegare og vedlikehaldskontroll vil vere tema på kommunekonferanse i februar 2018 og ei samling med berre fokus på skogsvegare for dei skogansvarlege i kommunane i april 2018. Skogsbilvegare vil få ei direkte oppfølging.

**Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon**

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs RS 2016-17?	Ja
Tal kontrolltiltak av foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er fulgt opp etter kontroller i 2016	2
Tal kontrolltiltak av foretak som skal følges opp vedr produksjonsgrensen i 2018	0
Tal kontrolltiltak av foretak det er gjennomført stedlig kontroll hos i 2017	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er kontrollert pga mistanke om driftsfellesskap	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er ilagt standardisert erstatning	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er ilagt standardisert erstatning pga driftsfellesskap	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er kontrollert, men vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	1
Beløp som er ilagt i standardisert erstatning	7200

For pkt. 9 og 10 gjelder at klagefristen går ut 1.febr.

**Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 % av kommunene.

Kontroll av juridiske virkemidler er tatt med i kontrollplanen. Det er ein diskusjon om kontrollen kan takast med her, sjølv om både grunnlaget for kontroll og resultat ikkje er del av dei økonomiske ordningane. Vi har hatt 7 kontrollar utenom kontrollane knytt til Jordlova, så kravet om kontroll av 20 % av kommunane er uansett innfridd. Dei avvika som blei registrert, vert følgt tett opp av Fylkesmannen på ulik måte. Fokus på miljøkvalitetar i vassdrag, rammevilkår for kantsonar, produksjonstilskott og kantsonar, skjøtsel av landbruksvegar og avrenning ved bygging av vegar og hogst, vert tatt opp som tema i landbrukskonferansen 2018 nå i februar. Det har i 2017 vore gjennomført 4 dialogmøter med kommunane, der oppfølging av forvaltningskontrollane har vore tema.

Oppfølging av kontrollar etter Jordlova vert tatt opp i form av rettleiing og informasjon på kurs og samlingar. I 2018 er vi igang med etterutdanningskurs for kommunane i jordlov og konsesjonslov, dette er eit samarbeid med dei andre vestlandsfylka.

**Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene**

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Kvinnherad	regionalt miljøprogram, forskrift om organisk gjødsel, avløysartilskot ferie og fritid, avløysartilskot sjukdom	4: Omsøkt "bratt areal" ikke vilkårskontrollert, omsøkte styvingstre vart ikkje kontrollert, steingarder vart ikkje kontrollert i felten, faktisk tal sau/geit vart ikkje kontrollert i felten	sendt kontroll rapport, bedt om tilbakemelding på kva kommunen vil gjere for å betre på forholda.
Fjell	Produksjonstilskot, avløysartilskot ferie og fritid, regionalt miljøprogram	1, omsøkt/godkjent areal "skjøtsel av slåttemark" er ikkje registrert i naturbasen	sendt kontrollrapport, bedt om at kommunen fører arealet i naturbasen, kommunen vil skrive til potensielle søkarar med nye areal etter forskrifta og be om tilbakemelding
Os	Jordlova	0	
Bergen	Jordlova	2: I eit vedtak vart det ikke teken stilling til frådeling etter jordlova	Vedtaket oppheves ikkje pga tidsaspektet, sendt kontrollrapport, kommunen svarer: Rutinen ved delingsaker er at saken først vert handsama etter PBL, får søkeren ja, vert saka også handsama etter jordlova.
Stord/Fitjar	Jordlova	1: 1: utilstrekkeleg opplyst om i frådelingsvedtaka først er tatt stilling til samtykkje til omdisponering etter §9	sendt kontrollrapport, kommunen har svart: mange områder er regulert til anna føremål enn landbruk. Delingssaker som krev dispensasjon, vert det oftast gjeve avslag etter PBL og kjem ikkje til sakshandsaming etter jordlova.
Austevoll	Jordlova	1: utilstrekkeleg opplyst om i frådelingsvedtaka først er tatt stilling til samtykkje til omdisponering etter §9	sendt kontroll rapport, bedt om tilbakemelding på kva kommunen vil gjere for å betre på forholda.
Kvam	Jordlova	1: Ordlyden i vedtaket er ei samanblanding av tidligare og gjeldande §12 i jordlova.	sendt kontroll rapport, bedt om tilbakemelding på kva kommunen vil gjere for å betre på forholda.
Radøy	Kontroll av kommunens kontroll av produksjonstilskot hos foretak	0	
Øygarden	Kontroll av kommunens kontroll av produksjonstilskot hos foretak	0	
Lindås	Kontroll av kommunens kontroll av produksjonstilskot hos foretak	1: tall dyr vart godkjent utan nøyaktig teljing mot dyrellister eller fysisk teljing.	sendt kontrollrapport, bedt om tilbakemelding på kva kommunen vil gjere for å betre på forholda, ikkje motteken noko svar innan frist 1.sept.2017



Sveio	Kontroll av kommunens kontroll av produksjonstilskot hos foretak, forskrift om organisk gjødsel	3: føretaksareal ikkje vurdert eller diskutert, kommunen har ikkje rutinar for å vurdere plassering av nye gjødsellager i høve forureiningsfare, vedtaksvurderingar om dispensasjon for gjødselspreiing om hasuten i nokre tilfelle ikkje lagra i kommunearkivet	sendt kontrollrapport, kommunen har forklart avvik innan frista.
Masfjorden	Produksjonstilskot, regionalt miljøprogram	5: ingen foretak vart trekt ut til stadleg kontroll, ved søknadsomgang aug.2016 vart det ikkje føreteke avkorting av foretak utan gjødselsplan, ikkje sendt brev til foretaket der søknaden vart stoppa og søkjaren ikkje fekk utbetalt tilskotet. RMP: Ingen foretak vart trekt ut til stadleg kontroll, kommunen har ikkje føreteke vurdering av avkorting ved uriktige opplysningar frå søkjaren, i fleire tilfelle ikkje lagt inn grunngeving for forskjell mellom omsøkt verdi i søknaden og godkjent verdi	sendt kontrollrapport, bedt om tilbakemelding innan 15.febr. på kva kommunen vil gjere for å betre på forholda.

Vi har og lista opp kontroll av Jordlova som er kontroll av juridisk virkemiddel. Det er ein diskusjon om den kontrollen kan takast med her, sjølv om både grunnlaget for kontroll og resultat er ikkje er del av dei økonomiske ordningane. Om dette kan vere med i forvaltningskontrollane bør avklarast i løpet av 2018. Vi vel å ta desse med i rapporten over forvaltningskontrollar i 2017 slik det vart gjort tidlegare og. Vi har gjort 7 kontrollar utenom kontrollane med Jordlova, så kravet om kontroll av 20 % av kommunane er uansett innfridd. FMHO tar med bakgrunn i 2017-kontrollar opp følgjande tema på kommunekonferansen i 2018: fokus på miljøkvalitetar i vassdrag, rammevilkår for kantsonar, produksjonstilskott og kantsonar, skjøtsel av landbruksveggar og avrenning ved bygging av veggar og hogst. Oppfølging av kontrollar etter Jordlova vil vi ta opp på eit eget seminar.

#### Forvaltningskontroller av kommunene

Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	16	36 %	12	33

Vi gjennomførte 12 "ordinære" forvaltningskontroller i tillegg gjennomførte vi kontroll av samlege kommunar på varsel om låg produksjon. Vi ba om tilbakemelding på korleis konkrete varsel vart håndtert i kommunane.

#### Andel avvik avdekket under (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

##### Rapportere på

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %.

Avvik knytt til forvaltningskontroll gjeld forskrift om produksjonstilskot der feil- og varselista PT-1001C viser avvik mellom kva føretaka har omsøkt, og kor det eventuelt er avvik frå "normalproduksjon". Varsla dreier seg i stor grad om låg lammetal per søye levert til slakt knytt til gamalnorsk sauerase, låge slaktevektar og låg mengd levert mjølk til meieri. På ulik vis har alle kommunar fylgt opp avvik t.d. brev til foretak, avkorting.

#### Oppfølging av avvik avdekket under kontroll

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kontroller med registrerte avvik	Antall kontroller der registrerte avvik er fulgt opp
Oppfølging etter føretakskontroller	100 %	- 100	0 %	5	0
Oppfølging etter forvaltningskontroller	100 %	0	100 %	12	12

Generell oppfølging på kommunekonferansen i februar, men også på regionale samlingar for landbruksansvarlege i kommunane i løpet av året. Kommunar med avvik vert også tekne ut i kontroll igjen. Registrerte avvik på føretakskontroller, 4 på skogsveggar og 1 på husdyrkonsesjon, vert fylgt opp i løpet av året. I kommunar med avvik knytt til skogsveggar, har kommunen i oppsummeringsbrevet fått ein frist for etterkontroll. Dette vil også bli teken opp på samlingar for skogansvarlege. Avvik knytt til forvaltningskontroll gjeld forskrift om produksjonstilskot der feil- og varselista PT-1001C viser avvik mellom kva føretaka har omsøkt og kor det eventuelt er avvik frå "normalproduksjon". Varsla dreier seg i stor grad om låg lammetal per søye levert til slakt, låge slaktevektar og låg mengd levert mjølk til meieri. På ulik vis har alle kommunar fylgt opp avvik (t.d. brev til føretak, avkorting).

#### 3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Tiltak for å styrkje tillit til tenestene og varetaking av retten til nødvendige og forsvarlege tenester er ei sentral oppgåve i alt arbeid innan fagområda helse, omsorg, sosial og barnevern. Vi gir rettleiing om fortolkning av regelverk og legg vekt på at saksbehandlingstida skal vere kort og prioriterer saker som gjeld rettstryggleiken til enkeltpersonar. I 2017 har vi hatt særleg merksemd på saker som gjeld bruk av tvang, retten til medverknad og samarbeid mellom tenestene. Måltal for saksbehandlingstid, stadlege og planlagte tilsyn er oppfylt.

#### Antallet stedlige tilsyn skal økes (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Antallet stedlige tilsyn skal økes sammenlignet med 2016.

Tal på stadlege tilsyn er auka frå 27 i 2016 til 30 i 2017. Vi har ført tilsyn på nye saker, og fleire tilsyn er gjennomført på bakgrunn av risiko og sårbarheitsanalyse.

**Stedlige tilsyn etter kap. 9**

Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2017	Økning	Resultatmål
27	30	3	Positiv økning

**Median saksbehandlingstid for tilsynssaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

For sosialsakene var median sakshandsamingstid 0,9 måned. I tilsynssaker innan helse- og omsorgstenester var median sakshandsamingstid 4,1 måneder.

**Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %	100 %	100 %
Helse/omsorg	50 %	65 %	65 %

**Avslutning av klagesaker: Minst (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Avslutning av klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Vi har handsama 100 % av klagen innan 3 månader på sosialområdet. Innan helse- og omsorgstenester var 94 % av klagen handsama innan 3 månader.

**Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	100 %	100 %
Helse/omsorg	90 %	94 %	94 %

**Andel vedtak om bruk av tvang (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)**

**Rapportere på**

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning som er overprøvd innen 3 måneder: Minst 90 %.

Alle vedtak er overprøvd innan tre månader etter at saka er tilstrekkeleg opplyst.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	94 %	94 %

*Delen vedtak som er overprøvd innan 3 månader er høgare enn dei 94 % som er vist i tabellen. Årsaka til dette er at i Nestor registrerer vi kva tid vi mottek kommunen sitt vedtak og ikkje kva tid saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan gjennomføre vår overprøving. Alle vedtak blei overprøvd innan tre månader etter at saka var tilstrekkeleg opplyst.*

**Andel søknader om dispensasjon (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)**

**Rapportere på**

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: Minst 90 %.

Alle søknadar om dispensasjon er behandla innan tre månader etter at saka var tilstrekkeleg opplyst.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende (fra kapittel 3.3.1.3.4.5 i TB)**

**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester: 24.

Planlagte tilsyn med kommunale helse og omsorgstenester til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning og tilsyn med tenester til personar med utviklingshemning har vektal 1,5. Resultatmål 2017 tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester er oppfylt.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
24.0	- 0.2	23.8

Resultatmål 2017 tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester er oppfylt då kvart tilsyn med tenester til personar med utviklingshemming, jf. landsomfattande tilsyn i 2016 og landsomfattande tilsyn 2017 med tenester til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning er vektat 1,5.

**Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten (fra kapittel 3.3.1.3.5.4 i TB)****Rapportere på**

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 6.

Tilsyn med spesialisthelsetjenester blei utført i samsvar med resultatmål. I region vest leia vi dei landsomfattande tilsyna med spesialisthelsetjenesta: tenester til pasientar med psykisk lidning og mogleg samtidig ruslidning og sepsis i somatiske akuttmottak.

Fylkeslegen var og revisjonsleiar ved dei to planlagte tilsyna med sepsis i somatiske akuttmottak i region nord og deltok ved journalgjennomgang åtte månader etter tilsyna. Dette arbeidet går ikkje fram av tabellen nedanfor.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten**

Resultatmål	Differanse	Resultat
6.0	4.0	10.0

**Systemrevisjoner eller tilsvarende (fra kapittel 3.3.1.3.6.1 i TB)****Rapportere på**

Systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn skal være basert på risikovurderinger i de enkelte fylkene. Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester bør være i størrelsesorden: 8.

I 2017 gjennomførte vi sju tilsyn med sosiale tenester i NAV. På grunnlag av lokal risikovurdering gjennomførte vi i staden to tilsyn med kommunale barneverntenester i tillegg til det landsomfattande tilsynet med Bufetat i regionen og tilsyn med nasjonalt inntaksteam.

**Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
8.0	- 1.0	7.0

På grunnlag av lokal risikovurdering kom vil til at det var nødvendig å bruke ressursane på tilsyn med to kommunale barneverntenester og reduserte difor talet på tilsyn med NAV frå åtte til sju. Rapporten frå det eine tilsynet ble sendt først i januar 2018.

**3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende**

Embetet har i 2017 halde fram arbeidet med å vidareutvikle ei god førstelinjeteneste på verjemålsområdet og vi har arbeidd for å nå resultatmåla som er sett.

Det har vore eit krevjande år med ein særers vanskeleg ressursituasjon i tillegg til auka inngang av nye saker. Embetet måtte i starten av 2017 redusere med fire årsverk for å tilpasse oss til redusert tildeling. Som ein konsekvens av ressursituasjonen har vi ikkje klart å nå alle måla. Det har særleg vore utfordrande å nå resultatmåla for oppretting av verjemål for vaksne, og for søknadar om godtgjering og utgiftsdekning. Vi har prioritert hasteoppnemningar og midlertidig verje for tilrettelagde avhøyr, som har vore sakshandsama innanfor målkravet.

Til tross for eit krevjande år så har vi arbeidd målretta med å sikre høg kvalitet i sakshandsaminga og halde ei god, dagleg drift av verjemålsområdet. Vi har innanfor dei fleste områda utarbeidd gode rutinar og malar. Vi har også prioritert å føre tilsyn og kontroll med faste verjer. Vi har hatt opplæring og informasjonsarbeid for faste verjer og EMA-verje representantar, og vi har mellom anna arrangert to frukostmøte og hatt fagsamlingar for desse. Vi har rekruttert inn fleire nye faste verjer. Alle nye faste verjer og representantar har vore innkalla til individuelle samtalar og har fått opplæring. Eit profesjonelt verjekorps med gode og kompetente verjer er ein føresetnad for at verjemålsordninga skal fungere etter intensjonane, og dette krevjar god og målretta oppfølging frå verjemålsforvaltninga.

Vi har gjennomført samtale / telefonsamtale i samband med oppretting av verjemål med alle vergehavarar der dette har vore mogleg og føremålstenleg.

Vi har starta arbeidet med å gjennomgå verjeoppdrag med advokatsats. I 2017 er det berre oppnemnt advokatverjer i saker kor verjemålet krev juridisk bistand eller vurdert særskilt krevjande.

Alle rekneskap i det sentrale uttrekket er kontrollert innan tidsfrist, og vi har i tillegg kontrollert ein rekkje rekneskap basert på risikovurderingar og bekymringsmeldingar. Vi har tidlegare gjennomgått alle verjemål oppretta etter gamal lov for å sikre at dei har riktig status for rekneskapsplikt, men ved oppgradering av system har alle våre endringar blitt sletta. I 2017 klarte vi ikkje å prioritere ny gjennomgang av desse sakene.

Som vi ga tilbakemelding om til SRF i vårt brev av 17.10.2017 så har vi hatt store utfordringar i samband med oppgåver i Agresso og i kapitalforvaltninga, særleg knytt til kapasitet og kommunikasjon med bankane. Det er viktig at dette område blir prioritert framover når det gjeld utvikling og forbetring av funksjonalitet.

Vergemålsapplikasjonen VERA fungerer betre enn den tidlegare applikasjonen ARVE. Det er likevel mykje ustabilitet og "nedetid" i systemet noko som igjen går ut over produktiviteten.

Verjemålsforvaltninga har i fleire år vore underfinansiert. Vi går inn i 2018 med ein betre ressursituasjon på vergemålsområdet noko vi vurderar som heilt avgjerande for at vi skal kunne nå intensjonane i verjemålsreforma.

#### Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

*Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager.*

Vi har prioritert saker om oppretting av verjemål men på grunn av stor inngang av nye saker og for lite ressursar så har vi ikkje klart målkravet. I tillegg går fleire saker over frist fordi vi må innhente fleire opplysningar eller grunna manglande /mangelfull legeerklæring.

#### Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
75 %	80 %	- 5 %

#### Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)

##### Rapportere på

*Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager.*

Vi har i 2017 nådd resultatmålet om at 80 % av vedtaka skal vere fatta innan 28 dagar.

#### Saksbehandlingstid - Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
84 %	80 %	4 %

#### Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter (fra kapittel 3.3.2.1.1.4 i TB)

##### Rapportere på

*Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager.*

Vi har prioritert arbeid med godtgjøring og utgiftsdekning til verjer og representantar i 2017 men med den krevjande ressursituasjonen vi har hatt gjennom heile 2017 har vi ikkje klart målkravet.

Vi fattar omlag 3.500 vedtak i året og dette er ei av dei store mengdeoppgåva hjå oss. Behandling av søknadene er særskilt krevjande med det regelverket vi har i dag.

#### Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
60 %	80 %	- 20 %

### 3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

#### 3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene

På både skule og barnehageområdet har embetet ei årleg todagars samling med henholdsvis skuleeigar (kommunalsjef) og barnehagemynda (kommunalsjef). Her har vi høve til å drøfte kva kompetanse kommunane saknar, manglar eller ofte der kapasiteten ikkje strekk til. Vi legg dette til grunn når vi legg planar for våre samlingar, men erfaringsvis er det ikkje mogleg å nå over alle ønskje. I 2017 fekk vi likevel spennande og for så vidt løfterike drøftingar knytt til kva moglegheiter som ligg i den nye kompetanseordninga. Det er vårt inntrykk at kommunane ikkje heilt har kapasitet til å skaffe seg kompetanse på alle dei område dei sjølv meiner dei treng det.

Frå embetet si side meiner vi at forvaltningskompetanse er mangelfull (jf tilsynsplanen), men når vi snakkar med kommunalsjefane er dette ikkje det emnet dei er mest uro for. Dei er opptatt av personalet i skular og barnehagar sin faglege kompetanse, kanskje spesielt på det sosialpedagogiske området. Det er ikkje overraskande med tanke på den merksemda skole og barnehagemiljø har fått dei siste åra. For å møte kommunane sine ønskjer her blir UH-sektoren viktig, både i samhandlinga om kompetanseutvikling og i oppfølgingsordninga.

#### Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.4.1.1.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Både barnehageemynda og skuleeigar sin grad av tilfredsheit, slik det vert målt i spørsmål til barnehage-Norge og skole-Norge ligg 0,2 % lågare i 2017 enn landsgjennomsnittet i 2016. Etter vår vurdering er differansen så marginal, samstundes som rapportane har eit lågt n og at resultatane såleis må tolkast med varsemd, at vi ikkje finn det tenleg å kommentere på skilnaden mellom åra.

**3.1.5 Gjennomførte evalueringer**

I NIVI Rapport 2017:4 *Kommuneundersøkelse om den regionale statsforvaltning i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland* konsultentselskapet kartlagt kommunanes faglege og administrative relasjonar til fylkesmannen og den øvrige regionale statsforvaltninga. 46 rådmenn har svart på undersøkinga som er gjort på oppdrag frå DIFI, i samarbeid med dei tre fylkesmennene. Rapporten som ligg på nettsidene til DIFI, gjer nærare greie for undersøkinga.

Vi viser til nokre av dei viktigaste funna frå undersøkinga som er samanfatte slik i rapporten:

*\* Nesten alle rådmennene svare at Fylkesmannen inngår blant kommunens viktigste etater (93 prosent). Det er også et stort flertall som mener Statens vegvesen (13 prosent) tilhører samme kategori.*

.....

*\* Et overordnet inntrykk fra evalueringen av fylkesmannens fagavdelinger og 11 andre statlige etater er at staten har en klar overvekt av fornøyde brukere i kommunene. Det gjelder i særlig grad fylkesmannens fagavdelinger, men også andre viktige etater som Husbanken, Politiet og Statens vegvesen får gode tilbakemeldinger fra administrativ ledelse i kommunene.*

*\* Fylkesmannen får også mange positive tilbakemeldinger på definerte samordningsroller, herunder intern samordning mellom fagavdelinger, samordning av tilsyn fra andre statsetater, samordning av pålegg og sanksjoner mot kommunen og samordning/mekling ved innsigelser.*

.....

*\* På spørsmål om på hvilke områder fylkesmannens interne samordning kan bli bedre, svarer nær halvparten tolkning av regelverk og harmonisering av faglig skjønn. Vel en tredjedel svarer samordning av tilsynspraksis og like mange peker på behov for bedre samordning av valg av tilsynsmetodikk. En betydelig andel av kommunene peker også på rom for forbedring når det gjelder saksbehandlingstid og samordning av rapporteringskrav og kontrollrutiner. De fylkesfordelte tallene tyder på betydelige variasjoner mellom embedene.*

*\* I en ytterligere konkretisering av forbedringsområder, peker en fjerdedel av kommunene på at samordningsbehovet knytter seg hhv til planavdelingen og miljøvernavdelingen. De fylkesfordelte tallene tilsier avdelingsmessige utfordringer når det gjelder Fylkesmannen i Hordaland, ikke de andre embedene.*

Det vises før øvrig til rapporten

**3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks****3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver**

Inga avvik.

**3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet**

Inga avvik.

**3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet**

Inga avvik.

**3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet**

Inga avvik.

**3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet**

Inga avvik.

**3.2.6 Klima- og miljødepartementet**

Inga avvik.

**3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

Inga avvik

**3.2.8 Kunnskapsdepartementet**

Inga avvik.

### 3.2.9 Landbruksdepartementet

Inga avvik.

### 3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

#### Blir personer i målgruppen... (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Blir personer i målgruppen for programmet vurdert med hensyn til deltakelse og får de som har krav på det, tilbud om program.

Fylkesmannen har drøfta problemstillingane knytt til praksis for tildeling av kvalifiseringsprogram med Nav-leiarane i fylket.

Nokre av dei større kontora som allereie har mange deltakarar, meiner dei kunne hatt fleire i programmet og at ikkje alle får tilbud om program. Andre kontor meiner at det talet deltakarar som dei har i dag, er rett nivå. Fleire kontor går aktivt gjennom lister, medan andre kontor ikkje prioriterer dette like høgt.

Nokre Nav-leiarar seier at måltala frå Arbeids- og velferdsdirektoratet er statistisk utarbeidd, og at det særleg for små kommunar kan vere at dei ikkje har aktuelle kandidatar til programmet. Dei har ingen eller få på fast sosialhjelp. Dei meiner at talet på deltakarar er rett og grunnjev det med at dei som no er i programmet har ei reell kvalifisering; brukarane er motiverte og kjem seg i arbeid.

#### Hvilke utfordringer opplever FM... (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP.

Nav-kontora i Hordaland er generelt flinke til å nytte dei statlege tiltaka og har høg aktivitet på heile tiltaksmenyen. Mange nyttar dei statlege tiltaka som tiltak i kvalifiseringsprogrammet. Dette gjeld spesielt Nav-kontora i og rundt Bergen.

Dedikerte og motiverte rettleiarar og fokus frå leiinga vert løfta fram som suksesskriterium i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet.

Nokre kontor tilbyr andre arbeidsrette tiltak enn kvalifiseringsprogrammet. Tid til oppfølging av personar i programmet og generelt stort arbeidspress påverkar etter vårt syn kor mange som blir tekne inn i programmet. Nav-leiarene si merksamhet og prioriteringar vil ofte vere avgjerande for kva tiltak som vert nytta.

Nav-leiarane påpeiker at svært mange av deltakarane i kvalifiseringsprogrammet kjem frå introduksjonsprogrammet. Mange av dei har dårlege norskkunnskap, sjølv om dei ofte har hatt i eit år ekstra på introduksjonsprogrammet før dei vert tekne inn i kvalifiseringsprogrammet. Fleire Nav-leiare meiner at norskkunnskapane til deltakarane som har vore gjennom introduksjonsprogrammet, er for dårleg. Dette gir igjen utfordringar med den vidare kvalifiseringa til arbeid.

#### Hva er de viktigste utfordringene for FM... (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

##### Rapportere på

Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP.

Nav-kontora i distrikta og bydelskontora i Bergen har ulike utfordringar. Det er store skilnader i den faglege kompetansen og storleiken på kontora.

I fagsamlingane som vi arrangerer, er det vanskeleg å utforme program som treffer alle godt. Etter tidlegare tilbakemeldingar har vi delt samlingane mellom innlegg/foredrag og erfaringsutveksling, og vi har fått gode tilbakemeldingar på dette. Deltaking på samlingane er betre, men nokre av kontora har ikkje møtt. Dette gjeld særleg dei mindre kontora.

#### Vilkår for aktivitet for de under 30 år... (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

##### Rapportere på

Vilkår for aktivitet for de under 30 år: Fylkesmannen skal følge med på og beskrive innføring av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år og kommunenes erfaringer med den nye lovbestemmelsen.

Kommunane fekk informasjon om reglane om aktivitetsplikt før lova dei tok til å gjelde. I april og mai hadde vi 5 samlingar med gjennomgang av reglar og erfaringsutveksling mellom alle Nav-kontora i fylket utanom Bergen. Samlingane blei planlagt saman med Nav-kontora for at dei skulle vere best mogleg tilpassa.

Bergen kommune har gjennomført eigen opplæring. Vi har hatt aktivitetsplikta som tema i møte med kommunen. Vi meiner dei følger nye lovkrava blir etterlevde og at kommunen har tilrettelagt med ei rekkje nye tiltak.

Aktivitetsplikta var tema på Nav-leiarsamlingar i 2017. Våre erfaring så langt er at Nav-kontora har komme godt i gang. Enkelte kontor ønskjer klare minimumskrav til kor omfattande aktiviteten skal vere og nokre av dei mindre Nav-kontora har utfordringar med å finne tilpassa aktivitet. Vi får òg

tilbakemelding om at det er praktiske problem med å sanksjonere brot på til aktivitetskrav når det berre kan reagerast i vedtaksperioden. Kunnskap vi får i klagesaker, tilsier at praksis er i samsvar med regelverket.

#### Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

I 2015 og 2016 kartla vi krisesentertilbudet i alle kommunane. Krisesentertilbudet i to av dei tre vertskommunane er kontinuerleg følgde opp. Ein av kommunane har eit samarbeid med åtte andre kommunar. Samarbeidskommunane har vore orienterte i prosessen. Desse to tilsyna blei først avslutta i 2017. Alle kommunane er tilknytta eit krisesenter, og alle har no eit tilbud både til kvinner og menn.

#### Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

<b>Totalt antall kommuner i fylket</b>	33
<b>Antall krisesentertilbud i fylket</b>	33
<b>Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2015</b>	3
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2015</b>	30
<b>Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2016</b>	3
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2016</b>	30
<b>Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2017</b>	2
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2017</b>	0

#### Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Det har ikkje vore reduksjon i tilbud i 2017. Ingen krisesenter er lagt ned. Alle kommunane har no krisesentertilbud for menn.

#### Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudgivingslova i årsrapporten.

I 2017 ga Fylkesmannen i Hordaland 923 separasjonsbevillinger og 901 skilsmissebevillinger.

Vi har behandlet 1 søknad om dispensasjon fra ekteskapsalder.

Fylkesmannen har i 2017 mottatt 117 anmodninger om anerkjennelse av utenlandsk skilsmisse. Av disse ble 114 anerkjent og 3 fikk avslag.

Vi har behandlet 14 skriftlige søknader om fritak fra plikten til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død. 12 søknader ble innvilget, 1 fikk avslag og 1 sak ble henlagt.

Fylkesmannen i Hordaland har ikke behandlet noen saker etter brudgivingslova i 2017.

#### Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

I 2017 fatta vi har fatta to vedtak etter barnelova § 55 og eitt vedtak etter barnelova § 47.

#### Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Vi har mottatt mange forespurnader på e-brev og telefon om regelverket på familieretten sitt område. Mange av spørsmåla omhandlar samvær og fordeling av kostnader ved samvær, under dette at den eine av foreldra ikkje vil dele på kostnaden. I tillegg er det ein del spørsmål om fast bustad og

foreldreansvar. Vi har gitt råd og rettleiing, mellom anna om kravet til mekling, samt vist til informasjonsmateriale utarbeidd av BLD. Det er i stor grad foreldre som kontaktar oss, men vi får òg spørsmål frå advokatar, kommunar og andre offentlege instansar.

#### Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2017 behandlet 40 saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

#### Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familievernkantorene.

I 2015 gjennomførte vi tilsyn med alle familievernkontora i Hordaland. Fylkesmannen følgde opp eitt familievernkontor gjennom ordinær tilsynssak hausten 2016. Det vart ikkje funne lovbrøt. Ut frå vurdering av risiko- og sårbarheit og i samsvar med målkrava i verksemds- og økonomiinstruksen, fann vi ikkje grunn til å føre tilsyn med familievernkontora i 2016

#### Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2017	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015
3	0	1	3

#### Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Internt knyter dette arbeidet seg hovudsakleg til følgjande:

- fysisk tilpassing i Statens Hus når det gjeld t.d. tilgjenge, lys, informasjon
- vi har arbeidd med universell utforming av nettsidene våre og deltatt på DIFI sitt e-læringskurs om universell utforming.

Eksternt knyter embetet sin aktivitet på dette området hovudsakleg til arbeidet med plan og byggesaker.

Vi har generelt vegledningsmaterieell om problemstillingar om universell utforming tilgjengeleg på fagnettsidene våre om plan. Vi veit at desse sidene vert mykje nytta av planleggjarar i kommunane

Dersom konkrete planforslag fordrar det, bli problemstillingar om universell utforming tatt opp i diskusjonane med kommunane i Planforum og ikkje minst i dei dialogmøta vi har med kommunane som del av motsegnarbeidet/-prosjektet vårt.

I tillegg vert universell utforming adressert i byggesaker der det er eit naturleg tema. .

#### Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Likestilling og tiltak for å motvirke diskriminering er eit sentralt tema i plansaker og i dialogen med kommunane i samband med planlegging (areal- og samfunnsplanlegging). Vi legg særleg vekt på å kommentere dette til kommunanes samfunnsdel av kommuneplanane. Det same gjeld elles i møte med kommunane der dette er eit naturleg tema å ta opp.

Vi har innarbeidd likestillingsomsynet i dei interne planretningslinjene våre, slik at dette omsynet alltid skal vere vurdert når det gjeld dei kommunale planane. Desse retningslinjene vert brukte av kommunane i deira planarbeid.

Eventuelle utfordringar i fylket når det gjeld likestilling bli ved behov tekne opp til drøfting i leiargruppa. Avdelingsdirektorane er ansvarlege for å bringe inn i leiarmøte likestillingsutfordringar i fylket innanfor eige fagområde.

Den nyetablerete diskrimineringsnemnda har kontorlokal i Staten Hus frå januar 2018. Det vart i 2017 beslutta å ta kontakt med nemnda med sikte på opplæring/informasjon om nemnda sitt arbeid og dei ulike diskrimineringsgrunnlag.

#### Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)



**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak av den digitale veilederen og opplæringsprogrammet modul 1 for skoler i fylket som samarbeider med lokalt barnevern.

Fylkesmannen v/helse- og sosial avdelinga og utdanningsavdelinga har eit systematisk samarbeid med Hordaland fylkeskommune der samarbeid skolebarnevern er hovudtema. Embetet har vist til rettleiaren i alle dei møtepunktta som er naturleg, samstundes som vi viser til opplæringsprogrammet. Vi har ikkje nokon systematisk oversikt over i kor stor grad opplæringsmodulen er tatt i bruk, men det er vårt inntrykk at rettleiaren er godt kjent i sektoren.

Rettleiaren er godt kjend også i barnevernet, og vi tek den jamleg opp i møter og ved tilsyn. Skoletilbodet for barna er blitt betre. Barnevernsinstitusjonar og barnevernstenestene melder likevel om at skoletilbodet ikkje alltid er på plass når barn blir flytta til dei. Dette gjeld særleg ved akutte flyttingar og når barna bur kort tid ved ein akuttinstitusjon. Dette arbeider vi med å få tenestene til å finne løysingar for.

**Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)****Rapportere på**

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport om tilsynsvirksomheten ved barneverninstitusjoner, omsorgssentre og sentre for foreldre og barn, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjoner for omsorg og behandling § 14 og forskrift for foreldre og barn §28.

Årsrapport er utarbeidd og sendt innan fristen.

**Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale... (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbudet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i *Omsorgsplan 2020*, herunder *Demensplan 2020*.

Utviklinga av tenestene er i samsvar retning og mål i Omsorgsplan 2020 og Demensplan 2020. Framdrifta er noko ulik og det er variasjon i tenestetilboda. Mange kommunar har prioritert leiarutdanning. Det er behov for å styrkje kapasitet og kvalitet i tenestene til personar med utviklingshemming, personar med demens og innan psykisk helse og rus. Fleire kommunar har vanskar med å rekruttere kvalifisert personell, til dømes sjukepleiar, vernepleiarar og psykologar.

Demensplan 2020 er særleg følgd opp med ABC-opplæring og andre kompetansehevande tiltak. For personar med demens er det behov for fleire dagaktivitetstilbod og meir differensierte bustader. Store einingar er i mange tilfelle lite eigna, særleg for brukarar der merksemda skal vere på meistring og sjølvstende. Om lag 2/3 av kommunane har etablert pårørandeskule, aleine eller ved interkommunalt samarbeid. Vi har nært samarbeid med utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester (USHT). [Læringsnettverket om pasienttryggleik](#) deltek 19 av 23 kommunar og 21 deltek i nettverk om Demensomsorg. Kvardagsrehabilitering er under innarbeiding i fleire kommunar.

Velferdsteknologi og endra arbeidsmetodar er på veg inn i tenestene. Kommunane er komne ulikt langt på dette feltet også. Dei fleste innovasjonsprosjekta er små. Det gjer det vanskeleg å måle gevinst for brukarane og tenestene.

**Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)****Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordninger 765.60 og 765.62.

Tilskotsordningane medverkar til styrking tenestetilbod i kommunar og spesialisthelsetenesta og samarbeidet mellom dei ulike tenestene og sektorane. Tilskot er utbetalt i samsvar med belastningsfullmakt for kvar ordning.

**Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.2.2 i TB)****Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Tilskotsordningane medverkar til styrking av tenestetilbod i kommunar og spesialisthelsetenesta og til utvikling av samarbeidet mellom dei ulike tenestene og sektorane. I 2017 blei tilskot utbetalt i samsvar med belastningsfullmakt for kvar ordning. På grunnlag av opplysningar i rapportane om kommunalt psykisk helse- og rusarbeid 2016 og 2017 frå SINTEF, søknad om tilskot til stillingar og samarbeidstiltak frå dei ulike tilskotsordningane, meiner vi arbeidet er på rett veg. Kommunane har forskjellige utfordringar. Etablering av oppsøkjande team og rekruttering av kvalifisert personell er ei særleg utfordring i dei mindre kommunane. Det er få tilsette i kvar eining og ledig stilling har direkte konsekvens for fagleg kvalitet på tenestetilbodet til brukarane. Kapasitet, fagleg innhald og samarbeid mellom kommunale tenester og med andre instansar er òg utfordringar i dei større kommunane. Det er framleis mangel på tilrettelagde tilbud og differensierte dag-/aktivitetstilbod til personar i målgruppa.

**Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordningen til kommunene 0762.60.

Alle kommunane fekk informasjon og invitasjon om å søkje. Tilskot blei utbetalt til sju kommunar.

**Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)****Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Det er stor variasjon i tilbud i kommunane alt etter kva behov brukarane har og kva fagleg kompetanse og kapasitet tenestene har. Alle kommunane har koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Organiseringa er ulik og sårbar i dei kommunane denne funksjonen er knytt til ein enkeltperson. Det påverkar om og korleis oppgåvene blir varetekne.

Fleire kommunar har teke i bruk elektroniske plattform for individuell plan. Det synest ikkje å ha medverka til at fleire får individuell plan eller at tenestene er betre koordinerte. Ved tilsyn med tenester til personar med utviklingshemming og personar med samtidig rus- og psykisk lidning kom det fram at verktøyet var lite brukt og eigna. Det er svært få som klagar på manglande hjelp til habilitering og rehabilitering i kommunane.

Den faglege omlegginga av arbeidsformer er mange stader komen kort og i mange tilfelle er det ikkje kontinuitet i forløp. Kapasitet i tenestene er ikkje i samsvar med behov og inneber at ein stor del barn, unge og eldre ikkje får nødvendig hjelp. Tilbod om kognitiv habilitering og rehabilitering og logopedi er særleg mangelfulle. Det er òg ulikt kva lærings- og meistringstilbod kommunane har. I 2018 blir dette følgd opp i eiga undersøking.

**Når ble siste analyse... (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)****Rapportere på**

Når ble siste analyse gjennomført?

Sist trykte versjon av FylkesROS Hordaland 2015 vart publisert 30. desember 2014. Som rapportert for 2016, har Fylkesmannen etter den tid publisert dei einskilde kapitla på nettsidene som frittstående analysar, for å lettare kunne supplere, utvide og revidere analysane fortløpande. Det har ikkje blitt publisert reviderte eller nye kapitler i 2017, men det pågår arbeid med revisjon av eit av kapitla som vil bli publisert i 2018.

**Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist... (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)****Rapportere på**

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist oppdatert?

Ja, oppfølgingsplanen vart sist oppdatert i 2015.

**Hvilke regionale tiltak... (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)****Rapportere på**

Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

Fylkesmannen samla som vanleg fylkesberedskapsrådet til fast årleg samling over to dagar i januar. Fylkesberedskapsrådet er ein sentral arena i høve fylkesmannen sitt samordningsansvar, der dei regionale aktørane får høve til å bli betre kjent og drøfte aktuelle tema. I 2017 henta fylkesmannen både eksterne innleiarar og internt frå fylkesberedskapsrådet. Tema for samlinga var knytt til mellom anna transportberedskap, klimaendringar, og førebuingar til Sykkel-VM var elles eit hovudtema.

Fylkesmannen hadde god dialog med dei regionale aktørane gjennom året. Fylket opplevde fleire hendingar, men ikkje nokon som utløyste behov for fylkesmannen sin samordning. Ved nokre høve la Fylkesmannen til rette for dialog og avklaringar mellom kommunar og regionale aktørar i etterkant av hendingar.

**Andel hendelser av regionale hendelser... (fra kapittel 7.3.4.1.4 i TB)****Rapportere på**

Andel hendelser av regionale hendelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Ingen.

**Andel regionale øvelser og embetsøvelser... (fra kapittel 7.3.4.1.5 i TB)**

**Rapportere på**

Andel regionale øvelser og embetsøvelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Ingen. Fylkesmannen har ikkje delteke i regionale øvingar eller hatt større embetsøvingar i 2017, og har såleis ikkje utarbeida evalueringsrapportar.

**Status revisjon underliggende planverk... (fra kapittel 7.3.4.1.6 i TB)****Rapportere på**

Status revisjon underliggende planverk knyttet til nasjonale beredskapstiltak

- Status revisjon i embetets planverk – hva er gjennomført og hva gjenstår
- Status revisjon regionalt arbeid med underliggende planverk – hvilke tiltak er gjennomført

Fylkesmannen i Hordaland deltok i DSB-prosjekt saman med Fylkesmannen i Vestfold for å utvikle SBS-malverk for alle fylkesmannsembeter. Dette arbeidet vart ferdigstilt hausten 2017 og overlevert Justisdepartementet. Vi har dermed særns god kjennskap til ulike problemstillingar og er godt i gang med arbeidet.

For eige embete er det i 2018 først og fremst merksemd på samanslåing med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og det er vurdert som lite hensiktsmessig å bruke meir tid på eige SBS-planverk i 2017/2018, men at dette bør vere prioritert når embeta er slått saman i 2019.

**Arbeid knyttet til det sivilt-militære... (fra kapittel 7.3.4.1.7 i TB)****Rapportere på**

Arbeid knyttet til det sivilt-militære samarbeidet i forbindelse med *Trident Javelin 2017* og *Trident Juncture 2018*: Hvilke deler av dette arbeidet har embetet deltatt i 2017.

Fylkesmannen i Hordaland har delteke på samlingar knytt til Tridentøvingane i både 2017 og 2018. For øvinga i 2018 har vi søkt å få avklart forventningar til ressursbehov frå/i Hordaland, og fått svar frå både DSB og Forsvarsstaben om at Hordaland ikkje vil vere ein del av øvinga. Vi syns det er underleg med tanke på at landets førehandsgodkjente orlogsstasjon ligg i vår teig, men tek dette til vitande.

**Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel... (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)****Rapportere på**

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel kontrollerte vergeregnskap, samt antall verger som er under oppfølging på bakgrunn av ikke godkjente vergeregnskap.

Samla sett har vi kontrollert 1100 verjerekneskap i 2017. I tillegg til sentralt - og lokalt oppretta kontrollaktivitetar, har vi fortløpande kontrollert verjerekneskap gjennom året, i samband med bortfall av vilkår, død eller byte av verje.

Vi har omlag 20 verjer under oppfølging.

30% av verjerekneskapa vart levert elektronisk via "Altinn" eller "Melding til Fylkesmannen".

**Vergemålsordningen**

Sum	Antall kontrollerte vergeregnskap	Antall mottatte vergeregnskap
15 %	507	3 295

**Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)****Rapportere på**

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt alle vergemål opprettet etter gammel lov har riktig status med tanke på regnskapsplikt.

Vi har tidlegare gjennomgått alle verjemål oppretta etter gamal lov og endra til riktig status med tanke på regnskapsplikt. Desse endringane har blitt sletta ved oppgradering av verjemålsapplikasjonen. Vi har i 2017 ikkje hatt kapasitet til å gjennomgå alle sakene på nytt grunna vår ressursituasjon.

**Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere... (fra kapittel 7.3.4.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2017 utbetalt til saman kr 11 612 002,- gjennom rettshjelpsordninga. Av dette er kr 9 064 921,- fritt rettsråd, herunder utgifter til advokat og tolk. Kr 2 547 081,- er utbetaling av fri sakførsel i saker som er handsama av kontrollkommissjonen for psykisk helsevern.

Talet på mottekne, innvilga og avslåtte søknadar går fram av tabellen under. Av 1 445 mottekne søknadar om fritt rettsråd, er det 243 tolkesaker. Vi har ikkje talt med sakene frå kontrollkommissjonen (293 saker) som søknadar.

Av dei innvilga sakene er det gitt økonomisk dispensasjon i 7 rettsrådssaker og 1 sakførselsak. Av dei 139 avslegne rettsrådssakene har 41 fått avslag på grunn av for høg inntekt / formue, medan 98 saker er avslegne av andre grunnar. Av sakførselsakene har 1 fått avslag på grunn av for høg inntekt / formue, medan 20 saker er avslegne av andre grunnar.

Vi viser elles til skjema med rettshjelpsstatistikk for 2017 som er sendt til Statens sivilrettsforvaltning.

**Retts hjelp 1.1 - Søknader**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkome søknader	1 481	1 445	36
Innvilgede søknader	1 314	1 306	8
Avslåtte søknader	160	139	21

**Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.3.2 i TB)****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2017 utbetalt kr 11 612 002,- via rettshjelpsordninga (kap. 470, post 01). Av dette utgjør kr 9 064 921,- fritt rettsråd, herunder utgifter til advokat og tolk. Kr 2 547 081,- er utbetaling av fri sakførsel i saker som er handsama av kontrollkommissjonen for psykisk helsevern.

I 2016 var utbetalinga til saman kr 11 086 890,-. Fritt rettsråd utgjorde då kr 9 273 560,- og fri sakførsel kr 1 813 330,-.

I prognosen for 2018 legg vi til grunn vi at forbruket vil ligge på om lag samme nivå som for 2016 og 2017.

**I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.4.4.1 i TB)****Rapportere på**

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankome innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen skal rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Tal på klager/saker : 10

Medhald/delvis medhald: 1

Avslag: 5

Anna: 4 (saker utan klagerett/gjeld andre tilhøve)

Klagene gjeld introduksjonsstønad, utvida programtid, fråvere.

**På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.4.4.2 i TB)****Rapportere på**

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I 2017 har FMHO ikkje hatt klager som gjeld opplæringa i norsk og samfunnskunnskap.

**Fylkesmannen skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.4.4.3 i TB)**

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier og hvor mange av nye statsborgere i fylket som har deltatt.

I 2017 var det halde tre seremoniar over to dagar. Ein i juni og to på same dag i desember. Til saman vart 1467 nye statsborgarar invitert (nokre frå tidlegare år/seremoniar som ønskja å bli invitert igjen).

Av desse møtte 404, tilsvarende 27,55 % av dei inviterte. Det er eit normalt resultat.

Normalt er det fleire inviterte til seremoniane i juni, enn i desember. Det syner erfaringa heilt frå 2007, men denne gongen var det nær dobbelt så mange som vart invitert til seremoni i desember (derfor to seremoniar den dagen). Oppmøtet var også betre i desember (29,5 og 29,4 prosent mot 24,3 i juni).

**Resultat- og økonomirapportering... (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

Resultat- og økonomirapportering på fagmidler på klima og miljøområdet innenfor naturmangfold, forurensning og klima.

Alle fagmidlene tildelt som driftsmidler, investeringsmidler og tilskotsmidler er brukt på dei postane dei er sett av til. Det har vore høg aktivitet gjennom heile 2017. Nokre av 21-midlane har vore nytta til løn for mellombels tilsette innan marint vern, skogvern og sakshandsaming og tilsyn etter foreningslova. Rapportar er sendt Miljødirektoratet innan dei fastsette fristane.

**Fremmede organismer**

Art/artsgruppe	Type tiltak	Omfanget av tiltaket	Navn område	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Sum brukt
Boersvineblom	Bekjempelse	Alle kjente forekomster i Bømlo kommune	Bømlo kommune	Fortsettelse. Luking/sprøyting.	100 000
Kjempespringfrø	Bekjempelse	Deler av Vossovassdraget: Alle kjente forekomster ved golfbanen på Nedkvitne og en forekomst ved E16 ved Seimsvatnet.	Deler av Voss kommune	Fortsettelse. Luking og sprøyting.	20 000
Kjempebjørnekjeks	Bekjempelse	Tre forekomster i Bergen og en i Voss kommune.	Bergen og Voss	Fortsettelse. Luking, rotstikking og oppgraving. De tre aktuelle forekomstene i Bergen er nå trolig utryddet.	10 000
Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Hogst av trær og klipping/luking av småplanter.	Mobergslia, Os kommune	Fortsettelse. Fullført 2017. Oppfølging med fjerning av småplanter må påregnes om ca. 5 år.	10 000
Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Hogst av trær og klipping/luking av småplanter.	Spjeldnes, Lindås kommune	Fortsettelse. Hogst av frøtrær.	10 000
Vestamerikansk hemlokk	Bekjempelse	Hogst av frøtrær.	Prestegardskogen og naboeiendom, Os kommune	Nytt 2017. Hogst av frøtrær. Fullført. Oppfølging med fjerning av småplanter må påregnes om ca. 5 år.	175 000
**Rapporteringskravet er splittet i to (se 7.3.8.13) av tekniske grunner for å koble riktige tabeller til årsrapporteringen.**

Det har vore stor interesse for tiltaket fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget, og samarbeidet med Hordaland fylkeskommune har vore svært godt. Jf Rammeplan er det arrangert fagdag med tema verdigrunnlaget i barnehagane inklusive barnekonvensjonen, regelverk og ansvar og roller.

Kompetansetiltak tabell 1

Kompetansetiltak	Midler brukt	Antall deltakere totalt	Andel deltakere fra kommunale barnehager	Andel deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	933 000	66	23 %	77 %
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere				
Kompetanseutviklingstiltak for samisk				
Økonomisk tilrettelegging	6 628 500	305	20 %	80 %

Kompetansetiltak tabell 2

	Kompetansemidler til kommuner og barnehager
Midler brukt	4 659 857
Andel barnehagemyndigheter som har fått midler	100 %
Andel kommunale barnehager som deltar i tiltak	100 %
Andel ikke-kommunale barnehager som deltar i tiltak	100 %
Andel barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	63 %
Andel barnehager deltatt på tema: språkmiljø	40 %
Andel barnehager deltatt på tema: realfag	35 %
Andel barnehager deltatt på tema: barn med særtilte behov	21 %
Andel barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	58 %
Andel barnehager deltatt på tema: dannings og kulturelt mangfold	8 %
Andel barnehager deltatt på tema: annet	30 %

Mange barnehager har deltatt på fleire tema. Andelen ikke-kommunale er i realiteten 99,5 %.

#### Fylkesmannen skal gi en kort vurdering av arbeidet med strategiene... (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort vurdering av arbeidet med strategiene *Kompetanse for fremtidens barnehage* og *Kompetanse for kvalitet* og for strategi for etter- og videreutdanning for ansatte i PPT.

Vårt primære mål er at alle kommunane skal vere kjent med kompetansestrategiane. Kommunane/eigarar sitt ansvar er den vesentlege vinklinga saman med det repertoar av tilbod/ordningar som er tilgjengeleg. Vi legg vekt på at koplingane mellom overordna mynde sine prioriteringar og dei ulike kompetansetilboda skal bli tydelege, og så langt vi har oversyn oppmodar vi sektoren til å nytte seg kompetansetilbod. Her er tal og statistikkar nyttige og gir eit godt grunnlag for våre drøftingar med sektoren. Kommunane sin eigen kartlegging og analyse av aktuelle utviklingsområde er og understrekt frå Fylkesmannen si side. Vi har ei rekke møteplassar som er godt eigna for arbeidet og vår erfaring er at gjentakande drøftingar gir stadig betre forståing for dei føringane som ligg i strategiene.

Vår vurdering er at strategiene er kjent for sektoren, men at dei kanskje ikkje blir brukt som dei "verdidokumenta" dei kan vere. Dette er eit budskap vi prøver å ta med oss i dialogen med kommunane.

8 tilsette i PPT har tatt del i vidareutdanning i 2017, med oppstart hausten 17. Dei er fordelt på ulike tema, men den Organisasjonsutvikling og endringskompetanse ved Norsk Lærarakademi, har hatt flest studentar.

Det er oppretta eit PPT-leiarnettverk, der representant frå Fylkesmannen er med saman med representant frå Statped vest. Fylkesmannen tar del i fylkesvise samlingar for tilsette i PPT, der vi orienterer om regelverksendingar og orienterer om erfaringar og resultat frå tilsyn. PPT-leiargruppa har tatt initiativ til etterutdanning som er tilrettelagt ut frå midlar kommunane fekk tildelt til dette i 2017.

Våren 2017 samla vi PPT-leiarar saman med skuleigarar til informasjon om nytt kap. 9 A i opplæringslova. Vi vurderte det som sentralt at PPT tok del i informasjonen, sjølv om PPT ikkje har ei eigen rolle i slike saker. PPT har kompetanse i kommunikasjon og konfliktløsning og er viktige aktørar i den kommunale samhandlinga.

Fylkesmannen vurderer at PPT-leiarar og tilsette i fylket er godt skolert og opptatt av systemarbeid i barnehage og skular.

#### Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad... (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad de kommuner med lav kvalitet og kompetanse på barnehage- og grunnopplæringsområdet som er fulgt opp, har økt sin kvalitet og kompetanse, og videre hvilke virkemidler og tiltak som har hatt god effekt.

I arbeidet med risikovurdering har Fylkesmannen hatt nytte av indikatorsettet som blei utvikla av Utdanningsdirektoratet i samband med etablering av oppfølgingsordninga. Dette indikatorsettet har stadfesta den vurderinga vi gjorde då Askøy kommune blei vurdert som aktuell for pulje 3 i

Læringsmiljøprosjektet. Kommunen sine utfordringar er i større grad knytt opp til læringsmiljø enn faglege resultat.

Askøy er ein stor kommune med mange skular og barnehagar og gjekk inn i prosjektet med ein ungdomsskule og dei fire barneskulane frå same skulekrins. Etter kvart blei også barnehagane i same krins tatt inn i prosjektet. Kommunen seier sjølv at dei har hatt god nytte av deltakinga. Ikkje minst er samansetninga av rettleiarane der høg kompetanse på læringsmiljøarbeid inngår, opplevd som nyttig. Saman med gode faglege innspel på nasjonale samlingar og god og tett oppfølging frå skuleeigar, har tiltaket effekt på skulane og barnehagane sitt arbeid. Kommunen har i sitt planverk synleggjort ulike strategiar for arbeidet med gode læringsmiljø i heile kommunen.

Fylkesmannen hadde fleire samtalar med Vaksdal kommune i samband med rekrutteringsarbeidet til nasjonalt rettleiarkorps. Avgangskarakterane i kommunen var låge over tid, og kommunen søkte og kom med som deltakar i VK 17. Deltakinga har ikkje vore udelst positiv frå kommunen si side. Tilbakemeldinga til Fylkesmannen er likevel at tiltaket er nyttig då dei har fått identifisert og starta arbeidet som vil endre undervisningspraksisen på skulane i riktig retning. Kommunen skal gjere ei midtvegsvurdering våren 2018, og effekten av tiltaket vil ein då kanskje kunne vere meir konkret på.

På generell basis vil vi særleg vise til dei årlege samlingane vi har om skuleeigarrolla og kommunen som barnehagemynd. Dette tiltaket får god tilbakemelding når det gjeld å auke kompetanse ved å dele og drøfte erfaringar.

Når det gjeld Fylkesmannen sine vurdering av kommunane sin kompetanse og kvalitet på barnehageområdet er grunnlaget eit anna enn på skuleområdet. Eit stykke på veg er det problematisk å slå fast om kompetanse og kvalitet hos barnehagemynda er god eller ikkje. Forvaltningskompetanse skil seg likevel ut som eit felt vi kan vurdere. Vi ser at den forvaltningsrettslege kompetansen er varierende. Embetet har difor gått breitt ut med tilbod om kursing i forvaltningsrett til kommunane. oppslutninga har vore god frå nær sagt alle kommunar, og vi ser at både erfaringar og nyttilsette i kommunane har deltatt. Vi må legge til grunn at deltaking på Fylkesmannen sin opplæring i forvaltningsrett har positiv effekt. Tiltaket må vurderast som godt oppslutnad og respons tatt i betraktning.

#### **Fylkesmannen skal gjøre rede for hvilke tiltak som er iverksatt... (fra kapittel 7.3.8.9 i TB)**

##### **Rapportere på**

Fylkesmannen skal gjøre rede for hvilke tiltak som er iverksatt for å bidra til implementering av ny rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.

Embetet har eit omfattande system for kontakt med kommunane. I desse kontaktpunkta er den nye rammeplanen eit tema. Vi har og hatt eigne møter med kommunane for å få tilbakemelding på korleis kommunen har lagt opp arbeidet med ny rammeplan. Desse møta blei gjennomført i først halvdel av 2017. Då vi oppsummerte i juni, så vi at alle kommunane hadde ny rammeplan som tema i kompetansearbeid, i felles fag- og temadagar i/for barnhagane, og i samband med oppstarten av nytt barnehageår.

Frå Fylkesmannen si side har vi i 2017 vært særleg merksam på tilretteleggingsplikta barnehagane har for barn med nedsett funksjonsevne (jamfør inkludering og integrering). Vi har kursa alle kommunane og vi ser at dette viser seg i klagestatistikken. Vi har gjennom dette store arbeidet fått mykje kunnskap om korleis ein handhevar reglane, og ikkje minst korleis ein tenkjer om inkludering og tilrettelegging. Vi har brukt tilrettelegging som ein inngangsport og konkretisering av verdi grunnlaget som ligg i rammeplanen.

Ein refleksjon vi har gjort oss er at no som rammeplanen er ny, er det stor interesse for dei føringane og krava som ligg i denne forskrifta. Utfordringa for alle i sektoren er å ha den med som eit obligatorisk grunnlagsdokument i alt seinare arbeid. Dette blir eit interessant tema å drøfte med kommunane framover.

#### **Fylkesmannen skal gi en vurdering av arbeidet med ny modell for styring... (fra kapittel 7.3.8.10 i TB)**

##### **Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en vurdering av arbeidet med ny modell for styring og finansiering av kompetanseutvikling i grunnopplæringen, og særlig trekke fram resultater fra arbeidet med desentralisert ordning for kompetanseutvikling og oppfølgingsordningen.

Den nye modellen for styring og finansiering av kompetanseutvikling i grunnopplæringa er positivt møtt av kommunane. Samstundes er det embetet si erfaring at det krev fleire rundar for at forståinga av kommunane si nye rolle særleg i relasjonen til UH-sektoren og kva kravet til kollektive prosessar kan innebere, er på plass. Vi har som eit utgangspunkt at dette er noko vi framleis må legge vekt på og drøfte med kommunane.

#### **Desentralisert ordning for kompetanseutvikling**

Når det gjeld den desentraliserte kompetanseordninga konkret har embetet hatt dei etablerte regionane som eit utgangspunkt. Vår vurdering er at dei blir tatt hand om av kommunane med noko ulik kvalitet og systematikk. Dette førte til at vi valde å bruke fleire samlingar for å vinne forståing for den nye ordninga. Det vi særleg la vekt på var følgjande:

- vi ville knytte oss til UH-miljø innanfor eigne fylkesgrenser
- alle UH-miljø skulle vere med i ordninga frå første året
- midlane skulle tildelast både UH-miljøa og regionane som gikk med i ordninga frå 2017
- friskulane måtte, på same måte som kommunane organisere seg i eit eigna nettverk
- friskulane skulle vere med i ordninga frå første året
- fylkeskommunen skulle vere med i prosessen for å få eit godt system frå første dag.

#### Resultat

I Hordaland har kommunane, friskulane og UH-sektoren samla seg om ein felles modell for å prioritere utviklingsprosjekt og fordele midlane. Alle midlane blei fordelt etter drøftingar mellom kommunane, friskulane og UH, Fylkesmannen var til stades i den delen av møtet, men vurderte raskt at partane sjølv hadde gjort seg gode vurderingar av kva som var eit fornuftig resultat. Det er ikkje tvil frå Fylkesmannen si side at UH-aktørane bidro svært positivt. Dei hadde på førehand vore i møte med alle kommunane, opp til to gongar, dei stilte med representantar frå alle dei tre UH-institusjonane og dei hadde koordinert seg på ein måte som gjorde at dei ikkje blei konkurrentar på prissetting av moglege tilbod.

I Fylket er no alle UH-miljøa ansvarleg for utviklingsopplegg, friskulane er med både med eigen opplegg, men og som deltakarar i utviklingsprosjekt i Bergen kommune, og regionen som no ikkje er med vurderte at tida fram til nye tildelingar i 2018 var noko dei godt kunne trenge for å førebu seg godt, og runde av pågåande kompetanseprosjekt.

#### Problemstillingar framover

Det er ikkje tvil om at ordninga er krevjande å administrere og i dialogen med kommunane, friskulane og UH-sektoren ser vi at det er særleg to problemstillingar vi må ha merksemda mot i 2018: 1) kva skal vi legge til grunn som markørar eller teikn på at utviklingsprosjekta faktisk bidreg til gjensidige læringa og utviklinga mellom UH og skulesektoren og 2) korleis kan fagfornyninga finne plass innanfor dei utviklingsprosjekta som blir prioritert framover.

#### **Oppfølgingsordninga**

Hordaland har 2 kommunar med i oppfølgingsordninga. Den eine med grunnlag i Udir sitt kriteriesett, den andre var søkjar utanfor. Kommunen som er med på grunnlag av resultat har fått midlar til å engasjere eit fagmiljø innanfor egne fylkesgrenser. Fylkesmannen har hatt egne møte med rådmann og etatsjef for skule. Vi har drøfta oss fram både til korleis kommunen kan analysere resultat, sikre deltaking frå alle skular i kommunen, lage ei god bestilling til fagmiljø og rapportere om resultat av utviklingsarbeidet. Den andre kommunen vil nytte staten sine rettleiingsmiljø, og Fylkesmannen involverer seg slik ordninga legg opp til.

#### **Fylkesmannen i Hordaland skal rapportere... (fra kapittel 7.3.8.11 i TB)**

##### **Rapportere på**

Fylkesmannen i Hordaland skal rapportere på antall deltakere i opplæring innenfor kriminalomsorgen, fordelt på de med rett til opplæring jf. opplæringsloven kap. 4A, og øvrige deltakere.

Tala frå 2017 er ikkje klare før i mars/april. Då er informasjonen levert frå fylkeskommunen. Tala er då kvalitetssikra og bearbeidd og den endelege årsrapporteringa er klar. Dette har vore praksis over fleire år og er særleg forklart ved at fylkeskommunane sine skuleadministrative system ikkje har ein funksjonalitet som gjer det mogleg å fange desse tala inn i den eksisterande løysinga. I ny framtidig løysing skal dette problemet vere løyst. Vi må difor i denne samanheng rapportere på tala frå 2016 ( i påvente av endelege tal frå fylkeskommunen som altså skal ligge føre i mars/april).

I 2016 var det i alt 10 996 deltakarar/elevlar som fekk tilbod om opplæring i fengsla.

Talet på dei med rett til opplæring målt som gjennomsnitt av talet på deltakarar ved fire ulike teljedatoar er 655, medan det samla sett er 2185 deltakarar i opplæring målt med same gjennomsnittsmål. Dei med rett på opplæring utgjer då omlag 30 % av alle deltakarane i opplæringa.

Talet på dei med rett til opplæring målt utifrå talet på alle deltakarar gjennom året er 2580, medan det er samla sett var 10996 deltakarar i opplæringa. Dei med rett på opplæring utgjer omlag 23 % av alle deltakarane i opplæringa gjennom året.

Dei fleste opplæringstilboda er utforma ut i frå kompetanssmål i læreplanar frå grunnopplæringa. Nokre kortare kurs er utforma slik at dei skal stimulere innsette til å ta ordinære opplæringsløp.

Kartlegginga av den norske fangebefolkninga som vart gjennomført hausten 2015, viser mellom anna at det er ein av ti som ikkje har fullført grunnskole. I den andre enden av skalaen har om lag 18 pst. av dei innsette fagskoleutdanning, fag eller grad frå universitet eller høgskole som høgste fullførte utdanningsnivå. Samla sett har om lag 68 prosent av dei innsett rett på opplæring, men det er mange av desse som ikkje tek opplæring medan dei sonar. Positivt er det at sju av ti innsette ønskjer utdanning under soning i fengsel, og dei opplever tilbod om opplæring under soning som nyttig. Å endre og å meistre framtida er den klart viktigaste motivkategorien for å forklare kvifor innsette tek opplæring i fengsel.

#### **Fylkesmannen i Hedmark, Hordaland... (fra kapittel 7.3.8.12 i TB)**

##### **Rapportere på**

Fylkesmannen i Hedmark, Hordaland og Troms skal kort redegjøre for skolenes bruk av og erfaringer med ferdighetsprøven/kartleggingsøvelsene i svømming, og for om elevene er svømmedyktige på 4. årstrinn.

I Hordaland svara 18 av kommunane på det frivillege spørjeskjemaet. Av desse kommunane var det fire som ikkje hadde gjennomført ferdigheitsprøva. Det var oppgitt fleire grunnar til at ferdigheitsprøva ikkje hadde vorte gjennomført:

- ikkje tilgang til basseng
- prøven var lite kjend
- prøven var frivillig
- skulen hadde ikkje sett seg godt nok inn i prøven

6 av kommunane har gjennomført heile, eller delar av prøven. På spørsmål om korleis skulane har skaffa seg informasjon om ferdigheitsprøva, svara kommunane at dei har fått informasjon frå:

- Relevante nettsider
- Utdanningsdirektoratet og rundskriv
- På skuleleiarmøte
- Gjennom symjelærer
- Gjennom utdanninga til kroppsøvingslærer

I Hordaland varierer talet på symjetimar elevane får totalt på 1. – 4. årstrinn, men gjennomsnittet for alle kommunane er 52 timer.

Kommunane har også svara på kva som har fungert bra med ferdigheitsprøvene. Av dei kommunane som har gjennomført heile eller delar av prøven er det

lagt vekt på at ferdigheitsprøven har vist seg å være hensiktsmessig for å dokumentere oppnådd ferdigheitsutvikling til skuleeigar og kontaktlærer, samt som eit grunnlag for tilpassa undervisning. Øvingane er konkrete og tydelege, og det er bra med ein felles standard som kan brukast for å nå kompetansemåla. Elevane vert tryggare i vatnet.

Når det gjeld andel elevar som er symjedyktig etter 4. årstrinn rapporterer dei fleste kommunane at det ligg ein stad mellom 80 – 100 %. Tre kommunar har oppgitt ein andel på om lag 60 – 65 %, og legg til at tilgang på basseng er utslagsgivande på andel elevar som er symjedyktig etter 4. årstrinn. Av dei av elevane som har basseng i nærleiken, og som dermed har fleire symjetimar i undervisninga, kan om lag 85 % symje etter 4. årstrinn. Andelen er om lag 60 % for dei elevane som har lengre reiseveg til basseng.

#### Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak (FMHO)... (fra kapittel 7.3.8.13 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på kompetansemidler til ikke-kommunale barnehageiere (se også 7.3.8.6).

Embetet viser til eigen rapport etter 2. år med ordninga.

#### Kompetansetiltak tabell 4 - Hordaland

	Kompetansemidler til ikke-kommunale barnehageiere
Midler søkt	9 539 000
Antall barnehageiere som har søkt midler	22
Antall barnehageiere som har fått midler	11
Antall fylker som har deltatt	19
Antall kommuner som har deltatt	135
Antall barnehager som har deltatt	311
Antall barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	190
Antall barnehager deltatt på tema: språkmiljø	1
Antall barnehager deltatt på tema: realfag	45
Antall barnehager deltatt på tema: barn med særtilte behov	0
Antall barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	276
Antall barnehager deltatt på tema: danning og kulturelt mangfold	0
Antall barnehager deltatt på tema: annet	4

#### Rapporter på antall årsverk i landbruksavdelingen... (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

##### Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i landbruksavdelingen per 31.12.2016, antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2016, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i fylket.

Kommunane opprettheld stort sett ressursane på jordbruk, men i mindre grad på skogbruk. Dette fører til mindre aktivitet på m.a. kontrollområdet. Oppfølging på dette området i 2018.

#### Årsverk i landbruksforvaltningen mm.

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos FM per 31.12.2017	18.5
Antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2017	43.6
Antall enheter/landbrukskontor i fylket per 31.12.2017	22.0

#### Rapporter på antall årsverk i avdeling... (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

##### Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrifforvaltning.

#### Årsverk i reindrifforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos FM per 31.12.2017	0.0

#### Ressurser avsatt til kontrollarbeid skal oppgis... (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

**Rapportere på**

Ressurser avsatt til kontrollarbeid skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer.

Det er 8 personer knytt til kontrollgruppa ved avdelinga, 2 personer er kontrollleiarar og deler på å vere med på alle kontrollar ute i kommunane. Gruppa arbeider effektiv og rutinert og har etterkvart opparbeidet seg god kompetanse på området

**Ressurser avsatt til kontrollarbeid**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk avsatt til kontroll hos FM i 2017 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	1.9
Antall årsverk avsatt til kontroll hos FM i 2017 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0.0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2017 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	8.0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2017 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0.0

*Kontrollgruppen arbeider effektiv og rutinert og også i kommunene har kontroll fått større fokus og er bedre innarbeidet enn i 2016.*

**Rapporter på tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsvegnett... (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)****Rapportere på**

Rapporter på tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsvegnett, herunder omfang (kilometer/kroner) for nybygging, ombygging og vedlikehold av skogsvegnettet.

Totalt er det i 2017 ferdigstilt 16 skogsveganlegg i

Hordaland med total lengde på 23 km. Dette fordeler seg med 11.711 meter ny skogsveg til ein kostnad på kr 13.886.294.-dvs kr 1.186 per meter ferdig ny veg. Det er betalt ut kr 6.598.340 i tilskot til desse vegane.

Vidare er det ombygd 11.283 meter skogsveg til bilvegstandard til ein kostnad på kr 7.933.586,- Dette gjev ein pris per meter ombygd veg til kr. 703.-/m, og det er betalt ut kr 5.373.298.- i tilskot til desse vegane.

Løyvingen vi fekk for 2017 på kr 14.000.000.- og med tillegg av inntrekte midlar, disponerte FM kr 14.624.507.- . Midlane er fordelt , kr 11.312.271.- er løyvd og betalt ut, resten er løyvd og står som ansvar.

Det blei løyvd kr 2.863.841.- til drift i bratt terreng, av dette er 2.277.131.- betalt ut i løyvingsåret til drifter som er utført og ferdig innmålt. Til veg er det løyvd kr 11.110.666,- og av dette er 8.582.640.- betalt ut, resten står som ansvar på ulike vegprosjekt.

To ulike vegplanleggjarprosjekt har fått løyvd midlar i 2017, Hordaland Skogselskapet og FanAgro as har tilsaman fått løyvd kr.650.000.- frå LUF midlane.

Det er utført vedlikeholdskontroll på fem veganlegg i to kommunar i 2017 på veganlegg bygd i perioden 2001 til 2006. Inntrykket denne gong var at vegane var halde godt vedlike og at grøfter og stikkrenner var i orden.

**Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart... (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)****Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Eventuelle kommuner i fylket som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).
- Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5).

I 2017 var det 12 kommuner som leverte kontinuerlig ajourført AR5-base til Nibio. De resterende 21 kommunene ajourførte ikke AR5-data i henhold til den tradisjonelle produksjonsløypen, dvs via Kartverket og Nibio sine rutiner. Av de 21 kommunene som ikke leverte har 13 av dem gått over til oppdatering av AR5 i S-FKB (Sentral FKB-base). Fylkesmannen har ikke innsyn i metadata for denne basen og kan dermed ikke fastslå nøyaktig hvilke av disse som har ajourført / evt ikke ajourført AR5 i 2017.

De 21 kommunene som ikke har levert til Nibio i 2017 er Bømlo, Fitjar, Tysnes, Jondal, Granvin, Fusa, Samnanger, Øygarden, Stord, Odda, Ulvik, Voss, Os, Vaksdal, Modalen, Osterøy, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden.

Av disse er det de første åtte som ikke oppdaterer til S-FKB og som vi dermed kan si med sikkerhet ikke har ajourført AR5. Det er likevel grunn til å tro at det kan være enkelte blant de øvrige som heller ikke har levert noe i 2017.

Årsakene til at det fortsatt er kommuner som ikke leverer slik de er forpliktet til er ulike. Noen gir tilbakemeldinger på at de har lite eller ingen endringer å ajourføre, andre at de sliter med kapasitet eller kompetanse i sin kommune. Samtlige har fått tilbud om kompetanseheving og kurs fra fylkesmannen/Nibio i

2017. I oktober ble det avholdt kurs med 18 deltakere fra kommunene i fylket og alle som har innmeldt kompetansemangler fikk tilbud om kursing. Det har også blitt sendt ut påminnelser om ajourføring samt informasjonsmateriale knyttet til behovet ved flere anledninger. Målsettingen for 2018 er at samtlige kommuner leverer ajourført AR5 i henhold til FDV-avtalene.

**Kartsamarbeid og arealressurskart**

	Kommuner uten ajourføring/oppdatering	Antall kommuner som ikke har ajourført/oppdatert	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	64 %	21	33
Jordregister tilstand	70 %	23	33

Ca halvparten (15) av kommunene har startet med ajourføring direkte i sentral FKB-base pr utgangen av 2017. Disse oppdaterer dermed også AR5 data direkte i sentral base og loggføres dermed ikke på Nibios oversikter. Av den grunn er det ikke mulig å gi en korrekt status på hvor mange som faktisk ajourførte AR5 i 2017 uten tilgang til S-FKB.

**Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren... (fra kapittel 7.3.9.6 i TB)****Rapportere på**

Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren, og gi en vurdering av måloppnåelse for miljøvirkemidlene.

**Redusert klimagassutslepp landbruk:**

Fylkesmannen i Hordaland bidreg til arbeid med klimasmart landbruk i regi av Norsk Landbruksrådgiving Vest. Det er forprosjekt på gang i enkelte kommunar for å vurdere etablering av biogassanlegg. Det er nytta UTM-midlar til prosjekt som ser på korleis ulik dyrkingspraksis har innverknad på eng som lagringsmedium for karbon, i samarbeid med NIBIO. Hordaland Fylkeskommune har eigen klimaplan der også landbruksområdet er inne med prosjekt. 2 tiltak ligg inne i klimaplan sitt handlingsprogram [handlingsprogram 2017](#) med tema " Kortreist frukt" og " Kortreiste grønnsaker og poteter".

I 2017 blei det starta eit arbeid knytt til eigedomsverbyggjande samarbeid på skog, kalla Motiv skog. Prosjektet har gjennomført synfaring med skogeksperter frå «European Forest Institute» og skogforvaltning frå Bayern med fokus på klimatilpassing innan skogbruk, eigedomsverbyggjande samarbeid og vernskog i Hordaland. Vidare har det vore synfaring og møte med styre for veglag og skogeigarar i pilotområde for skogeigarsamarbeid. Prosjektgruppa har utarbeidd ein intensjonsavtale for skogeigarane som ynskjer å samarbeide.

Når det gjeld vernskog har fleire kommunar tatt kontakt med Fylkesmannen i samband med arbeidet med nye kommunale planar (arealplan, kommunedelplan for overvann) for å få innspel knytt til tema vernskog. Prosjektet har, i samarbeid med Landbruksdirektoratet, laga kriteria for risikovurdering av områder der ein kan/bør etablere vernskog (jord- og flaum skred). Eit viktig resultat i 2017 er at skog har fått meir betydning/tyngde i NVE sine faresonekart/-rapportar. Samarbeidet med NVE er velfungerande og bidrar til gjensidig utveksling av informasjon og kunnskap. Dette fører til ein auke av skogen sin verdi i forhold til andre arealkategoriar i klimaspørsmål. Fylkesmannen har tett kontakt med andre fylkesmenn (FMSF og FMMR), og skal utvide samarbeid i 2018. Vidare er det planlagt å etablere to «klimatilpassingskoordinator (FMHO og HFK) og eit interkommunalt nettverk (Vestlandet) for vernskog. Det er særskilt viktig at forskinga viser eksemplar på «best-practice» og «kost-nytte» analyser med tanke på å redusere risiko for samfunnet.

**Måloppnåing for miljøvirkemidlane:**

- Veglause område, slått: God
- Innmarksbeite i lokal landskapsark, beiting: God for landskap, men bidreg truleg i liten grad til auka aktivitet i landskapsarken.
- Bratt areal, slått og fruktdyrking: God; areal med høge kulturlandskapsverdiar får god skjøtsel.
- Organisert beitelag: God
- Beiting i utmark: God med tanke på å sikre bruk av fjellbeita, men lite målretta i høve til kva areal som er mest verdifulle.
- Artsrik slåttemark: Særskilt god; har god oversikt over verdiar og skjøtsel.
- Kystlynghei: God; har blitt meir målretta med tilskot til areal som har blitt brent siste sesong. Areal med dårleg tilstand får også tilskot (men låg sats), sidan breidda er viktig for potensiale for god drift og viktige område i framtida. Behov for betre rutinar for å samanlikne med kartlagt areal.
- Styvingstre: God, har ikkje detaljert oversikt på tilstand.
- Artsrik beitemark: God; har ikkje full oversikt over status på områda, men viktig tiltak for breidda i biologisk verdifulle beite.
- Støling: God, men redusasjon i stølar vert ikkje oppretthalde
- Automatisk freda kulturminne: God, har behov for sterkare samordning med fylkeskommunen.
- Steingard: Nok så god; truleg ikkje god nok tilstand på alt, men viktig for kulturlandskapet i fleire geografiske område.
- Kulturhistoriske område
- Miljøavtale gjødsling: God, men klarar ikkje å bidra til ønska endring i drift der det trengs store endringar, og andre får betalt utan å måtte gjere endringar i drifta.
- Buffersone mot vassdrag: Særskilt god, gir endra praksis i utvalde område.
- Miljøvennleg gjødsling, tap til luft: Særskilt god, mange har gått over til denne metoden, med andre positive effektar i tillegg.

**Beskriv kort arbeidet med saker etter naturmangfoldloven... (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)****Rapportere på**

Beskriv kort arbeidet med saker etter naturmangfoldloven, verneplaner, energisaker og konsekvensutredningar som berører landbruk.

Naturmangfoldlova gjer seg gjeldane i sakshandsaminga på landbruksområdet. Dette gjeld saker knytt til SMIL-ordninga, tilskot ift landbruksvegforskrifta og saker knytt til nydyrking. Fylkesmannen nyttar lova aktivt i dei sakene på landbruksområdet der vi fattar vedtak som førsteinstans.

Fylkesmannen har også i fleire saker følgd opp kommunale vedtak kor det ikkje i tilstrekkeleg grad har blitt tatt omsyn til - eller dei ikkje har vurdert saka etter prinsippa som følgjer av §§8-12 i kap. II i naturmangfoldlova. Her har vi oppheva vedtak med heimel i forvaltningslova § 35, og saker er sendt tilbake til kommunen for ny handsaming. For å føre kontroll med at merknader frå Fylkesmannen faktisk er blitt følgd opp, får vi tilsendt nytt vedtaket frå kommunen. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med miljø- og klimaavdelinga.

Når det gjeld verneplanar, energisaker og konsekvensutreiingar der tiltak vil kunne ha verknad for landbruk, bidrar landbruksavdelinga med

kompetanse, innspel og merknader i dei faste fellesmøter i regi av kommunal- og samfunnsplanavdelinga og direkte til miljøvernavdelinga. Enkelte saker kan vere så omfattande at landbruksavdeling gir eigen uttale som blir tatt med i fellesuttalen.

#### Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning... (fra kapittel 7.3.9.8 i TB)

##### Rapportere på

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

I arbeidet med kontroll viser det seg at kommunane fortsatt har problem med å vere tydeleg og konsis i sitt kontrollarbeide, dette viste forvaltningskontrollen av nokre kommunar på deira eigen 5%-kontroll av føretaka. Vi ser at mange er for usikre på korleis dei skal opptre, og korleis dei forholde seg til bonden når dei er ute på kontroll. Vi planlegg difor eit kurs ila 2018 med fokus på verktøy knytt til kontrollarbeidet. Dei kommunane som har godt med ressursar knytt til landbruksoppdraget - større fagleg miljø - har etterkvart tatt eit tydelegare ansvar på dette området.

Forvaltningskontrollen knytt til begrepet *vanlig jordbruksproduksjon i PT*, tok mykje tid og ressurser. Det er fortsatt utfordringar med begrepet, og vi må følge det opp i 2018. For lite levert frukt, bær, grovfor, liter melk og kilo kjøtt gjev mange feilmeldingar. Tilbakemeldingane frå kommunane er at kode for sauerase må inn i søknadsskjemaet. Dei mange feilmeldingar og varslinger som kontrollen vår har avdekket, er knytt til kilo kjøtt for gamal norsk rase - det som ligg inne i systemet er kilo på norsk kvit sau.

#### I henhold til tabell i årsrapport skal det gis en oversikt... (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)

##### Rapportere på

I henhold til tabell i årsrapport skal det gis en oversikt over og en vurdering av klager og dispensasjonssøknader behandlet av fylkesmannen.

Viser til tabell

#### Klage- og dispensasjonssaker

Betegnelse på rapporteringskrav	Klager medhold	Klager delvis medhold	Klager avslag	Klager under behandling	Dispensasjoner innvilgelse	Dispensasjoner avslag
Produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid	1	0	4	0	11	0
Avløsning ved sykdom og fødsel mv.	0	0	1	0	2	1
Tidligpensjon for jordbrukere	0	0	1	0	2	1
Regionale miljøtilskudd	0	0	1	0	0	2
SMIL	0	0	0	0	0	0
NMSK	0	0	0	0	0	0

#### Rapporter i henhold til tabell... (fra kapittel 7.3.9.10 i TB)

##### Rapportere på

Rapporter i henhold til tabell:

- Antall mottatte redegjørelser fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt søker), samt antall kommuner som har sendt dette (søknadsomgangen januar 2017).
- Antall mottatte redegjørelser fra kommunene i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse skal sendes FM i PT-4100B), samt antall kommuner som har sendt dette (søknadsomgangen januar 2017).

Kommunane har etterkvart tatt tak i dette, det er fortsatt kommunar som berre rettar i søknad utan å utføre trekk. Eigen kontroll på 33 kommunar vart gjennomført i 2017, i denne samanheng vart det oppdaga at ikkje alle fortok trekk.

#### Avkortinger produksjonstilskudd

	Antall mottatte redegjørelser	Antall kommuner som skulle sendt redegjørelse	Antall kommuner som har sendt redegjørelse
Redegjørelse fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt til søker)	17	33	8
Redegjørelse fra kommunen i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse i PT4100B)	26	33	4

#### Fylkesmannen skal gi en samlet egenvurdering... (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)



**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en samlet egenvurdering av hvordan arbeidet med 0-24 samarbeidet har fungert i henhold til embetets målsettinger og ambisjoner. Herunder skal det framkomme hvilke egne mål som er satt for arbeidet. I egenvurderingen skal fylkesmannen vurdere hvilke tiltak som har gitt de beste resultatene og i størst grad bidratt til samarbeid og samordning i og mellom kommuner og fylkeskommunen, tjenester og institusjoner som arbeider for og med utsatte barn og unge og deres familier.

Embetet sitt arbeid med 0-24 oppdraget følger fem spor: samarbeid med eksterne, planarbeid, tilsyn og klagebehandling, informasjon, rettleiing og kompetanse, intern organisering

**Målsettinga**

Målsettinga vår er at prioriteringa av arbeid for barn og unge skal vere synleg, tydeleg og samordna avdelingane imellom, og medverke til at kommunane sine tenester og tilbod har særleg merksemd på utsette grupper og blir særleg tilrettelagt for dei.

**Samarbeid med eksterne**

Vi bruker 30 millionar kroner av kommunane sine skjønsmidlar over ein periode på 5 år til arbeid mot barnefattigdom. 5 kommunar er tildelt midlar i satsingsperioden. I tillegg til arbeid i eigen kommune med merksemda retta mot system og rutinar for kartlegging av barnefattigdom og utprøving av nye måtar å yte tenester på, skal desse kommunane vere tilgjengeleg for kommunane elles i fylket. Dei skal bidra med å dele sine erfaringar, både der dei har lukkast og der dei ikkje har fått til det dei ønskte. Vi har lagt til rette for å knytte kontaktar og vise kommunar til kvarandre, og vi har arrangert større samlingar der deltakarkommunane presenterer arbeid og resultat, i tillegg til eksterne, faglege bidrag. Interesse for slike samlingar er stor, og fylkesmannen følger tematikken opp i sitt årlege møte med ordførarar og rådmenn.

I det ordinære arbeidet med barn og unge, har vi fast etablert samarbeid med kompetansesentra og andre fagmiljø i regionen. Dette fungerer godt. Vi samarbeider om å prioritere tema i arbeidet med å understøtte og bistå leiarar og ulike fagmiljø i kommunane og bruker kvarandre sine arrangement og kompetanse til dette. Vald og overgrep i nære relasjonar kan vere eit døme på dette, styring, leiing og ulike krav til kommunane eit anna.

**Planarbeid**

Sosial utjamning og barn og unge sine interesser er obligatorisk tema i embetet sitt arbeid på planfeltet. Vi meiner det er grunn til å konkludere med at kommunane i stadig større grad har dette perspektivet høgt framme, men det er framleis viktig å følgje med på korleis barn og unge sine interesser når fram i konkret prioritering, og korleis medvirkning i planarbeidet blir ivarett. Kommunane som deltek i satsinga på barnefattigdom har sett nytta av å legge betre til rette for familier med dårleg råd, ha tilgjengelege, ikkje-stigmatiserande tilbod og innarbeide tiltak i kommunale planar som kan bidra til at forskjellane ikkje blir større. Vi ser tydeleg at forankringa av arbeidet i plan og i leiinga er suksessfaktorar for å lukkast med å få til universelle, ikkje-stigmatiserande tiltak som kan gjere kvardagen enklare for til barn og unge i familiar med dårleg råd.

**Tilsyn og klagebehandling**

Embetet fører framleis tilsyn med korleis rett til gratis opplæring blir følgd i kommunane. Vi ser at mange kommunar og skular handhevar denne retten på ein framifrå måte, og med ein grunnleggjande tanke om inkludering og deltaking for alle. samstundes får vi med jamne mellomrom informasjon om skular som krev pengar, og til dels store summer, for å gjennomføre elevaktivitetar.

I klagebehandlinga er vi opptatt av korleis vi kan sikre at barnet blir høyrd. Dette gjeld barnet sjølv, men det er viktig at vi har høgt medvit om at ein del barn har foreldre som i liten grad klarar å tale sitt eige barn si sak. Jo yngre barnet er, jo jo meir aktuell kan problemstillinga vere. For eksempel kan foreldra ha avgrensa norskspråklege ferdigheiter. Uavhengig av årsak så er dette eit tema som er viktig i vår eigen saksbehandling, men og i vår rettleiing til kommunane. Barn sin plass i forvaltninga er eit prioritert tema, og blir drøfta på tvers av avdelingane.

Vi følgjer med på og bidreg til at meldeplikta til barnevernet er kjend og blir følgd. I tilsynssaker om manglar i tilbod, dårleg samordning av helse-, sosial- og barnevernstenester, til dømes om avslag frå Nav på tilskot som gjeld barn og unge sin oppvekst og deltaking, har vi og prioritert medverknad i tenestene, men og endra vår eigen praksis. Vi viser at ved å lytte til barna og forstå språket dei bruker, vil tenester og tiltak bli betre for den enkelte. Når fylkesmannen klarer å ta barnets perspektiv og forstå kva barnet gjer uttrykk for i tilsynssaker, får vi eit anna faktagrunnlag, betre vurderingar og riktigare konklusjonar. Ingen saker skal no avsluttast hos oss utan at barnets stemme går fram.

**Informasjon, rettleiing og kompetanse**

Vi brukar store ressursar på rettleiing, både innanfor eigne sektorområde, men vi bidrar og på tvers av avdelingane. Særleg gjeld dette utdanning, barnevern, verjemål og helse og sosial, sjå og 3.1. hovudmål 1. Når det gjeld tema utsette barn og unge er det mange sterke fagmiljø å støtte seg til i fylket. Vi ser det som eit viktig bidrag frå oss til kommunane å vere bindeledd og gi tilrådingar om fagmiljø som kommunane kan nytte seg av. Vi har særleg vektlagt styring, leiing og medverknad i vår kontakt med tenestene.

**Intern organisering**

Arbeidet for barn og unge er forankra på høgaste nivå. Embetsleiinga og alle avdelingsdirektørane deltek i faste møte kvar månad. Erfaringa med denne ordninga etter snar 5 år, er at den er avgjerande for at dei avgjerdene som må takast blir tatt, prioriteringane alltid blir avklart og felles, men og at personalressursar styrast og at vi får løpande avklaringar om framdrift, økonomi og resultat.

**Resultat**

Når det kjem til resultat er det ikkje rett av Fylkesmannen å ta æra for godt arbeid i kommunane. Det er vår grunnhaldning. Vi har mellom anna lagt merke til korleis Bergen kommune prioriterer tiltak som kjem born frå inntektsfattige familiar direkte til gode. Eit døme her er at barnefamiliar som får sosialstønadar kan få dekkja internettutgifter. Vi har faste møter med regional stat, og har no styrka samarbeidet med Husbanken. Dei forvaltar ordningar som kjem barnefamiliar til gode, og som må takast med i ein samla velferdstenking.

Vi er ikkje i tvil om at tiltaket "skjønsmidlar" til kommunar (Bergen er ein av dei) med eit så langsiktig perspektiv som vi la opp til, er det enkelttiltak et frå fylkesmannen si side som har gitt dei tydelegaste, og trur vi, mest varige resultat. Vi stilte krav til deltakarkommunane om at satsinga skulle vere forankra i den øvste leiinga i kommunen. Vi ba og om at arbeidet blei forankra hos dei som arbeidar medi plan i kommunen. Dette la grunnlag for at alle

kommunen sine tenestemråde kunne og skulle trekkast inn i den grad det er relevant. Vi la og stor vekt på at kommunen måtte sjå på sin eigen kunnskap om befolkninga: Kor mange barn som lever i fattige familiar. Korleis kommunen har oppdatert kunnskap om dette. Kva denne kunnskapen betyr for dei ulike tenestemråda. Kva type tenester til familiane hjelper barna mest på kort og på lang sikt.

Det arbeidet vi har gjort med å støtte dei ulike tenestene i samordning og samarbeid gjennom eit omfattande tilsynsarbeid og i egne møter i vanskelige saker (sjå 3.1. hovudmål 1) meiner vi og gir tydelege resultat for utsette barn og unge.

Kommunane fortel at dei har hatt stort utbytte av å sjå korleis tenestemråda er samordna, eller ikkje samordna, og at ein kan nå langt berre gjennom god organisering og sektorovergrepande innsats. Vi meiner likevel at embetet sin strategi der tema blir synleggjort i mange samanhengar og frå alle avdelingane, er med på å forankre denne tenkinga i kommunane. Så alle tiltaka må vere med.

#### Fylkesmannen skal også kort redegjøre... (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal også kort redegjøre for områder der det er særlige utfordringer knyttet til tjenestetilbud for utsatte barn og unge.

Mange av barna i barnevernet treng omfattande hjelp og støtte, men får ikkje alltid den hjelpa dei treng. Vi har mange barn som har fått større traumer, større problem og meiner dei ikkje har fått god nok hjelp i den tida omsorgsansvaret har vore i offentleg regi. Vi meiner årsakene til dette er samansette og dreier seg både om leiing, kompetanse og samarbeid i barnevernet og barne- og ungdomspsykiatriske tenester.

Når tiltaka ikkje treff og barnets behov ikkje er forstått, blir barn ofte flytta. Det har store konsekvensar for eit barn. Fleire barnevernstenester har flytta barna sine 5-10 gonger i løpet av ein kort periode. Barnet har ofte sagt frå om spesielle ønsker eller behov, men ingen har tatt seg tid til å utforske eller forstå kva som ligg i ønsket, kva det er uttrykk for. Leiarane og tilsette har ikkje tatt inn over seg kor viktig dette er. Vi meiner at mange enno ikkje har forstått kva medverknad er og heller ikkje nytten av det. Og langt mindre kva dette kan bety for barnet. Dei får ofte dyre tiltak, men dei seier sjølv at dei ikkje får hjelp. Mange blir meir og meir fortvila og fleire har trua andre. Vi har prioritert å informere og støtte kommunar, Bufetat og helseforetak i dette utfordrande arbeidet dei siste åra. Det har vi gjort gjennom barn og unge-satsinga og utviklingsarbeidet kommunane gjer i den samanheng, men og i tilsynsarbeidet. Både barn og pårørande og tenestene melder og om at møta vi har med den det gjeld og tenester i vanskelege saker er viktige og hjelper dei (sjå kap 3.1, hovudmål 1). Endringane og forbetringane er i ferde med å vise seg, men det er enno langt igjen til at vi kan si at desse våre mest utsette barn får den hjelpa vi som samfunn kan og skal gi.

I tillegg til dei utfordringa vi ser på barnevernsområdet, har vi, ikkje minst etter at vi vart handhevingsmyndigheit i skulemiljøsaker, sett at skular sin kompetanse ikkje strekk til for elevar med psykiske vanskar. Vi ser at skulane sine ambisjonar for samarbeid med spesialisthelsetenesta og for så vidt andre aktuelle fag og kompetansmiljø, er svært varierende. Kva dette skuldast er det nok mange forklaringar til, men at dette er eit tema som må løftast fram i embetet sin dialog med kommunane og andre, det er vi ikkje i tvil om. Dette blir eit prioritert område i 2018.

#### Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse... (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse for arbeidet og erfaringene embetet har gjort seg i det tverretatlige samarbeidsprosjektet med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet for å bedre opplærings situasjonen og skoleresultatene til barn og unge i barnevernet. Herunder bes det om en redegjørelse for status rundt embetets arbeid med informasjon og motivasjon til bruk av veilederen «Samarbeid mellom skole og barnevern – En veileder».

Fylkesmannen i Hordaland v/utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga, har etablert eit samarbeid med regional Bufetat og Hordaland fylkeskommune. Samarbeidet blei etablert for tre år sidan og blir drive av ei arbeidsgruppe som har faste møte om lag 3 gonger kvart semester. Samarbeidet i seg sjølv gjer det lett å ta opp problemstillingar som treng akutt løysing, samstundes som vi har innført faste møte med skuleansvarlege i barnevernsinstitusjonane ein gong kvart halvår.

I 2017 var tema på vår-samlinga skulevegving, med fagfolk frå universitetet i Stavanger og RKBU vest. På slike møte inviterer vi barnevernstilsette, tilsette i skuleadministrasjon i kommunane og tilsette i PPT. Vi erfarte at møtet og tema blei opplevd som sentralt og viktig for målgruppa. Hausten 2017 hadde arbeidsgruppa samling for berre skuleansvarlege i institusjonane. Her drøfta vi rutinar for samarbeid mellom barnevernsinstitusjon og nærskule (grunnskule), og samhandling kring elevar i vidaregåande skule. Utgangspunkt for drøftingane er «Samarbeid skole-barnevern – En veileder».

Vår vurdering etter tilbakemelding frå målgruppa er at skuleansvarlege i barnevernsinstitusjonane er styrka i samhandlinga med elevane og skulane.

Gjennom tilsyn med barnevernsinstitusjonane følgjer vi med på korleis skuletilbodet til barna er i praksis. Sjølv om skuletilbodet for barna er blitt betre, er det framleis fleire som manglar eit tilrettelagt skuletilbod. Særleg gjeld dette for ungdom som har flytta mange gonger, ved akutte flyttingar eller når barna bur kort tid ved ein akuttinstitusjon. Dette arbeider vi med å få tenestene til å finne løysingar for.

#### Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse... (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse for arbeidet og erfaringene embetet har gjort seg i det tverretatlige samarbeidsprosjektet med Arbeids- og velferdsdirektoratet med «Forsøk med NAV-veileder i videregående skoler». Herunder bes det om en redegjørelse av konkrete tiltak i embetet og planer embetet har for det vidare arbeid i fylket.

I styringsgruppa har vi hatt jamlege møter gjennom året. Erfaringar frå prosjektet er delt, mellom anna på ei større samling der hovudtema var barns medverknad og bruk av tvang.

Fylkesmannen meiner at forsøket har tilført elevane støtte og hjelp som går utover det elevtenesta normalt gir, og som kan ha vore avgjerande for elevane sin progresjon og moglegheit for å fullføre skulegangen. Nav-veiledarane erfarer på si side at det er forskjell mellom Nav-kontora korleis det enkelte

Nav-kontor følger opp med konkret hjelp og under dette, korleis dei ulike kontora tolkar lova. Fylkesmannen har følgd opp dette ved å klargjere Nav-kontora sitt ansvar.

Forsøket i Hordaland er inne i sitt tredje år, og det er planlagt å søke om pengar til eit år til. Fylkesmannen vil i 2018 delta i og understøtte arbeidet med forsøket på same måte som i 2017. Utover er det frå styringsgruppa uttrykt eit ønske om å sette ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med modellar for implementering av Nav-rettleiar i vidaregåande skule etter prosjektperioden. Det er per i dag uklårt om eller kva rolle Fylkesmannen vil få i arbeidsgruppa.

### 3.4 Redegjøreelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Embetet har i 2017 hatt eit mindreforbruk på kr. 3 495 000,- på vårt driftskapittel 0525 01. Dette utgjør eit budsjettavvik på 2,6%.

Tildelingsbrev og dei faste lovpålagde oppgåvene inneheld samla sett fleire oppgåver / aktivitetar enn vi har ressursar til. Innanfor alle fagområda må vi gjere prioriteringar og tilpasse oppgaveløysinga til ressursane. Dei viktigaste oppgåvene blir prioriterte. Vi meiner at ressursbruken i 2017 har vore effektiv, og at vi i stor grad har nytta midlane våre i samsvar med oppdragsgjever sine forventningar. Dei årlege reduksjonane i budsjettet knytt til ABE-refoma er merkbare og som følgje av dette må vi gjere justeringar av stillingar og drift. Trass ressursituasjonen har medarbeidarane våre innanfor dei fleste område klart å innfri krava til høg kvalitet og saksbehandlingstid.

Vi har tidlegare meldt tilbake at det er ei betydeleg utfordring for økonomistyringa at ikkje alle midlar vert tildelte i budsjettkap. 0525. Skal Fylkesmannen ha fullt handlingsrom og kunne drive så ressurseffektivt som mogleg, må alle stillingar inn i kap.0525, og dei må vere fullfinansierte når dei vert lagt inn.

#### Ressurssituasjonen innan verjemål:

2017 har vore eit særskilt krevjande år ressursmessig for verjemålsforvaltninga. Vi fekk i fjor eit nedtrekk i budsjettet på om lag 2.5 mill på verjemålsområde. Som ein konsekvens av dette måtte vi nedbemanne med fire stillingar. Vi har ved fleire høve meldt tilbake ei bekymring for ressurssituasjonen for verjemålsforvaltninga. Grunntildelinga er for låg, og vi er underfinansierte sett i lys av saksmengde og sakskompleksitet. Før drifta av verjemåls-oppgåvene blir overført til budsjetttramma på budsjettkap. 0525, er det særskilt viktig at det blir gjort grundig analyse av ressursbehovet og at det vert sikra at oppgåvene vert fullfinansiert. Den knappe ressursituasjonen på område gjer at vi ikkje kan ta administrativ kostnadsdekning i samsvar med retningslinene, dette får igjen konsekvensar for heile drifta av embetet.

Vi har i 2017 hatt eit høgt aktivitetsnivå innanfor alle departement- og resultatområde.

#### Kommentarer til ressursrapporteringa

Den største endringa i ressursrapporteringa sett opp mot 2016 skuldast premieinnbetaling til Statens Pensjonskasse. Differansen i ressursrapporteringa varierer frå år til år og skuldast i stor grad korleis administrative kostnader vert bokført i rekneskapet. Det vil variere kor mykje løn som vert belasta ulike prosjekt utanom kap 0525.01 og kor mykje som blir tatt ut som administrativ kostnadsdekning.

I 2017 fekk vi ekstra midlar til satsing innanfor beredskapsområdet (JD) og innan barnevern (BLD) i hovudtildelinga. Dette viser auka forbruk i ressursrapporteringa.

Det er elles ikkje vesentlege differansar i ressursbruken mellom 2016 og 2017 som ikkje kan forklarast ut frå årlege variasjonar, normal lønns- og prisvekst, vakanse og personalmessige tilhøve.

#### Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2017	Fagdep. 2017	Kapittel 0525, 2016	Fagdep. 2016
Arbeids- og sosialdepartementet	2 856	1 786	3 264	942
Barne- og likestillingsdepartementet	8 087	410	5 168	1 679
Helse- og omsorgsdepartementet	20 081	8 159	17 436	6 034
Justis- og beredskapsdepartementet	5 675	14 525	4 220	13 998
Klima- og miljødepartementet	15 407	3 196	13 326	2 640
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	53 455	1 393	47 715	2 445
Kunnskapsdepartementet	11 169	15 055	9 021	13 300
Landbruks- og matdepartementet	13 332	0	12 304	0
Andre	520	0	373	0
<b>Sum</b>	<b>130 582</b>	<b>44 524</b>	<b>112 827</b>	<b>41 038</b>

### 3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Embetet er styrt ressurseffektivt, med kontinuerleg merksemd og avveging av bruken av ressursar på dei einiskilde områda og oppgåvene. Vi har løyst samfunnsoppdraget med god måloppnåing innanfor dei rammene vi har hatt.

For embetet sitt rekneskapsresultat for alle kapitlar/postar viser vi til årsrekneskapet i kapittel 6.

### 3.6 Andre forhold

#### Apostillestempel på dokument

Arbeidet med apostillesaker vert utført over disk i vårt servicesenter. I 2017 hadde vi 4 862 apostiller til behandling.

#### Innsyn

Vi hadde i fjor totalt 6162 krav om innsyn til behandling. Dette er over 1100 fleire innsynskrav enn det vi hadde i 2016. Krav om innsyn skal behandlast utan ugrunna opphald, og desse sakene krev mykje tid og ressursar i embetet.

## 4 Styring og kontroll i embetet

### 4.1 Redegjøreelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Fylkesmannen har mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Styringa skal vere heilskapleg og tilpassa risiko. Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i leiarmøte og verksemdplan. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. Vi har utarbeidd eit styringshjul som sikrar at vi har god styring og kontroll gjennom året. For å få ei heilskapleg leiing så har det vore viktig å knytte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Fra hausten 2017 har seksjonsleiarane vore invitert til alle leiarmøte. Dette for å sikre at vi i omstillingsprosessen har ein samlande leiing. Dette er ein ordning vil held fram med i 2018.

Med utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta utarbeidd vi verksemdplanar som gir ein samla oversikt over årlege mål og resultatkrav. Verksemdplanen er eit viktig styringsverktøy for den samla aktiviteten i embetet, og ein reiskap for å følgje opp og sikre at oppdraga blir utførte. I samband med verksemdplanarbeidet gjennomfører embetet risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda vert vurdert i samband med gjennomgang av VP. Leiargruppa gjennomfører ein samla risikovurdering i leiarmøte. Det er utarbeidd eigen retningsline for risikostyring i embetet som skal ligge til grunn for arbeidet med verksemdplanen i avdelingane og i embetet.

Vi arbeider i hovudsak med verksemdplanen frå desember til februar, men dette er eit levande dokument som vi endrar underveis i året ved behov. I den årlege prosessen med verksemdplanen blir det lagt opp til tett involvering og deltakelse frå medarbeidarane.

Embetet har god økonomistyring, effektiv saksbehandling og god måloppnåing innanfor alle fagområde. Vi arbeider systematisk med å nytte tildelte ressursar betre og auke produktiviteten. Vi tar i bruk digitale løysingar som tilgjengelege. Sektorovergripande oppgåver skal løysas gjennom samarbeid mellom aktuelle fagavdelingar i embetet. Embetet har stor merksemd på samordning innan og mellom avdelingar, t.d. innan landbruk, plan og helse-, sosial-, barnevern, utdanning og verjemål. Vi viser her m.a. til den interne koordineringa av arbeidet med t.d. barn og unge, tilsyn, planarbeid, folkehelse i plan.

Embetet har hatt følgjande prioriterte fellessatsingar i 2017:

- Barn og unge - prosjekt
- Kompetanseutvikling – med felles kompetanseplan og vidareutvikling av «Fylkesmannsskulen»
- Digitalisering

Vi har eit styringssystem som er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Her har vi ei rekkje skriftlege rutinar, til dømes for delegering, innkjøp, varsling, instruks for økonomiforvaltning, helse, miljø og tryggleiksarbeid og mykje anna. I instruks for økonomiforvaltning har vi innarbeidd gode rutinar for å sikre oss mot mishald, til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar.

Vi har gjennomført fire allmøte i 2017 knytt til samanslåingsprosessen. Vi har samkjørt allmøte med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i høve til innhald og tidspunkt.

#### 4.1.1 Embetets risikostyring

Risikostyring er integrert inn i verksemdplanarbeidet og i leiargruppa sitt arbeid gjennom året. Embetet har rutinar for rapportering om vesentlege risikofaktorar i leiargruppa. Gjennom verksemdplanlegginga og oppfølging av denne, skal risiko for manglande måloppnåing vurderast. Avdelingsdirektørane skal gjennomføre systematiske risikoanalysar innan sine ansvarsområde. Leiargruppa gjennomfører fire gonger i året risikovurderingar på overordna nivå.

Det overordna risikobilde har ikkje vore kritisk i 2017, men vi har tre område kor vi har sett inn tiltak:

- Verjemål
- Tilskotsforvaltning
- Informasjonstryggleik

Embetet har teke i bruk Risk-Manager innanfor modulane dokumentstyring, avvikshåndtering og ROS-analyse.

#### 4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har utarbeidd eit internt styringssystem som inneheld alle interne styringsdokument og våre interne retningsline (internkontroll). Som ein del av systemet er m.a eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette intranett. Vi har tatt i bruk Risk Manager som system for vår internkontroll for informasjonstryggleik og avviksmeldingar.

Vi har utarbeidd ein årsplan for styring og kontroll der det m.a går fram når leiargruppa skal planlegge, ha budsjettoppfølging, risikovurdere, følge opp og rapportere tiltak for å sikre god ressursutnytting og måloppnåing.

Leiinga vurderer at styringssystema samla sett fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i verksemda. I denne vurderinga er det lagt vekt på:

- Embetet sin evne til å nå dei mål og resultat som er sett i virksomhets- og økonomiinstruks og i tildelingsbrev
- Embetet sin evne til effektiv ressursbruk innanfor tildelte midlar
- Økonomistyringa i embetet
- Kontroll med risikomoment og risiko er innanfor aksepterte nivå

Vi har ei sørviserklæring kor vi har definert forventna sakshandsamingstid for dei viktigaste toverretta tenestene mot brukarane.

#### 4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Embetet har over år hatt ei stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Vi har spesialistkompetanse på fleire fagområde, og vi har tilsette som vert nytta i særskilte oppdrag av departement og direktorat. Det er generelt god søking til ledige stillingar, og vi har låg turnover. Vi dreg god nytte av å vere lokalisert i kunnskapsbyen Bergen, både når det gjeld å rekruttere kompetanse til embetet og samstundes å gjere seg nytte av den kompetanse som fins på staden når det gjeld dei mange og betydelege kompetansetilføra. Den største utfordringa når det gjeld rekruttering er knytt til

lønsnivået i embetet. Lønsmessig ligg embetet noko lågare enn ein del andre offentlege verksemdar i Bergen.

Tildelingsbrev og dei faste lovpålagde oppgåvene inneheld samla sett fleire oppgåver enn vi har ressursar til å løyse. På fleire område må vi ut i frå omsyn til kapasiteten gjere stramme prioriteringar, samt forenklingar og effektiviserings tiltak. Vi har også gjort fleire organisatoriske tiltak og endringar dei siste åra med formål å få ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Vi har sidan 2016 hatt eit digitaliseringsprosjekt i embete. Målet for prosjektet er å finne område der digitale verktøy kan effektivisere måten vi løyser oppgåvene våre på. Desse tiltaka har hatt god effekt på resultatet, effektivitet og kvalitet i oppgåveløysinga.

Det område med størst kapasitetsutfordringar i dag er på verjemålsområde. Dette fagområde har vore sterkt underfinansiert og dette har hatt konsekvensar kapasitetsmessig for den øvrige drifta av embetet.

Reduksjon av tildeling dei siste åra knytt til avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma er merkbar og krevje tiltak med justering av talet på stillingar i embetet.

### Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling har i fleire år vore eit prioritert område. Vi har utarbeidd ein kompetansestrategi og kompetanseplan. Vi har hatt eit særskilt fokus på dei nytilsette og vi har etablert "Fylkesmannsskolen" med fleire obligatoriske opplæringstiltak. Dei siste åra har vi satt inn fleire tiltak for å auke den digitale kompetansen og språkkompetansen i embetet. Vi har også tatt i bruk dei e-læringsprogramma som er levert av Difi.

#### 4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Embetet har oversikt over innkjøp og eigendelar innan inventar, IKT-utstyr, embetsbil og nødvendig utstyr.

Samla sett har vi relativt begrensa omfang av materielle eigendelar med vesentleg verdi.

#### 4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte svake punkt eller utfordringar. Embetet har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

#### Status for arbeid med informasjonstryggleik

Embetet har i 2017 halde fram arbeidet med å styrke tryggleiksorganisasjonen med utgangspunkt i Difi sitt opplegg. Fleire styringsdokument har blitt utarbeidd og godkjent og ein har starta arbeidet med å gå gjennom fellessikring og tilleggssikring. I tillegg har embetet, med mål om å styrke tryggleikskulturen, gjennomført ein informasjons- og haldningskampanje i tryggleiksmånaden oktober.

Arbeidet med SAMS, som er eit sjølvutvikla system for handtering av brukarar og tilgangar, har helde fram, og i løpet av 2017 har ein lagt inn tilgangar for andre fagsystem i SAMS og fått desse godkjent av leiarar. Kontinuiteten i arbeidet vert sikra ved at tryggleiksutvalet no i større grad har jamlege møter, og for å ytterlegare setje fokus på informasjonstryggleik vil det verte oppretta ei operativ gruppe med ansvar for området i 2018.

Embetet vil i tillegg ta sikte på å fullføre dei grunnleggjande styringsdokumenta og gjennomgangen av fellessikringa i 2018. I samband med fylkesmannsreforma står FMHO framfor ein samanslåing i 2019, så ein viktig del av informasjonstryggleiksarbeidet vil vere å samkøyre og bli einige om felles styringsdokument og rutinar med FMSF. I tillegg vil det bli ei viktig oppgåve for embetet å vurdere risikoar, både i samanslåingsprosessen og i det nye embetet.

#### 4.2 Rapportering av andre vesentlege forhold knyttet til personmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

##### Likestilling

Menn tener meir enn kvinner i dei fleste stillingskategoriar. Vi finn ikkje systematiske skilnader i lønnsfastsetting ved oppstart eller i lokale forhandlingar, så ein mogleg forklaring er at vi rekrutterer inn mange unge kvinner - som dermed vert lønna under gjennomsnittet for alle tilsette. Av tal på leiarar i øvste leiargruppe ser vi ein overvekt av kvinner, medan det i mellomleiararsjiktet (seksjonsleiarar og underdirektørar med personalansvar) er ein svak overvekt av menn. Dette er tilhøve som svingar - og det er ikkje teikn til at grupper er systematisk under- eller overrepresenterte.

Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born. Vi ser og at vi har stor overvekt av kvinner blant mellombels tilsette.

##### Inkluderande arbeidsliv

Fylkesmannen har som mål å vere ein arbeidsplass som tek vare på sine tilsette og gir moglegheiter for dei som står utanfor arbeidslivet. Vi har som prinsipp at vi skal minimum ha to praksisplassar årleg. Desse praksisplassane er aktuelle både for dei som står utanfor arbeidslivet grunna sjukdom og redusert arbeidsevne og for dei som treng arbeids- og språktrening i integreringsøyemed. I 2017 hadde vi totalt fire personar inne på arbeidstrening/praksisplass. Fleire av dei som har vore på arbeidstrening får tilbod om stillingar hos Fylkesmannen i ettertid. Gjennomsnittleg pensjoneringsalder hos Fylkesmannen i Hordaland er 66,5 år. Vi ser ikkje behov for målretta tiltak for å forhøye dette snittet, men legg opp til individuell tilrettelegging for seniorar.

##### Sjukefråvær

Fylkesmannen i Hordaland har eit jamnt over lågt sjukefråvær, med nokre mindre svingingar. For 2017 var samla sjukefråvær på fire prosent noko som er godt under målsettinga vår om at sjukefråværet ikkje skal overstige fem prosent. Gjennom året har Fylkesmannen i Hordaland arbeidd aktivt for å halde sjukefråværet nede. Embetet har hatt særleg fokus på førebyggjande tiltak knytt til muskel og skjelettplager - noko som ser ut til å ha hatt effekt. Dette arbeidet har vore gjort i samarbeid med vernetenesta. I 2017 har sjukefråværet vore relativt jamnt fordelt mellom kvinnelege og mannlige tilsette.

Fylkesmannen i Hordaland strekker seg langt for å tilrettelegge for medarbeidarar som er sjukmelde - eller som står i fare for å verte sjukmelde.

##### HMS

For 2017 hadde embetet målretta tiltak retta mot fysisk arbeidsmiljø og ergonomi. Dette var delvis ein strategi for å motverke vidare auke i sjukefråværet, og tiltaka vart gjennomførte i samarbeid med verneteneste, bedriftshelseteneste, Nav og bedriftsidrettslag. Vi har hatt tiltak som går på fysisk aktivitet, kosthaldsrettleiing og utbetring av kontorarbeidsplassar. Dette ser samla ut til å ha bidrege til lågare sjukefråvær i 2017.

Embetet gjennomførte og vernerunde i 2017, og alle leiarar har gått systematisk gjennom HMS på eiga avdeling - gjennom årleg sjekkliste for HMS. Her vart det og gjort ei forenkla risikovurdering.

### **Miljøtiltak**

Fylkesmannen i Hordaland er miljøfyrtårnsertifisert og må til ei kvar tid tilfredstille relevante bransjekrav innan aktuelle HMTområde. Det inneber m.a å gjennomføre konkrete tiltak for å oppfylle interne miljømål:

- tenkje miljø i kvardagen på alle område
- avfall: kjeldesortere
- papir: redusere bruk av utskriftar
- energi: skru ned temperatur, sløkk lys og slå av PC
- auke bruk av videokonferanse/skype
- transport: reduser jobbreise, til dømes med videokonferanse og ved å velje ein miljøvenleg reisemåte
- innkjøp: gjere miljøvenlege innkjøp

Embetet har ei målsetning om å redusere talet på tenestereiser. Alle tenestereiser skal gjennomførast på billegaste og raskaste måte, og mest mogleg trygt og miljøvenleg.

Vi er med i "Klimapartnerar Hordaland" som er Noregs største offentlege og private nettverk for systematisk klimaarbeid. Ved å vere med i dette nettverket forpliktar vi oss til å tenkje klimaavtrykk, vere miljøfyrtårnsertifisert og lage planar for å redusere utslipp av klimagass. Vi følgjer opp handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Med dette set vi krav til leverandørane våre om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eiga handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

I Statens Hus har vi inngått samarbeid med huseigar Entra Eigendom AS om miljøeingsystem. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Det svarer til 15 prosent avenergiforbruket i bygget. Det er sett i verk tiltak for energisparing knytte til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar.

### **Innkjøp**

Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har utarbeidd innkjøpsstrategi, tenlege rutinar og støttesystem som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket for innkjøp. Vi har i fleire år hatt innkjøpsavtale med Bergen kommune om reiser, kontorrekvisita, kontormøblar og hotell/konferanseavtale. Desse avtalane vil bli avslutta når vi kan ta ibruk statlege fellesavtalar som vert inngått av Statens innkjøpssenter.

## 5 Vurdering av framtidsutsikter

### 5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

#### Økonomi

Som nemnt under kap. 1.1. gjør det seg gjeldende merkbarere virkninger av effektivitets- og avbyråkartiseringsreforma. Til no kan det ikkje seiast at reforma har gått ut over avviklinga av oppgåvene i embetsoppdraget. Embetet er også av den oppfatninga at det bør vere effektivitetsgevinstar i samband med samanslåinga med embetet i Sogn og Fjordane. Kva gevinstar det kan vere tale om, er vanskelig å identifisere no. Det vil vi først få oversikt over når det er identifisert og teke avgjerd i kva oppgåver det nye embetet skal ha, og på kva måtar desse oppgåvene skal løysast, samstundes som det vert fastsett ein bemanningsplan tilpassa desse oppgåvene og oppgåveløysingane.

I høyringsuttalen vår av 24.10.2017 til ny budsjettfordelingsmodell for fylkesmennene, var vi samde i det som gjekk fra av høyringsmodellen om at «at det er lagt vekt på at modellen skal gi en rettferdig og føreseieleg fordeling av budsjettmidlar, og samtidig gi et insitament til effektivisering». Vi kunne derimot ikkje sjå at det reflekterte seg i modellforslaget, der store skilnader mellom embeta var ubegrunna. Slik vi vurderte det er det forslaget om ei grunntildeling som var den viktigaste årsaka til skeivfordelinga. Og vi meiner framleis at det utgjer ein systemsvikt i modellen. Med ein slik svakt begrunna modell, er det eit uvissmoment for oss kva den økonomiske ramme vil vere for det nye embetet frå 1.1.2019. Det skapar vanskar for oppgaveplanlegginga vår. Dersom ny budsjettfordelingsmodell gir stor avvik frå dagens finansiering, reknar vi med at det blir etablert fornuftige overgangsordningar.

Det hefter også uvisse på kva måte kravet arealeffektivisering i embetet vil bli gjennomført på. Fylkesmannen i Hordaland tar utgangspunkt i den eventuelle situasjonen at husleigerefusjonen frå 01.01.2019 vil ha statens nye arealnormer som føresetnad. På den bakgrunn har vi alt no sett i gang eit omfattande arbeid med arealeffektivisering i Statens hus, Bergen, med sikte m.a. å oppnå dei generelle arealnormene i staten. Uansett vil det vere ønskeleg med overgangsordningar også her, f.eks med eit system der husleigerefusjonen vert nedtrappa etter eit incentivsystem.

#### Fylkesmannssamanslåinga

Vi viser til tidlegare omtale. Vi har i embetet heile tida vore positive til vedtaket om at fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane skulle slåast saman. Grunnen til det er at ein kan sjå føre seg fleire former for gevinstar, m.a. effektivitet, nye og meir tilpassa organisasjonsformer og større rettstryggleik og – likskap i det nye fylket.

Som tidlegare nemnt, meiner vi at ei slik samanslåing må ha høve til innsparingar i seg. Det blir det viktig å ha konsentrasjon om i tida framover. Det vil òg ha samanheng med kva oppgåver og på kva måtar embetet skal løysa oppgåvene sine på etter samanslåinga. Det vil vere arbeids- og ressurskrevjande å foreta denne vurderinga i 2018, slik at organisasjonen er budd på å løyse embetsoppgåvene i den nye embetet frå 1.1.2019, basert på det som vi meiner vil vere den beste praksisen å legge til grunn i framtida.

Eit anna forhold som vil skape uvisse for oss inntil saka er avgjort, er etableringa av Fylkesmennenes Fellesadministrasjon (FMFA). Bemannings- og ressursdimensjoneringa, dvs, kva og omfanget av oppgåver som skal overførast FMFA vil vere usikkert langt inn i 2018. Vi er likevel nøgde med at iverksettinga av FMFA skal skje frå 01.01.2019, samstundes med embetssamanslåingane.

#### Samordning – ytre samarbeidspartar

Regional stat har vore og er i stor endringar, t.d.: oppretting av FMFA, tilpassing av NAVs regionstruktur (frå 19 til tolv regionar), landsdekkande resultattingar i Skatteetaten, NVE flyttar stillingar frå hovudkontor til regionkontor, Kriminalomsorga vurderer å gå frå to til tre forvaltningsnivå og Husbankens organisering er vurdert, med vurdering av færre regionar. Det betyr at fylkesmennenes samarbeidslandskap er i stor endring. Det vil ha stor betydning for samarbeidsrelasjonane våre i tida som kjem, der vi vil måtte utvikle nye samarbeidsmønstre.

Vi har i avsnittet over omtalt arealeffektiviseringa i Statens hus med omsyn til økonomiske virknader. Ei anna årsak til at embetet har sett i verk eit slikt arbeid, er å rydde plass for øvrige statsetatar i Statens hus. Det vil lette samarbeidsforholda og legge tilhøva til rette for ein meir samordna stat. Døme på det er når Statens kartverk flyttar inn 1.mars 2018. Ettersom hovudsetet for det nye fylkesmannsembetet er bestemt å vere i Leikanger, er det eit sjølvstendig poeng å styrke Statens hus i Bergen, der fylkesmannsembete, med Bergen kommunen og kommunens omegnskommunar, skal tene om lag 400 000 innbyggjarar. Arbeidet med t.d. motsegnprosjekt, intergrering av flyktingar, byvekstavtalar fordrar ein koordinert stat. Det er det lettare å lukkas med ved ei geografisk samlokalisering av aktuelle statlege samarbeidspartar.

#### Byvekstavtalar

Vi viser til omtale av det under kap. 1. 2. I 2018 vil dette arbeide halde fram med reforhandling av avtalen melleom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og staten. Det skal også vurderast om omkringliggende kommunar til Bergen skal bli ein del av den reforhandla avtalen. Fylkesmannen er i ny organisasjonsmodell tenkt være deltakar i forhandlingsutvalet, mot til nå åha vore observator. Embetsleiinga har til no engasjert seg sterkt i arbeidet. Det vil halde fram, og tilrettelegging av arealdimensjonen i ny avtale for fleire kommunar vil bli krevjande – innhalds- og ressursmessig.

#### Handhevingssaker (mobbesaker) etter opplæringslova § 9A 4

Vi viser til tidlegare omtale av denne oppgåva tidlegare i rapporten. Dette er ein førstelinjeoppgåve Fylkesmannen har fått, der det har vore uvisse kva omfang denne oppgåva vil få. Hordaland er eit stort skulefylke, og talet pådesse saken ligg høgt i fylket. Det kan sjåast som positiv. Det kan tyde på at systemet er kjent både blant elevar, foreldre, skuleeigarar og skular. Vi vere ei nuvissfaktor om det framleis vil bli auke på talet i desse saken. Dersom det skjer, vil vi få ressursmessige utfordringar. Til no har vi greidd å møte desse utfordringane.

#### Kriseberedskap innan barnevernet

Vi viser til tidlegare omtale av denne oppgåva under kap. 1.2. 2017 har vore ein prosjektperiode, og trur at det i 2018 vil bli etablert ein kriseberedskap for barnevernet for alle kommunane i barnevernet. Det har til nov ore lite tilfredsstillande i nokr kommunar. I etableringa av ei slim, ordning vil Fylkesmannen nytte skjønsmidlar.

#### Verjemål

Utviklinga på verjemålsområdet uroar oss framleis. Vi er ressursmessig dimensjonert til å handtere langt færre verjemål enn det vi har i dag, nærare 6000 verjemål, med ein forvaltningskapital på godt over to milliardar kroner. Dersom ressursstiasjone forblir uendra, ser vi for oss at vi i framtida må



prioritere haradare. Det kan ha konsekvensar for kvalitetet, dvs rettstryggleiken, for dei som er avhengige av Fylkesmannens tenester.

#### **Planlegging i sjø**

Som i 2016 har vi også i 2017 stått ovanfor store utfordringar når det gjeld planlegging i sjå, særleg når det gjeld etablering/ending av oppdrettsanlegg. Vi viser til det vi har skreve i årsrapporten for 2016.

Det har lenge vore annonsert ein arealplanleggar frå KMD for sjøareal. Her oppstår det ei rekkje uavklåra spørsmål, m.a. tilhøvet mellom ulike lovverk, m som vi ventar finn si avklåring i ein slik planleggjar. Arbeidet har vore i gong i lang tid, utan at vi veit når dette arbeidet vert ferdig. For å lette arbeidet vårt på denne området, er det eit sterkt ønske at ein slik planleggar ligg føre så snart som mogeleg .

#### **5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt**

Vi har i kap. 5.1 skildra forhold som blir dekte i kap 5.1 og 5.2, og føyer ikkje noko til her.

#### **5.3 Andre forhold**

Med tilvisning til det som er kommentert i kap. 5.1 har vi ingen ytterlegare kommentarar her.

**6 Årsregnskap**

[Årsregnskap for Hordaland.pdf](#)



FYLKESMANNEN I HORDALAND

Org. nr.: 974760665

## Riksrevisjonens beretning

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Fylkesmannen i Hordalands årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at kr 787 578 532 er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Fylkesmannen i Hordalands årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen. Det er ingenting å rapportere i så måte.

#### Ledelsen og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er

nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter**

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

### **Uttalelse om øvrige forhold**

#### **Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring**

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for

uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 27.04.2018

Etter fullmakt

Erna Jørgensen Lea  
ekspedisjonssjef

Kari Kay  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*